



KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

Aukra, 9.juni 2020

Til medlemmane i kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

MØTE NR.: 3/20
TID: 16.06.2020 kl. 09:30
STED: Fjernmøte, (Teams)

SAKSLISTE:

UTV. SAKSNR.	TITTEL
PS 17/20	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 12.MAI 2020
PS 18/20	REFERAT OG ORIENTERINGAR
PS 19/20	FINANSRAPPORT PR. 30.04.2020 – AUKRA KOMMUNE
PS 20/20	ØKONOMIRAPPORT PR. 30.04.2020 – AUKRA KOMMUNE
PS 21/20	BUDSJETTKORRIGERINGAR PR. 30.04.2020 – AUKRA KOMMUNE
PS 22/20	RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING AV AUKRA KOMMUNE SI VERKSEMD OG VERKSEMD I SELSKAP - SOM GRUNNLAG FOR PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2020-2023 – 2.DIALOGMØTE MED REVISJONEN
PS 23/20	RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING AV AUKRA KOMMUNE SINE EIGARSKAP - SOM GRUNNLAG FOR PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2020-2023 - 2.DIALOGMØTE MED REVISJONEN
PS 24/20	OPPFØLGINGSLISTE

Møtet vil, som ei følge av restriksjonar i samband med Covid-19 viruset, foregå som fjernmøte i Teams. Dette er regulert i midlertidig forskrift om gjennomføring av fjernmøter i folkevalgte organer i kommuner og fylkeskommuner for å begrense spredning av Covid-19: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2020-03-13-277?q=fjernmøte>
Lenke til møte i Teams vi bli sendt medlemmane og møtedeltakarane saman møteinnkallinga.

Dersom det er saker kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i seinare møte, kan dette gjerast under **Eventuelt**.

Eventuelle forfall vert å melde på tlf. 71 11 14 52, evt. mobil 99160260.
E-post: sveinung.talberg@kontrollutvalgromsdal.no

Varamedlemmer vert innkallt etter behov.

Oddvar Hoksnes (s)
leiar

Sveinung Talberg (s)
rådgjevar

Kopi:
Ordførar
Kommunedirektør
Møre og Romsdal Revisjon



Saksframlegg

Utvasssaksnr	Utval	Møtedato
PS 17/20	Kontrollutvalet	16.06.2020

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 12.MAI 2020

Sekretariatet si tilråding

Protokollen frå møte 12.mai 2020 vert godkjend.

Til å signere protokollen frå 12.mai 2020 vert valt:

1.
2.

Bakgrunn for saka

Vedlagt følgjer protokollen frå førre møte. Protokollen er tidlegare utsendt.
Det er ikkje kome merknader til protokollen.

Protokollen vert formelt godkjent i dette møte samtidig som det vert valt to medlemmer til å signere protokollen.

Sveinung Talberg
Rådgevar



KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Møte nr:	2/20
Møtedato:	12.05.2020
Tid:	Kl. 09.30 – kl. 12.00
Møtestad:	Fjernmøte i Teams
Sak nr:	11/20 – 14/20
Møteleiar:	Oddvar Hoksnes, leiar (Krf)
Møtande medlemmer:	Oddbjørg Sporsheim, nestleiar (V) Kristian Onsøyen (Sp) Grant Solem (Frp) Anita Hoøy Rekkavik (Ap)
Forfall:	Ingen
Ikkje møtt:	Ingen
Møtande vara:	Ingen
Frå sekretariatet:	Sveinung Talberg, rådgjevar
Frå revisjonen:	Lillian Reder Kristoffersen, forvaltningsrevisor
Av øvrige møtte:	Odd Jørgen Nilssen, ordførar Ingrid Husøy Rimstad, kommunedirektør Aaslaug Søreide, servicesjef (sak 13/20 informasjonssikkerheit)

Leiaren ønska velkommen og leia møtet. Det framkom ingen merknader til innkalling og sakliste. Innkalling og sakliste vart godkjent.

Under handsaming av sak 14/20 om «Henvending til kontrollutvalet v/leiar» ba Oddbjørg Sporsheim om at hennar habilitet vart vurdert då ho er svigerinne til ein av partane i saka. Forvaltningslova § 6, 1.ledd bokstav b). Grant Solem ba også om at hans habilitet var vurdert då han har eit firma som har ytt tenester i saka til ein av partane. Forvaltningslova § 6, 1.ledd bokstav a) og e), 2. Oddbjørg Sporsheim og Grant Solem trådte til side under handsaming av habilitetsspørsmålet. Kontrollutvalet vedtok einstemmig at Oddbjørg Sporsheim og Grant Solem var inhabil i å handsame saka.

TIL HANDSAMING:

UTV. SAKSNR.	TITTEL
PS 11/20	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 18.FEBRUAR 2020
PS 12/20	REFERAT OG ORIENTERINGAR
PS 13/20	OPPFØLGINGSLISTE
PS 14/20	EVENTUELT

Kontrollutvalet sitt vedtak

Protokollen frå møte 18.februar 2020 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1. Oddvar Hoksnes
2. Oddbjørg Sporsheim

Kontrollutvalet si handsaming

Leiar hadde spørsmål til sekretariatet om selskapsgjennomgangen av RIR i sak 05/20. Sekretær svara at dette vil bli framlagt i neste møte i samband med at ein vil ha ein dialog med revisjonen i arbeidet som pågår med analyse og risikovurdering for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Leiar fremma forslag om at protokollen frå møtet 18.februar 2020 vert godkjent og at Oddvar Hoksnes og Oddbjørg Sporsheim blir valt til å underskrive protokollen.

Kontrollutvalet fatta einstemmig vedtak i samsvar med framlegg framsett i møtet av leiar. (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding:

Protokollen frå møte 18.februar 2020 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1.
2.

Kontrollutvalet sitt vedtak

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming**Referatsaker:**

- RS 15/20 **PS 11/20 - Melding om ferdig planprosjekt: Forvaltning av leplantefelt på Gossen og Oversiktsplan, forvaltning og drift av Aukraskogen**
Protokoll frå Aukra kommunestyre 04.03.2020 (vedlagt)
- RS 16/20 **PS 13/20 Organisering av Tøndergård skole og ressurscenter**
Protokoll frå Aukra kommunestyre 04.03.2020 (vedlagt)
- RS 17/20 **PS 14/20 Opplysning av Møre og Romsdal revisjon IKS, og etablering av Møre og Romsdal revisjon SA**
Protokoll frå Aukra kommunestyre 04.03.2020 (vedlagt)

- RS 18/20 **PS 15/20 Plan for kontrollutvalet si verksemd 2020-2023**
Særutskrift frå Aukra kommunestyre 04.03.2020 (vedlagt)
- RS 19/20 **PS 21/20 Høyring: Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og velferdsgoder i Aukra kommune**
Protokoll frå Aukra kommunestyre 02.04.2020 (vedlagt)
- RS 20/20 **Årsrapport for 2019 - Skatteoppkreveren i Aukra kommune** (vedlagt)
- RS 21/20 **Kontrollrapport frå Skatteetaten - vedkomande skatteoppkrevjaren for Aukra kommune** (vedlagt)
- RS 22/20 **Informasjonsskriv nr. 6/2020 fra NKRF – uttalelser og rapporter fra revisor**
(vedlagt)
- RS 23/20 **Protokoll frå møte 02.03.20 i styret for kontrollutvalgssekertariatet for Romsdal**
(vedlagt)
- RS 24/20 **Protokoll frå møte 01.04.20 i styret for kontrollutvalgssekertariatet for Romsdal**
(vedlagt)

Orienteringssaker:

- OS 05/20 **RS 10/20 - Møteprotokoll kontrollutvalet 18.02.2020**
Protokoll frå Aukra kommunestyre 06.03.2020 (vedlagt)
- OS 06/20 **Oversendt Aukra kommunestyre 23.04.20 – orienteringar frå kontrollutvalet**
(vedlagt)
- OS 07/20 **Orientering om kontrollutvalet og sekretariatet si verksemd og rolle**
Sekretær gjorde greie for kontrollutvalet og sekretariatet si verksemd og rolle i møta og mellom møta. Vidare informasjon om roller og oppgåver vert det gjort greie for i møtet 16.06.20 som ledd i opplæring og informasjon for kontrollutvalet som vart starta 18.11.2019.

Sekretær gjorde greie i sakene og orienterte.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

PS 13/20	OPPFØLGINGSLISTE
-----------------	-------------------------

Kontrollutvalet sitt vedtak

Følgjande saker vert teke vekk frå oppfølgingslista:

- Grunnskoleområdet
- Innspel frå pårørande foreininga ved Aukra Omsorgssenter

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

Oppfølging av politiske vedtak

Kontrollutvalet ønskjer å få framlagt oversikt over politiske vedtak som av ulike årsaker ikkje er vorte satt i verk innan rimeleg tid. Oversikta skal gjere greie for vedtak fatta av politiske utval med avgjerdsmynde. Hensikta med å få ei slik oppstilling er å sjå til at administrasjonen sett i verk og gjennomfører vedtak som er gjort. Kontrollutvalet har oppmoda om at ei slik oversikt vert lagt inn i tertialrapporteringa til kommunestyret, rådmannen har valt å ikkje følgje opp denne oppmodinga.

12.05.20: Kontrollutvalet registrerer i referatsak 15/20 at kommunestyret i møte 04.03.2020 i sak 11/20 har handsama melding om ferdig planprosjekt forvaltning av leplantefelt på Gossen og oversiktsplan, forvaltning og drift av Aukraskogen. Kontrollutvalet ønskjer å følgje opp korleis kommunedirektøren følgjer opp pkt. 2 og 3 i kommunestyret sitt vedtak.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU)

Kontrollutvalet har merka seg i Aukra kommune sin årsrapport for 2016 at AMU i 2016 ikkje hadde gjennomført møter. Etter arbeidsmiljølova skal kommunen ha eit slikt utval. Arbeidsmiljølova gjev reglar for kva type saker AMU skal behandle. På bakgrunn av dette ønskjer kontrollutvalet å følgje opp korleis arbeidet i arbeidsmiljøutvalet fungerer.

12.05.20: Kontrollutvalet vedtok i sak 02/20 at kontrollutvalet ikkje lenger ser behov for at utvalet handsamar sakene i AMU som referatsaker, men at utvalet sine medlemmer får tilsendt møtedokumenta i AMU når kommunen sender ut sine møtedokument. Kontrollutvalssekretariatet sender møtedokumenta til utvalet. Dette gjeld møteinnkalling med saksframlegg og protokollane. Kontrollutvalet har fått oversendt protokoll frå AMU sitt møte 12.02.2020 den 06.05.2020.

Barnevernstenester

Barnevernstenesta er ei interkommunal teneste for Molde, Midsund, Aukra og Eide kommunar, med Molde kommune som vertskommune.

Kontrollutvalet vart i møte 3.5.2017 gjort kjent med foreløpige KOSTRA-tal 2016, som viser at Aukra kommune har mange fristbrot. Det har også dei andre kommunane som er med i barnevernssamarbeidet. Sidan dette er 2016-tal, ønskjer kontrollutvalet ei oppdatering frå administrasjon om situasjonen når det gjeld barnevern.

Tertialrapport 1. tertial 2017 viser at behov for fleire barnevernstiltak fører til ei auke i utgifter på 3 742 000.- frå 4 038 000.- til 7 780000.-, dvs. nesten 100 % auke.

12.05.2020: Inga statusending.

Grunnskoleområdet

Kontrollutvalet fekk i 2016 framlagt tilsynsrapporten «Skolen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa, Aukra kommune – Gossen barne- og ungdomsskole» Tilsynet viste (3 avvik). Kontrollutvalet ønskjer årleg å få framlagt kommunen sin tilstandsrapport for grunnskoleområdet, for å følgje med på utvikling på området.

12.05.2020: Kontrollutvalet vil gjennom den årlege statusrapporten frå skule og barnehage presentert som referat og orienteringssak, følgje opp grunnskuleområdet gjennom dette og avsluttar med det saka på oppfølgingslista.

Omstillingsprosessen i omsorgstenestene i Aukra kommune

Fylkeslegen hadde i 2016 tilsyn og avdekt følgjande; Avvik 1: Aukra kommune sikrar ikkje at tilsette har nødvendig kunnskap om pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 4A. Avvik 2: Aukra kommune sikrar ikkje at helsehjelp til pasientar i sjukeheim blir vurdert i tråd med reglane i pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 4A. Tidlegare forvaltningsrevisjonsrapport «Kvalitet i sykehjemstjenster i Aukra kommune» avdekte også utfordringar med å sikre tilstrekkeleg bemanning og kompetanse ved Aukraheimen. I 2017 har det vore uro knytt til ny arbeidstidsordning ved Aukraheimen og i 2018 skal det nye omsorgssenteret takast i bruk. Utvalet ynskjer difor å følgje utviklinga.

12.05.2020: Kontrollutvalet registrerer at Administrasjonsutvalet følgjer opp situasjonen ved omsorgssenteret tett. Utvalet følgjer med på dette arbeidet. Kontrollutvalet drøfta eit verksemdsbesøk hos Aukra omsorgssenter. Ein vurderer fortløpande anten eit verksemdsbesøk når restriksjonane i samband med Covid-19 tillet det, eller at ein tek inn verksemdsleiar med fleire til ei orientering i møte.

Informasjonssikkerheit

Kontrollutvalet ønskjer å følgje temaet informasjonssikkerheit vidare, då dette generelt vert opplevd som eit risikoområde med det fokus som er på digitalisering i kommunane. Kommunen har etter at forvaltningsrevisjonsprosjekt på området vart gjennomført i 2015 utarbeidd rutinar og retningslinjer, som kontrollutvalet ønskjer å følgje opp at vert implementert i heile organisasjonen. Kommunane står og føre store utfordringar med innføring av ny personvernforordning (GDPR).

12.05.2020: Kontrollutvalet fekk ein statusrapport frå kommunedirektøren v/Aaslaug Søreide i møtet. Ein har eit prosjekt og program for implementering i regi av ROR-IKT. Det som i dag ikkje er på plass av rutiner og retningslinjer i Aukra kommune, vil kome på plass gjennom prosjektet. Anita Hoøy Rekkavik registrerer at internkontroll ikkje er på plass og spurte om når dette er venta på plass. Aaslaug Søreide svara at prosjektet vil ta hand om dette, men generelt kan ein seie at små prosjekt vert køyrd i eigen kommune. Oddvar Hoksnes spurde om prosjektet er ajour i henhald til plan. Aaslaug Søreide svara at ein ikkje er ajour i henhald til tidsplana som vart presentert kontrollutvalet i sist orientering.

Presentasjonen er oversendt sekretariatet som i samråd med utvalet vil kome med eventuelle utdjupande spørsmål til eit seinare møte.

Forvaltningsrevisjonsrapport «Offentlige anskaffelser i Aukra kommune»

Kontrollutvalet behandla i møte 15.3.2018 sak 10/18 Forvaltningsrevisjonsrapport «Offentlige anskaffelser i Aukra kommune». Kontrollutvalet innstilte til kommunestyret som behandla saka i møte 17.4.2018 i k-sak 29/18.

Tilrådingane var knytt til følgjande områder:

- Tiltak for etterleving av regelverket
- Anskaffingar etter regelverket
- Bruk av rammeavtalar
- Organisering av området

Kommunestyret bad rådmannen om å syte for at tilrådingane blir følgt og påsjå at arbeidet vert gjennomført.

Kommunestyret bad rådmannen om å gje kontrollutvalet ein skriftleg plan for oppfølging av tilrådingane, slik at planen kunne behandlast i kontrollutvalet sitt møte 14. juni 2018.

12.05.2020: Kontrollutvalet har orientert kommunestyret i møte 07.05.20 om kontrollutvalet si handsaming i møte 18.02.20. I brev av 23.04.2020 til kommunestyret uttrykker kontrollutvalet bekymring for framdrifta med oppfølging av

anbefalingane og ønskjer å underrette kommunestyret om dette. Kontrollutvalet følgjer saka vidare i høve oppfølging av anbefalingane.

Innspel frå pårørandeforeininga ved Aukra Omsorgssenter

Utvalet har blitt kontakta av leiar i pårørandeforeininga med ynskje om å få orientere kontrollutvalet om saker som dei har tatt opp /arbeider med i foreininga.

18.11.19: Leiar i pårørandeforeininga ved Aukra Omsorgssenter, Oddny Elin Ilestad orienterte utvalet i møte 06.05.19 jf. Sak OS 10/19. Kontrollutvalet vil følgje med på samarbeidet mellom pårørandeforeininga og administrasjonen. Kontrollutvalet stiller i dagens møte spørsmål ved om kommuneadministrasjonen møter på møter i pårørandeforeininga? Er det blitt sendt skriftlege henvendingar frå pårørandeforeininga til kommunen på saker? Har pårørandeforeininga sendt skriftlege klager til kommunen?

12.05.2020: Kontrollutvalet vart i møtet 18.02.2020 orientert om status frå einingsleiar institusjonstenester. Det er avvika eitt opent pårørandemøte hittil i år. Etter nyval har det ikkje vore møte. Det er ikkje motteke skriftlege klager frå pårørandeforeininga. Det vart spurt om avvik, avviksmengd og handtering. Det vart svara at Pleie og omsorg står for 50-70 % av alle avvik i kommunen. Det er ulike typer avvik. Statlege tilsyn har fokus på avvik og avvikshandtering. Avvik blir løyst på lågaste nivå. Avvik blir brukt til noko positivt. Oddbjørg Sporsheim foreslo at saka vart tatt vekk frå oppfølgingslista og at momenta i denne saka vert ført vidare inn i sak om oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten «Brukermedvirkning i pleie og omsorg». Utvalet slutta seg til Oddbjørg Sporsheim sitt forslag.

Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten «Brukermedvirkning i pleie og omsorg»

Forvaltningsrevisjonsrapporten Brukermedvirkning pleie og omsorg Aukra kommune, vart oversendt kontrollutvalet i Aukra datert 6.9.2019. Kontrollutvalet handsama rapporten i møte 25.09.2019, sak 23/19 og sendte si innstilling til vedtak til kommunestyret som handsama rapporten i møte 19.11.19, sak 83/19. Kommunestyret slutta seg til kontrollutvales innstilling og anbefalingar. Kommunediretøren gjorde greie for oppfølging av anbefalingane i møte 18.02.2020.

12.05.2020: Kontrollutvalet syner til Oddbjørg Sporsheim sitt framlegg til forslag i saka Innspel frå pårørandeforeininga og føyer til tema og spørsmål i den saka til oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten. Kommunediretøren orienterte om at ein er litt forseinka i høve plan for oppfølging grunna Covid-19. Ein er også kjent med at Fylkesmannen har sette varsla tilsyn på vent inntil vidare grunna Covid-19.

Kontrollutvalet si handsaming

Utvalet gjekk i gjennom sakene i oppfølgingslista og fekk ei oppdatering frå kommunediretør.

Det vart frå leiar fremma forslag om at Følgjande saker vert teke vekk frå oppfølgingslista:

- Grunnskoleområdet
- Innspel frå pårørandeforeininga ved Aukra Omsorgssenter

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med forslag framsett i møte frå leiar.
(5 voterande)

Sekretariatet si tilråding til vedtak

Følgjande sak vert ført opp på oppfølgingslista:

Følgjande sak får endra status på oppfølgingslista:.....

Følgjande sak vert avslutta på oppfølgingslista:

PS 14/20	EVENTUELT
----------	-----------

1. Forum for kontroll og tilsyn (FKT) si fagkonferanse og årsmøte 3.6.-4.6.20

Kvart år arrangerer FKT fagkonferanse for kontrollutval og deira sekretariat der ein set søkelyset på saker og problemstillingar som er aktuelle for kommunale kontrollutval.

Årsmøtet vert avholdt i samband med fagkonferansen om ettermiddagen 3. juni.

Kontrollutvalet si handsaming i møte 18.02.2020

Kontrollutvalet i Aukra kommune deltek på FKT sin fagkonferanse med følgjande deltakarar:

1. Grant Solem
 2. Anita Hoøy Rekkavik.
- Reserve: Kristian Onsøyen.

Kontrollutvalssekretariatet sørgjer for påmelding.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (4 voterande)

Ny handsaming i møte 12.05.2020

Frå FKT er det den 04.05.2020 kome melding om at fagkonferansen er avlyst grunna regjeringa sine restriksjonar i samband med Covid-19. Imidlertid vil årsmøtet 2020 avhaldast som digitalt årsmøte 3. juni kl. 16.30. Kontrollutvalsleiarane og leiarane for sekretariata vil motta innkalling på e-post seinest 14. dagar før. Dei vil også motta informasjon om praktiske forhold ved sjølve møtet. Det er kun medlemmar i FKT som har tale-, forslags- og stemmerett (ei stemme per kontrollutval eller sekretariat). Medlemmene velgjer sjølv kven som skal vere representert på årsmøtet.

Aukra kommune er medlem i FKT og representere med 1 stemme på årsmøtet.

Kontrollutvalet i Aukra kan no velje ein representant og vara til å møte på årsmøtet.

Kontrollutvalet si handsaming og vedtak

Leiar fremma forslag om at Grant Solem vert Aukra kommune sin representant på FKT sitt årsmøte med Anita Hoøy Rekkavik som varamedlem.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med forslag framsatt i møte frå leiar. (5 voterande)

2. Henvending til kontrollutvalet v/leiar

Kontrollutvalet sin leiar og sekretær var etter møtet 18.11.2019 på besøk hos eigarane og tiltakshavarane av gnr. 10/19 i Juvikvegen 47 etter at dette var klarert med kontrollutvalet i møtet. Der vart det gjennomgått dokumentasjon i ei byggesak mellom tiltakshavarane og Aukra kommune. På bakgrunn av denne gjennomgangen ba leiar om at sekretær fekk innsyn i saksdokumenta hos Aukra kommune. Sekretær henvendte seg i epost 9.12.2019 til Aukra kommune der kontrollutvalet ber om innsyn i alle dokument i sak 2017/269 som angår gnr. 10 bnr. 19. Aukra kommune svarte den 11.12.2019 der dei oversendte all dokumentasjon dei har registrert i saka. På bakgrunn av sekretæren sin gjennomgang av denne dokumentasjonen, hadde sekretæren nokre spørsmål i saka. Desse vart oversendt Aukra kommune 11.12.2019. Den 24.01.2020 svarar sakshandsamar på spørsmål i epost. Den 08.01.2020 henvender tiltakshavarane seg pr. telefon til sekretær og spør kva dei skal foreta seg i saka. Sekretær svarar i epost 08.01.2020 at ein ber tiltakshavarane ta saka og prosessen vidare uavhengig av kontrollutvalet si handsaming av saka i møtet 18.02.2020. Ein opplyser også at kontrollutvalet ikkje er eit klageorgan, og ikkje ser på enkeltsaker spesielt, men at henvendingar og enkeltsaker kan bli brukt som bakgrunn for å undersøke om sakshandsaming og rutiner er tilfredsstillande i kommunen. Den 09.01.2020 sender sekretær all dokumentasjon i saka til tiltakshavarane slik at ein kan sjekke ut om all dokumentasjon er ført i saka. Den 11.01.2020 svarar tiltakshavarane at det manglar ein del dokumentasjon i saka, i alt 6 dokument.

Sekretariatet legg med desse opplysningane saka fram for kontrollutvalet for handsaming.

Kontrollutvalet si handsaming i møte 18.02.2020

Oddbjørg Sporsheim ber om at hennar habilitet vart vurdert då ho er svigerinne til ein av partane i saka. Forvaltningslova § 6, 1.ledd bokstav b). Grant Solem ba også om at hans habilitet var vurdert då han har eit firma som har ytt tenester i saka til ein av partane. Forvaltningslova § 6, 1.ledd bokstav a) og e). Oddbjørg Sporsheim og Grant Solem trådte til side under handsaming av habilitetsspørsmålet. Verken vurdering og vedtak om habilitet eller realitetshandsaming av saka vart gjennomført då kontrollutvalet ikkje var vedtaksført då eitt medlem forlet møtet før handsaminga.

Saka utsett til neste møte.

Kontrollutvalssekretariatet si vurdering etter møtet 18.02.2020

Sekretariatet har etter møtet i kontrollutvalet 18.02.2020 fått ny henvending frå tiltakshavarane. I denne samtalen kom det tydelegare fram at dette er ei sak som ber preg av klage på vedtak fatta av kommunen, og som bør rettast til Fylkesmannen. Dette er kommunisert til tiltakshavarane. Sekretariatet vil med dette råde kontrollutvalet om å avslutte saka i kontrollutvalet, men bruke opplysningane inn i arbeidet med risiko- og vesentlegvurdering av Aukra kommune si verksemd, jf. sak PS 13/20.

Kontrollutvalet si handsaming og vedtak

Oddbjørg Sporsheim ba om at hennar habilitet vart vurdert då ho er svigerinne til ein av partane i saka. Forvaltningslova § 6, 1.ledd bokstav b). Grant Solem ba også om at hans habilitet var vurdert då han har eit firma som har ytt tenester i saka til ein av partane. Forvaltningslova § 6, 1.ledd bokstav a) og e), 2. Oddbjørg Sporsheim og Grant Solem trådte til side under handsaming av habilitetsspørsmålet. Kontrollutvalet vedtok einstemmig at Oddbjørg Sporsheim og Grant Solem var inhabil i å handsame saka.

Leiar fremma forslag i tråd med sekretær sitt råd om at kontrollutvalet avsluttar saka i kontrollutvalet, underrettar dei som har henvendt seg, men brukar opplysningane inn i arbeidet med risiko- og vesentlegvurdering av Aukra kommune si verksemd, jf. sak PS 13/20.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med forslag framsatt i møte frå leiar.
(3 voterande)

3. Verksemdsbesøk/orientering frå einingsleiar

Kontrollutvalet si handsaming i møte 18.02.2020

Kontrollutvalet ønskjer i samband med neste møte 12.05.2020 å gjennomføre eit verksemdsbesøk hos Aukraheimen.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (4 voterande)

Kontrollutvalssekretariatet si vurdering etter møtet 18.02.2020

Kommunedirektøren har korrigert kontrollutvalet på at Aukraheimen ikkje er rett namn (vert no nytta til bibliotek ma.), men at rett namn er Aukra omsorgssenter. Grunna restriksjonane i samband med Covid-19, så er det kommunisert til kommunedirektør at verksemdsbesøket er utsett inntil vidare. Som alternativ vurderer ein heller ikkje at ei orientering frå einingsleiar er aktuelt no.

Kontrollutvalet si handsaming og vedtak

Leiar synte til kontrollutvalet si handsaming av temaet under sakene på oppfølgingslista der kontrollutvalet vurderer fortløpande anten eit verksemdsbesøk når restriksjonane i samband med Covid-19 tillet det, eller at ein tek inn verksemdsleiar med fleire til ei orientering i møte.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med forslag framsatt i møte frå leiar.
(5 voterande)

4. Sal av tidlegare Aukra vidaregåande Skole gnr.1 bnr.298

Formannskapet handsama i møte 27.01.2019, sak 11/20 sal av tidlegare Aukra vidaregåande Skole. Saka vart ettersendt til Formannskapet sitt møte. Kontrollutvalet sin leiar reagerte på måten saka var handsama og lagt fram på. På denne bakgrunn vart det sendt ein epost til Formannskapet frå leiar i kontrollutvalet før saka kom til handsaming.

Formannskapets vedtak:

1. Aukra formannskap ber kommunedirektøren om å innhente ein ny takst for eigedomen, Aukra vidaregåande skole.
2. Aukra formannskap ber kommunedirektøren om å legge fram kor store kostnader som er knytt til riving av eigedomen Aukra vidaregåande skole.
3. Aukra formannskap ønskjer å ta ny stilling til kva vi ønskjer å gjere med eigedomen Aukra vidaregåande skole når vi har fått svar på pkt. 1 og 2 i denne sak.

Kontrollutvalet si handsaming i møte 18.02.2020

Det var reist spørsmål om Grant Solem sin habilitet då han er leigetakar på eigedomen. Han vart erklært habil av medlemmane i kontrollutvalet.

Det vart framsett forslag om at kontrollutvalet følgjer saka vidare ved å følgje opp Formannskapet si handsaming av saka.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (4 voterande)

Kontrollutvalssekretariatet si vurdering etter møtet 18.02.2020

Ein kan ikkje registrere at Formannskapet enno har fått saka til ny handsaming.

Kontrollutvalet si handsaming og vedtak

Ordfører reagerte på at leiar i kontrollutvalet sendte formannskapet ein epost før møtet 27.01.2020 med fleire punkt utan at ein kan sjå at dette er handsama i kontrollutvalet på førehand. Ein opptretr ikkje som enkeltperson på vegne av kontrollutvalet.

Sekretær opplyste om at saka ikkje var handsama i kontrollutvalet før 18.02.2020.

Leiar fremma forslag om at kontrollutvalet viser til vedtak fatta i møte 18.02.2020 og følgjer saka til Formannskapet vidare.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med forslag framsatt i møte frå leiar. (5 voterande)

5. Høyring: Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og velferdsgoder i Aukra kommune

Kommunestyret har behandla saka i møte 02.04.2020 sak 21/20. Kommunestyremedlem Oddvar Hoksnes (KrF) satt fram følgjande forslag: Høyringsfristen endres fra 10.5. til 15.5.20 for at Kontrollutvalget kan ha en sjanse til å komme med innspill, i møtet den 12.5. Kommunedirektøren endra tilrådinga: Høyringsfrist vert endra frå 10.5. til 15.5.2020.

Votering: Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedtatt. Høyringsfrist vert endra frå 10.5. til 15.5.2020.

Kommunestyrets vedtak:

1) Kommunestyret legg forslag til Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og velferdsgoder i Aukra kommune ut på offentlig høyring. Høyringsfristen vert sett til 15. mai 2020.

2) Forskrifta vert lagt ut på kommunen sin høyringsportal, samt sendt til råd og utval for høyring.

Kontrollutvalssekretariatet si vurdering

Kontrollutvalet skal på generelt grunnlag vere forsiktig med å kome med innspel til regelverk då utvalet i ettertid skal påsjå og kontrollere at same regelverk vert følgt. Åpenbare manglar eller regelbort i gjeldande rutiner, regelverk eller retningslinjer må likevel påpeikast, eller der det kan reisast tvil om tolking, så kan kontrollutvalet stille spørsmål.

Ein har mange regelverk i ein kommune og kontrollutvalet har som oppgåve å påsjå eller påtale at regelverk og rutiner finst og skal kontrollere at desse vert etterlevd.

Kontrollutvalssekretariat vurderer det slik at kontrollutvalet ikkje bør gje høyringssvar. Ein har likevel vurdert at det bør reisast spørsmål til tolking av innhaldet i § 17 om varaordførar har rett til tapt arbeidsforteneste til setninga «Den som har eit tillitsverv i Aukra kommune, har krav på...» og relatert til § 10 om kva som ligg i forståinga av setninga «Dette omfattar all møteverksemd». Dette spørsmålet er relevant å stille sett i høve neste sak.

6. Godtgjersle og tapt arbeidsforteneste til varaordførar i Aukra kommune

Formannskapet fekk i sak 24/20 den 23.03.20 til handsaming ei sak om «Godtgjersle til varaordførar i Aukra kommune». Bakgrunnen for saka var at varaordførar etter reglementet for godtgjersle vedtek i kommunestyret 27.8.2019 mottek 12 % godtgjersle. Utover det sender varaordførar inn krav om tapt arbeidsforteneste. Den faste godtgjersla vert i stor grad nytta til kommunestyre, formannskap og administrasjonsutval. I ei periode har ordførar bedt varaordførar om å delta på møter og utføre oppgåver som kjem i tillegg til dei nemte utvalsmøta. I ei periode har ordførar bedt varaordførar om å fylgje med på tidsbruken for at politikarane kan ha eit grunnlag for å sjå på ei endring av varaordførar si godtgjersle.

Formannskapet sendte saka med si innstilling til vedtak over til kommunestyret for handsaming 02.04.2020.

Leiar i kontrollutvalet var i kontakt med ordførar etter møtet og stilte spørsmål ved sakshandsaminga.

Den 31.03.20 sendte ordførar ut epost etter at møteinnkalling til kommunestyret 02.04.20 hadde gått ut den 27.03.20. Ordførar har fått spørsmål om sakshandteringa har vore riktig i denne saka og vel derfor at sak 24/20 Godtgjersle til varaordførar vert trekt frå saklista til Kommunestyret 02.04.20.

Gjeldande retningsliner vedteke 27.08.19 K-sak 49/19 seier i innleiinga: Reglementet skal reviderast kvart 4. år, før nytt kommunestyre vert valt. I tillegg er det og stilt spørsmål om ordførar kan vera saksbehandlar etter Kommunelovens § 6-1.

Den 31.03.2020 sender servicesjef i Aukra kommune ein epost til varaordførar der det vert vist til krav om tapt arbeidsfortjeneste frå varaordførar. Det vert opplyst at varaordførar må sende dokumentasjon som grunnlag for tapt arbeidsfortjeneste og at dette må godkjennast av ordførar eller kommunedirektør.

Den 22.04.2020 sender kommunedirektør ein epost til varaordførar der ein viser til at det har kome spørsmål frå varaordførar og andre politikarar kring utbetaling av tapt arbeidsforteneste til varaordførar. Kommunedirektøren er av den formeining at kommunens reglement er tydeleg på at varaordførar ikkje skal ha tapt arbeidsforteneste i tillegg til varaordførargodtgjersla. For at kommunedirektør skulle vere sikker på at ho hadde tolka kommunens reglement rett har ho sendt over kommunens reglement samt forslag til forskrift til Advokat Sverre Larhammer for å få hans betraktning og vurdering i saka.

Kommunedirektøren har trass i si fortolking av reglementet om at det ikkje heimlar utbetaling av tapt arbeidsforteneste til varaordførar, likevel betalt varaordførar sitt krav om tapt arbeidsforteneste.

Kommunedirektøren vil på kommunens vegne ikkje krevje attendebetalt det varaordføraren allereie har fått utbetalt ved at kommunedirektøren har gjort en feil.

Advokatens svar til kommunedirektør i epost 17.04.2020 er at varaordfører ikkje har rett på anna utbetaling enn det reglementet heimlar, nemleg 12 % av ordførar si godtgjersle. Advokaten hevdar også at varaordfører etter lovas tolking har plikt til å betale attende det varaordfører har motteke.

På bakgrunn av dette sender kontrollutvalssekretær eit notat til kontrollutvalet den 24.04.20 der dette vert problematisert og ein presiserar at kontrollutvalet ikkje skal tolke vedtak/reglement. Kontrollutvalet bør eventuelt be kommunestyret om ei tolking av det vedtaket som vart fatta 27.08.19 i K-sak 49/19 om Reglement for godtgjersle for kommunale ombod i Aukra kommune.

For å vere førebudd til møtet i kontrollutvalet sender kontrollutvalssekretær til leiar i kontrollutvalet 10 spørsmål det kan vere grunn til å undersøke nærmare i saka. Leiar sender desse spørsmåla vidare til ordførar, kommunedirektør og varaordfører og kallar samstundes inn til møte i Teams den 30.04.20 for å få svar på spørsmåla.

Ordførar og kommunedirektør svara på spørsmåla og sendte dette skriftleg til kontrollutvalssekretariatet. Eitt av spørsmåla kan ut frå svaret tolkast til å gå på personlege tilhøve og vere unnateke offentlegheit, og dette er av den grunn teke ut av vedlegget slik at saka kan vere offentlig. Det vedrører heller ikkje spørsmålet om godtgjering.

Kontrollutvalssekretariatet si vurdering

Inga vurdering eller innstilling.

Kontrollutvalet si handsaming av pkt. 5 og 6

Ordførar synte til sakshandsamingsprinsippet i kommunelova og at einskildpersonar som representerer eit politisk organ ikkje kan ha møte på vegne av organet utan at det er gitt slik mynde. Dette med henvisning til møtet på Teams den 30.04.2020. Dette er også kommunestyret underretta om i møte 07.05.2020. Ordførar reagerte også på at dette ikkje har vore ei sak i kontrollutvalet tidlegare, men registrerer at den kjem til handsaming i utvalet 12.05.2020. Ordførar synes det er betimeleg at kontrollutvalet blandar seg inn i prosessen no. Ordførar synte også til saka der sekretæren har skrive at: advokaten hevdar også at varaordføraren etter lovas tolking har plikt til å betale attende det varaordfører har motteke. Svaret frå advokaten om tolking av regelverket gjev svar på det spørsmålet kontrollutvalet har stilt om godtgjering til varaordfører.

Kommunedirektøren spurte kontrollutvalet om ein etter dette ikkje skal vurdere å bruke advokatbistand for å opplyse ei sak.

Sekretær orienterte om korleis ein i sekretariatet arbeider for å førebu saker til kontrollutvalet på linje med det kommunedirektøren gjer for andre politiske utval. Det er ikkje noko ulikskap i dette. Kontrollutvalsleiar mottok ofte henvendingar frå publikum og andre som kan bli ei sak for utvalet. For at det skal kome på sakskartet til utvalet må sekretariatet førebu ei sak, avklare ting og opplyse ei sak så godt som mogleg. Dette var frå sekretariatet tenkt i dette tilfellet også ved å sende spørsmåla på førehand, men leiar ville ha eit møte med ordførar, kommunedirektør og varaordfører. Til spørsmålet frå kommunedirektøren gjeld det at kontrollutvalet kan ikkje instruere eller pålegge kommunedirektøren å gjere handlingar. Det er det evt. berre kommunestyret som kan gjere. Det er forskjell på å utgreie og opplyse, og å

tolke eit vedtak. Er eit vedtak uklårt, er det etter sekretæren si vurdering, vedtaksorganet sjølv som skal klårgjere kva som er vedteke og meint med vedtaket.

Leiar reagerte på den korreksjonen som blei gitt av ordførar i kommunestyret 07.05.20.

Grant Solem spurde om ein må bruke advokat for å tolke eit regelverk.

Oddbjørg Sporsheim meinte kontrollutvalet ikkje burde kome med uttale i høyringar, men heller stille spørsmål til uklare ting. Ein burde la sakene bli vedtatt i kommunestyret og at kontrollutvalet heller kjem inn i etterkant.

Anita Hoøy Rekkavik viste til at regelen er at ein ikkje måtte tolke seg fram til ting som er uklårt og at alt regelverk må vere innanfor lovverket. På denne bakgrunn fremma representanten følgjande forslag til spørsmål i samband med ny forskrift:

Kontrollutvalet forutset at forskrifta ivaretek Kommunelovas § 8.3 om dekning av utgifter og økonomisk tap, samt forskrifta si § 1, 2. avsnitt om tydeleggjering av kven og kva som skal godtgjerast.

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet slutta seg til Anita Hoøy Rekkavik sitt forslag og oversender dette til kommunen som ei forutsetning at det blir klårgjort i ny forskrift, jf. Pkt. 6.

Kontrollutvalet uttaler seg ikkje til forslag til forskrift som er til høyring.

Kontrollutvalet vel å ikkje be om ei tolking av det noverande regelverket, jf. Pkt. 5.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med forslag framsatt i møte.
(5 voterande)

Neste møta i kontrollutvalet – møtedatoar

Som følgje av at årsrekneskapen ikkje kjem til handsaming i kontrollutvalet sitt møte 16.06.20 grunna at årsrekneskapen er seint avlagt, må utvalet fastsette ein møtedato tidleg i august for å nå formannskapet si handsaming 24.08.20 og kommunestyret 03.09.20. Kontrollutvalet skal avgje ein uttale til årsrekneskap og årsberetning som går til kommunestyret, og kopi av denne skal gå til formannskapet før dei avgjev si innstilling til kommunestyret. Kommunestyret har som følgje av Covid-19 i forskrift fått utsett frist frå 30.06. til 15.09. med å handsame årsrekneskap og årsberetning.

Som følgje av dette vart det av leiar framsatt forslag om ein møtedato 11.08.2020 for handsaming av årsrekneskap og årsberetning. Møtet 16.06.2020 går som planlagt.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med forslag framsatt i møte av leiar.
(5 voterande)

Oddvar Hoksnes

leiar

Oddbjørg
Sporsheim
nestleiar

Kristian Onsøyen

medlem

Grant Solem

medlem

Anita Hoøy Rekkavik

medlem

Sveinung Talberg

sekretær



Saksframlegg

Utvallssaksnr	Utval	Møtedato
PS 18/20	Kontrollutvalet	16.06.2020

REFERAT OG ORIENTERINGAR

Sekretariatet si tilråding

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

Bakgrunn for saka

Referatsaker:

- RS 25/20 **Orienteringssaker**
Protokoll frå Aukra kommunestyre 07.05.2020 (vedlagt)
- RS 26/20 **PS 24/20 Rapportering finansforvaltning pr 31.12.2019**
Protokoll frå Aukra kommunestyre 07.05.2020 (vedlagt)

Orienteringssaker:

- OS 08/20 **RS 19/20 - Orienteringar frå kontrollutvalet i Aukra til kommunestyret**
Protokoll frå Aukra kommunestyre 07.05.2020 (vedlagt)
- OS 09/20 **PS 36/20 - Økonomiavdelinga - auke i stillingar**
Saksframlegg til Aukra Formannskap 08.06.2020 (vedlagt)
- OS 10/20 **Verksemdsbesøk hos Aukra omsorgssenter – utsett**
- OS 11/20 **Uttale frå kontrollutvalet 15.05.20 – Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og velferdsgoder i Aukra kommune (vedlagt)**
- OS 12/20 **Orientering om kontrollutvalet og sekretariatet si verksemd og rolle – opplæringsbolk 2 (vedlagt)**
- OS 13/20 **Orientering frå FKT sitt årsmøte 03.06.20**

Orienteringssaker

Kommunedirektør Ingrid Husøy Rimstad orienterte om følgjande

- Drift av Aukra kommune i koronasituasjonen

Økonomisjef Erna L. Varhaugvik orienterte om følgjande:

- Rekneskap 2019, som vart avlevert til revisjon 4. mai 2020

Servicesjef Aaslaug Søreide orienterte om følgjande:

Ny sekretær

Synnøve Jansen er nytilsett på serviceavdelinga og skal mellom anna ta over sekretæroppgåvene etter Anita. Vi ønskjer ho velkommen til Aukra kommune.

Politikarportalen «First Agenda» (FA)

Alle i kommunestyret skal ha fått tilgang til politikarportalen i FirstAgenda. Dette har de fått informasjon om tidlegare. Vi tenkjer å invitere til ei digital innføring i dette systemet tysdag 11. mai kl. 16 via Skype. Om dette vert kort varsel, kan vi setje opp ei samling til. Martina sender ut invitasjon til dykk. Den som ønskjer, kan melde seg på ved å godta møteinnkallinga/invitasjonen.

Målet er å rulle ut FA til alle politikarane. I tillegg ønskjer vi å gje leiargruppa tilgang til systemet. Om vi får til dette, vert e-postvarselet som de får når vi legg ut ny sakliste, fjerna. Då får de melding om ny sakliste via e-postvarsel frå politikarportalen.

Teams til politikarane

På grunn av den situasjonen vi er i, er det bestemt at politikarane skal få tilgang til Teams for å lette politikarkvardagen. Då kan møta gjennomførast via Teams og Skype vert fasa ut. For å få dette til på ein fornuftig måte, får politikarane ei ny e-postadresse slik: @aukrapolitikar.no. Dette for å unngå private e-postadresser og plassere dykk i ei eiga gruppe i IKT-systemet.

ROR IKT jobbar med å overføre møtegjennomføringa frå Skype til Teams og vi vil få informasjon når dette blir klart.

Når det gjeld løysing for elektronisk avstemming og taletid gjennom Teams, ser ROR IKT også på dette, men mest sannsynleg skal elektronisk avstemming i saker skje via FirstAgenda som vi allereie har ein avtale med. Dette vil vi komme tilbake til.

Vi jobbar også for å etablere ulike Teams-grupper for politikarane. I ei Teams-gruppe kan de chatte med dei som er medlemmar av gruppa, legge inn dokument om de har behov for det og ha eigne møter.

Når det gjeld etablering av ulike Teams-grupper, vil det skje slik:

- a. Kwart politiske utval vil få ei eiga Teams-gruppe, for eksempel ei gruppe for kommunestyret, ei for livsløp osv.
- b. Kwart parti vil også få ei eiga Teams-gruppe
- c. Om det er behov for fleire Teams-grupper, er det noko vi kan ta etter kvart.

Nummerering av saker og referatsaker til saklista

Dei politiske sakene har 3 forskjellige nummerseriar:

- Politiske saker, f.eks. 1/20
- Referatsaker, f.eks. 1/20
- Interpellasjonar, f.eks. 1/20

Alle nummerseriane startar på nytt kvart år.

Sidan nummerseriane ser heilt like ut, har kommunen bedt leverandør om å ordne nummerseriar på ein meir tydeleg og forståeleg måte, slik at det blir lettare å skilje dei ulike type sakene.

Alle nummerseriane skal då får to bokstavar framfor saksnummeret slik:

- PS for politiske saker, f.eks. PS 1/20
- RS for referatsaker, f.eks. RS 1/20
- IG for interpellasjonar og grunnleggjve spørsmål, f.eks. IG 1/20

Denne bestillinga blei sendt samla for alle samarbeidskommunane i ROR IKT i starten av mars, men er ikkje utført per dags dato. Administrasjonen følgjer opp denne saka.

Kommunestyrets vedtak

Saka vart trekt av administrasjonen. Saka skulle kun verte behandla i formannskapet.

Formannskapet har behandla saka i møte 27.04.2020 sak 27/20

Møtebehandling

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedtatt.

Votering

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedtatt.

Formannskapets innstilling

Aukra kommunestyret godkjenner at lokal forskrift for sakshandsaming, kontroll og tilsyn etter forurensingsregelverket, slik denne går fram av saksframlegget, blir sendt på høyring med tanke på seinare godkjenning i kommunestyret, jamfør forvaltingslova § 37ff, forurensingsforskrifta § 11-4 og forurensingslova § 52a.

Kommunedirektøren si tilråding:

Aukra formannskap godkjenner at lokal forskrift for sakshandsaming, kontroll og tilsyn etter forurensingsregelverket, slik denne går fram av saksframlegget, blir sendt på høyring med tanke på seinare godkjenning i kommunestyret, jamfør forvaltingslova § 37ff, forurensingsforskrifta § 11-4 og forurensingslova § 52a.

RS 26/20

24/20 Rapportering finansforvaltning pr 31.12.2019

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Formannskapet	27.04.2020	29/20
2 Kommunestyret	07.05.2020	24/20

Møtebehandling i Kommunestyret 07.05.2020:

Møtebehandling

Tilrådinga frå kommunedirektøren.

Votering

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedtatt.

Kommunestyrets vedtak

Rapporten vert teke til vitande.

Formannskapet har behandla saka i møte 27.04.2020 sak 29/20

Møtebehandling

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedtatt.

Votering

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedtatt.

Formannskapetets innstilling

Rapporten vert teke til vitande.

Kommunedirektøren si tilråding:

Rapporten vert teke til vitande.

Referatsaker

Saknr	Arkivsak	Tittel
15/20	20/00103-6	Protokoll Eldrerådet 15.04.2020
16/20	20/00105-5	Protokoll Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 15.04.2020
17/20	20/00509-4	Ordførerbrev fra norske energikommuner
18/20	20/00509-5	Petroleumsnæringen er Norges viktigste næring - kopi av brev til statsministeren
19/20	20/00466-7	Orienteringar frå kontrollutvalet i Aukra til kommunestyret

OS 08/20

Referatsakene vart tatt til vitande.

Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal

Sekretariatet:

Telefon: 71 11 14 52 - direkte

Mobil: 991 60260

E-post: sveinung.talberg@kontrollutvalgromsdal.no
Postmottak@kontrollutvalgromsdal.noWeb: www.kontrollutvalgromsdal.no

Org.nr: 912 503 771

Aukra kommunestyre

✓/ordførar

Dykkar referanse:

Vår referanse:

Arkivkode:

Stad/dato

2020-109/STA

1547-033

Molde, 23.04.2020

ORIENTERINGAR FRÅ KONTROLLUTVALET

Forvaltningsrevisjonsrapport «Offentlige anskaffelser i Aukra kommune».

Kontrollutvalet handsama i møte 15.03.2018 sak 10/18 Forvaltningsrevisjonsrapport «Offentlige anskaffelser i Aukra kommune». Kontrollutvalet innstilte til kommunestyret som behandla saka i møte 17.04.2018 i k-sak 29/18.

Tilrådingane var knytt til følgjande områder:

-Tiltak for etterleving av regelverket

-Anskaffingar etter regelverket

-Bruk av rammeavtalar

-Organisering av området

Kommunestyret bad rådmannen om å syte for at tilrådingane blir følgt og påsjå at arbeidet vert gjennomført. Kommunestyret bad rådmannen om å gje kontrollutvalet ein skriftleg plan for oppfølging av tilrådingane, slik at planen kunne behandlast i kontrollutvalet sitt møte 14.06.2018.

Kontrollutvalet handsama i sak 09/20 den 18.02.2020 oppfølging av Forvaltningsrevisjonsrapport «Offentlige anskaffelser i Aukra kommune».

Kontrollutvalet handsama plan for oppfølging av rapporten frå rådmannen i møte 14.06.2018, sak 21/18. Kontrollutvalet var tilfreds med det arbeidet som så langt er gjort. Kontrollutvalet såg med interesse fram til å motta ein statusrapport for arbeidet til første kontrollutvalsmøte i 2019.

Kontrollutvalet har fått orientering frå økonomisjefen om oppfølginga i møta 25.02.2019, 25.09.2019 og 18.02.2020. I møtet 18.02.2020 uttrykte kontrollutvalet bekymring for oppfølginga frå kommunedirektøren.

Økonomiavdelinga har fått styrka sine ressursar med 30% til å følgje opp dette ansvarsområdet og halde kontakt med ROR innkjøp. Kapasiteten på økonomiavdeling elles har ført til at dette arbeidet har vorte skadelidande. Framdrifta i oppfølginga av forvaltningsrevisjonen har derfor ikkje kome so langt som ein hadde ønskt. Kontrollutvalet registrerer likevel gjennom presentasjonen at kommunen har gjort grep på fleire område, men at ein ikkje tek ut gevinstane som ligg i e-handel. Kommunen har eit mål om at 90 % av alle innkjøp skal skje via e-handel, men at ein berre klarer 6 %.

Kontrollutvalet uttrykker bekymring for framdrifta med oppfølging av anbefalingane og ønskjer å underrette kommunestyret om dette.

Årsrekneskap 2019 og årberetning 2019 - avlegging

Kontrollutvalet skal, jf. Forskrifter om kontrollutval og revisjon, uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapen og årsberetninga før formannskapet innstiller til vedtak.

Kontrollutvalet skal etter møte- og arbeidsplana handsame årsrekneskapen til Aukra kommune for 2019 i møte 12.05.2020.

Bakgrunnen for dette er ein epost til økonomisjefen 08.01.2020 der ein svarar kontrollutvalet at årsrekneskapen for 2019 ut frå oversikt 08.01.2020 vil bli lagt fram til handsaminga i Formannskapet 08.06.2020 og i Kommunestyret den 18.06.2020.

Årsrekneskapen skal, jf. Rekneskapsforskriftene avleggast innan 15.02. og årsberetninga frå kommunedirektøren skal avleggast innan 31.03.

Kontrollutvalet har pr. 23.04.2020 verken motteke årsrekneskap 2019 eller årsberetning 2019 trass i at fristane for avlegging er langt overskridne.

Trass i at fristane for handsaming i kommunestyret er 30.6., no forlenga til 15.9. grunna Covid-19, så ser kontrollutvalet med bekymring på årsrekneskap og årsberetning enno ikkje er avlagt og stiller spørsmål ved om dette har samanheng med kapasiteten på økonomiavdelinga, jf. Orienteringa om forvaltningsrevisjonsrapporten ovanfor.

Kontrollutvalet skal, jf. Forskrifter om kontrollutval og revisjon, føre kontroll med at den økonomiske forvaltninga foregår i samsvar med gjeldande bestemmelse og vedtak og vil ha eit svar frå kommunedirektøren kva som er årsak til at årsrekneskap og årsberetning 2019 enno ikkje er avlagt.

Prosjektrekneskap

Kontrollutvalet skal, jf. Reglement for investeringsprosjekt i Aukra kommune, handsame og gje uttale til investeringsprosjekt på over 3 mill. kr. for vidare handsaming i formannskapet og kommunestyret. Rådmannen har ansvar for at sluttrekneskap vedlagt revisjonsrapport vert framlagt innan 1 år etter overtakingsforretning, eller overføring av ansvar og risiko.

Kontrollutvalet vart i møte 18.02.2020 orinert frå revisjonen om at det er avlagt og sendt 2 prosjektrekneskap til revisjonen på investeringar som også kontrollutvalet skal handsame. Desse har ikkje kontrollutvalet fått enno. Det er sendt ein epost til økonomisjefen 03.03.2020 der ein har etterlyst desse. Det har ikkje kome svar.

Kontrollutvalet forventar at rekneskap på investeringsprosjekt vert oversendt til kontrollutvalet samstundes som revisjonen får rekneskapen til handsaming.

Med helsing

Sveinung Talberg
Rådgjevar

Kopi: Kommunedirektør, Revisor, Kontrollutvalsleiar.



Arkivsak-dok. 20/00015-1
Saksbehandler Erna Lovise Varhaugvik

Saksgang	Møtedato	
Formannskapet	08.06.2020	36/20
Kommunestyret	18.06.2020	

Saksframlegg

Økonomiavdelinga - auke i stillingar

Kommunedirektøren si tilråding:

Midlertidig etablert stilling på økonomiavdelinga blir omgjort til fast 100 % stilling frå 01.01.2021 og innarbeidd i kommande budsjett og økonomiplan for 2021 til 2024.

Bakgrunn

Aukra kommune er i ei særstilling når det gjeld økonomiske føresetnader for si drift, og dette gjenspeglast i aktiviteten og talet på stillingar i organisasjonen. Kommunen har eit driftsnivå som ligg godt over andre kommunar på same storleik og det har samtidig vore stor investeringsaktivitet dei siste åra.

Økonomiavdelinga har det faglege ansvaret for kommunen sin totaløkonomi, løn og sjukepengerefusjon, offentlege anskaffingar, innkrevjing, finansforvaltning og eigedomsskatt. I tillegg har avdelinga ansvar for rekneskapsføring, årsrekneskapan og lønsutbetaling for Aukra Sokn.

Økonomiavdelinga har over mange år hatt ei stor og aukande arbeidsmengde. Dette har ført til at avdelinga i aukande grad har måtta konsentrere seg om må-oppgåver og i for liten grad har hatt kapasitet til å jobbe med utvikling og forbetringar internt på avdelinga og i organisasjonen elles. Også oppgåver for å sikre nødvendig kvalitet, har over fleire år vore skadelidande i avdelinga. Eksempel på slike oppgåver er medlemskontroll i pensjonsselskapa, oppfølging og kontroll av refusjonskrav NAV, kontroll av tilgangsstyring til systema som avdelinga er eigar av osv. Kompetanseheving har og blitt redusert både for dei tilsette på avdelinga og avdelinga si opplæring ut i organisasjonen. Resultat i medarbeidarundersøkinga som vart gjennomført i kommunen i slutten av 2019, viste og ein negativ trend for tilsette på avdelinga på dette området.

Endring i oppgåvemengde har vore påverka av mellom anna:

Ny eining innvandring og integrering vart etablert hausten 2016, og hadde første heile driftsår i 2017 med ei utgiftsside på kr. 43,2 mill. Pr. august 2018 hadde eininga 43 tilsett og 39 mottakarar av introduksjonsstønad, og dermed 82 fleire mottakarar av løn.

Eininga administrerer forvaltninga av plassering av langsiktig finansiell aktiva med 435 mill., dette er 4-5 gonger så stor kapital som det Molde kommune har plassert hos eksterne forvaltarar. Ekstern kapitalforvaltning er årleg budsjettert auka med kr. 100 mill., noko som og fører til auka administrering.

På lønsområdet har det vore ei auke i tilsette i kommunen, og i tillegg har lønssystemet blitt bestemt å vere «mastersystem» for tilgangsstyring til alle fagssystem i kommunen.

A-ordning, som er ein samordna måte for arbeidsgjevarar å rapportere opplysningar om inntekt og ansatte til NAV, SSB og Skatteetaten, vart etablert den 01. januar 2015. Rapporteringa ut frå organisasjonen skjer no månadleg og stiller dermed langt større og strengare krav til kontinuerleg god kvalitet. Ved feil i opplysningane er det derfor no meir krevjande å rette desse opp.

På lønsområdet har dei siste to åra og vorte etablert digitale sjukemeldinga og elektronisk innsending av sjukepengekrav. Denne etableringa har kravd nye rutinar og oppsett av integrasjon med Altinn, samtidig som ein parallelt jobbar etter gamal rutine for sjukemeldingar frå sjukehus. Denne digitaliseringa tvingar fram andre arbeidsformer, der ein i mykje større grad må vere dagleg oppdatert på desse arbeidsoppgåvene. Der tidlegare praksis var å sende sjukepengekrav ein gong pr. månad, er råda no at dette blir sendt minimum to gonger pr. månad (ideelt 1 gong pr. veke). Dette kan vere krevjande for ei lite avdeling der berre 1 tilsette har dette som sine oppgåver.

Vurdering

Avdelinga har over fleire år hatt ei aukande oppgåvemengde og situasjonen i avdelinga har no i 2020 av ulike årsak kumulert i ikkje løyste oppgåver, forseinkingar og oversitting av fristar.

Ny stilling som jurist

I kommunestyresak 55/19 den 27.08.2019 vart det vedteke at eigedomsskattekontoret, som organisatorisk er lagt til økonomiavdelinga, skulle styrkast med ei 100% stilling frå 1.1.2020. Som bakgrunn vart det opplyst følgjande i saka: «Dei siste 10 åra har arbeidet knytt til eigedomsskatt i Aukra kommune vore ivareteke av økonomisjefen, og det er elles i organisasjonen ikkje kompetanse til å dekkje oppgåvene som er lagt til eigedomsskattekontoret. Aukra kommune sine inntekter frå eigedomsskatt har gradvis auka i heile denne perioden, og er no oppe i om lag kr. 250.000.000. Krava som stillast til kunnskap på feltet er aukande og terskelen for å imøtegå krav synest å vere lågare. Behovet for «stødig kompetanse» på feltet er difor viktigare enn nokon gong.»

Den tilsette skal elles når vedkommande har kapasitet til det, jobbe med juridiske problemstillingar i økonomiavdelinga og organisasjonen elles.

Sjukefråvær

Avdelinga har sidan november 2019 hatt ei stort sjukefråvær. Dette starta på 13,17%, deretter 16,4% i desember før det gradvis har gått ned til 8,32% i april. Hittil i år er fråværet på 9,33%. I tillegg har avdeling hatt stort fråvær knytt til utvida omsorgsdagar i samband med covid19-pandemien. Ein har enno ikkje ei fullstendig oversikt, med har berekna dette til 17-18 prosent sidan midten av mars og fram til barnehagane/skolane starta opp igjen 11 mai.

Innleige av ekstra ressursar

Grunna stort sjukefråvær og samtidig avslutting av rekneskapan for 2019 måtte avdelinga hente inn ekstraressursar for å løyse oppgåvene. Dette viste seg å ikkje være enkelt, spesielt kritisk var dette på lønsområdet der avdelinga ikkje hadde tilstrekkeleg god kompetanse og kapasitet. Det vart derfor teke kontakt med nabokommunar om dei hadde ledige ressursar som kunne leigast inn, NAV CV-database vart gjennomgått, rekrutteringsbyrå og selskap med utleige av konsulentar vart kontakta og det vart vurdert om det var ressursar i eigen organisasjon som kunne plasserast om.

Løysinga vart innleige av vikar frå rekrutteringsbyrå og konsulentar, og i tillegg har tilsett på avdelinga Institusjon vore leigd inn. Samla har avdelinga hatt ekstrautgifter på kr. 550.000,- frå årskiftet og fram til midten av mars. Utgiftene er føresett dekt av fond for omstilling og utvikling.

Arbeidsmiljø på økonomiavdelinga

Avdelinga si arbeidsmengde har over år blitt løyst gjennom vedvarande bruk av overtid/meirarbeid, og eit jamleg press for å kunne løyse oppgåvene innanfor fastsette fristar.

I kommunen si plan for det overordna HMS-arbeidet, vedteke i ADM 14.5.2018, er den overordna målsettinga at alle tilsette skal ha ein trygg og god arbeidsplass med lågt sjukefråvær og minimal risiko for helseskader. Det skal være høg grad av arbeids glede, motivasjon og trivsel. I forskrift om systematisk helse, miljø og sikkerheitsarbeid går det fram at det er arbeidsgjevar som er ansvarleg for at det vert innført og utøvd systematisk HMS-arbeid i verksemnda, og at arbeidstakarane skal medverke ved innføring og utøving av arbeidet.

I punkt 2.3 i overordna HMS-plan går det fram at det generelle kravet til arbeidsmiljøet i verksemnda er at dette skal vere fullt forsvarleg ut frå vurdering av faktorar i arbeidsmiljøet som kan påverke arbeidstakarane si fysiske og psykiske helse og velferd.

Som eit ledd i sentraladministrasjonen sitt arbeid med Helse, miljø og tryggleik vart det i møte med bedriftshelsetenesta den 26.09.17 sett opp handlingsplan for avtalt bistand frå Stamina Helse. Knytt til det psykososiale/organisatoriske området vart det avtalt gjennomføring av risikovurdering på belastande stress med mellom anna underpunktet - ressurs/krav. Arbeidet vart, etter gjentekne påminningar frå bedriftshelsetenesta, sett i gang i mai/juni 2019. Riskokartlegging vart gjennomført av Stamina Helse i samsvar med Norsk standard 5814 sine krav til risikovurdering.

Alle punkt i kartlegginga med unntak av konflikter mellom tilsette viste eit høyt risikonivå, dvs. eit ikkje akseptabelt nivå der riskoreducerande tiltak skal iverksettast (umiddelbart)

Stamina Helse sine råd etter resultat av risikovurderinga var:

Risikovurderinga viser at stressbelastninga blir opplevd som ei betydeleg utfordring for dei tilsette på avdelinga. Risikovurderinga syner at fleire tilsette no melder om skadeleg verknader som følgje av dette. Vidare kjem det fram at det ikkje lenger er ei god balanse mellom arbeid og fritid. Det er derfor viktig at tiltak blir sett i verk. På bakgrunn av risikovurdering vart det rådd til utarbeiding av handlingsplan for å redusere risikoen for fysiske og psykiske helseplagar på grunn av denne belastninga.

Resultat av vurderinga vart meldt i organisasjonen sitt avviksystem knytt til HMS-prosedyrer, avviket er nummerert #677A, har overskrifta Risikovurdering stressbelastning og er datert 12. juli 2019.

Dei tilsette på økonomiavdelinga er informert om resultat av risikovurdering. Alle tilsette på avdelinga har medverka i arbeidet med å sette opp handlingsplan med tiltak for å forbetre dei uønska hendingane og forholda. Stamina leia prosessen i møte der dei tilsette vart gjeve utfyllande informasjon og arbeidet med handlingsplana vart starta opp. Vidare arbeid med plana vart gjort i fellesskap på avdelinga, og ferdigstilt i slutten av oktober.

Leiar på avdelinga løfta sak til arbeidsmiljøet der det i møte 27.11.19 vart fatta slik vedtak:
AMU ber om at avdelinga prioriterer risikoreduserande tiltak.
AMU vil følgje opp saka i neste møte i 2020.

Status i situasjonen vart informert om i AMU-møte den 12.02.2020.

Avdelinga har arbeidd med å iverksette tiltak i utarbeidd handlingsplan i samarbeid med Stamina, Kommunedirektør og Personalsjef.

Auka bemanning var tiltaket som vart vurdert som det viktigaste og av betydning for å avhjelpe fleire av risikopunkta i kartlegginga. Det vart og konkludert at det var innanfor området løn dette var mest kritisk. Kommunedirektøren vedtok derfor at det vart lyst ut ei midlertidig stilling med varigheit i 2 år. Denne vil bli finansiert gjennom bruk av Omstillings- og utviklingsfond som Kommunedirektøren er delegerte fullmakt til å bruke. Tilsetting i stilling er gjort og vedkommande startar i stillinga 01.08.20.

I tillegg til ny stilling var det sett opp nokre haste-tiltak som korte «scrum-møter» kvar veke, redusert telefontid, betre organisering, planlegging og fordeling av oppgåver på avdelinga og prioritering av oppgåver saman med leiar. Det har vore jobba systematisk for å få på plass tiltaka for å betre arbeidsmiljøet, og mange av dei har no status gjennomført. Andre er framleis under arbeid.

Administrative konsekvensar

Betra arbeidsmiljø

Folkehelsekonsekvensar

Ingen

Økonomiske konsekvensar

Ingrid Husøy Rimstad/Kommunedirektør

Særutskrift

Vedlegg

Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal

Sekretariatet:

Telefon: 71 11 14 52 - direkte

Mobil: 991 60260

E-post: sveinung.talberg@kontrollutvalgromsdal.nopostmottak@kontrollutvalgsromsdal.noweb: www.kontrollutvalgromsdal.no**Aukra kommune**

v/kommunedirektør

Dykkar referanse:

Vår referanse:
2020-143/STAArkivkode:
1547-030Stad/dato
Molde, 15.05.2020

KONTROLLUTVALET I AUKRA SI HANDSMING AV SAK: FORSKRIFT OM FOLKEVALDE SIN RETT TIL GODTGJERING OG VELFERDSGODER I AUKRA KOMMUNE

Kontrollutvalet i Aukra syner til kommunestyret si handsaming i sak 21/20 den 02.04.2020:

Kommunestyremedlem Oddvar Hoksnes (KrF) satt fram følgjande forslag:

Høyringsfristen endres fra 10.5. til 15.5.20 for at Kontrollutvalget kan ha en sjanse til å komme med innspill, i møtet den 12.5.

Kommunedirektøren endra tilrådinga: Høyringsfrist vert endra frå 10.5. til 15.5.2020.

Votering

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedtatt. Høyringsfrist vert endra frå 10.5. til 15.5.2020.

Kommunestyrets vedtak

- 1) Kommunestyret legg forslag til Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og velferdsgoder i Aukra kommune ut på offentlig høyring. Høyringsfristen vert sett til 15. mai 2020.
- 2) Forskrifta vert lagt ut på kommunen sin høyringsportal, samt sendt til råd og utval for høyring.

.....

Kontrollutvalet i Aukra handsama saka i møte 12.05.2020, sak PS 14/20 og fatta slik samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet slutta seg til Anita Høy Rekkavik sitt forslag og oversender dette til kommunen som ei forutsetning at det blir klårgjort i ny forskrift:

Kontrollutvalet forutset at forskrifta ivaretek Kommunelovas § 8.3 om dekning av utgifter og økonomisk tap, samt forskrifta si § 1, 2. avsnitt om tydeleggjering av kven og kva som skal godtgjerast.

Kontrollutvalet avgjev med dette ikkje ein formell høyringsuttale til forskrifta, men uttrykkjer ei føresetnad om at ovannemde blir klårgjort når forskrifta vert handsama.

Med helsing

Sveinung Talberg
Rådgevar

Kopi: Kontrollutvalet sin leiar



Opplæring for nye kontrollutval – møte 2

Valperioden 2019-2023




Lovgrunnlag - Kommunelov

§ 23-2. Kontrollutvalgets ansvar og myndighet

Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) et føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak



Lovgrunnlag – Forskrift om kontrollutvalg og revisjon

§ 3. Kontrollutvalgets oppgaver ved regnskapsrevisjon

Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor
- c) regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3.


Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak.

Kontrollutvalget skal påse at regnskapsrevisorens påpekinger etter kommuneloven § 24-7 til § 24-9 blir rettet eller fulgt opp. Hvis påpekingene ikke blir rettet eller fulgt opp, skal kontrollutvalget rapportere det til kommunestyret eller fylkestinget.



Kontrollutvalets oppgåver - kunnskapsgrunnlag

- For å ha grunnlag for å utføre oppgåvene, er det nødvendig at kontrollutvalet:
 - følgjer med på den økonomiske utviklinga gjennom året, i tertialrapportane
 - følgjer med på om kommunedirektøren gjennom året har fulgt lov og forskrift knytt til budsjett og rekneskap, i tertialrapportar og ved budsjettrevisjonen
 - Følgjer med på at kommunen har ein betryggande revisjon, bl.a. ved revisjonen sin presentasjon av planer og rapportar.



Viktige aktører i økonomistyringa

- Korleis arbeider kommunen for å halde orden i økonomien?
 - Og samtidig yte gode tenester
- Viktige aktører:
 - kommunedirektør
 - Økonomisjef
 - leiargruppa
 - Formannskapet
 - Kommunestyret



Styringsinformasjon

- Får dei folkevalde den informasjonen dei ønskjer og treng frå administrasjonen?
- Er det tydelig kva som faktisk er den viktige styringsinformasjonen i kommunen?
- Har kommunen måltal og systematisk vurdering av utviklinga å samanlikne med?
 - Lånegjeld
 - Fondsstørrelse
 - Resultatstørrelse
 - Stemmer utviklinga i rekneskapet med planlegginga i budsjettet?



Kommunestyret skal...

- Frå ny kommunelov:

§ 14-2. Kommunestyrets og fylkestingets plikter

Kommunestyret og fylkestinget skal selv vedta

- a) økonomiplanen og årsbudsjettet
- b) årsregnskapene og årsberetningene
- c) finansielle måltall for utviklingen av kommunens eller fylkeskommunens økonomi
- d) regler for økonomiforvaltningen (økonomireglement)
- e) regler for finans- og gjeldsforvaltningen (finansreglement).

- Ny regel om finansielle måltal!



Prinsipp for økonomistyringa

- Samordna og realistiske planer for verksemda og økonomi
- Ivareta kommunen si handleevne over tid
- Årsbudsjettet er bindande
- Rekneskapet skal syne all tilgang og bruk av midlar
- All bruk av midlar skal dekkast inn
- Ikkje lån til drift – berre lov til investeringar (avgrensa)
- Reglar om minimumsavdrag på lån



Administrativ styring gjennom året

- Korleis arbeider administrasjonen internt?
 - Fast rapportering til frå einingane til kommunedirektør / økonomisjef?
 - Oppfølging av rapporteringa
 - Tek ein tak i utfordringar?
 - Blir utfordringar rapportert vidare?
 - Endring av budsjett?
 - Endring av teneste, organisering?
- Treff ein godt med årsprognose i løpet av året?



Folkevald styring gjennom året

- Korleis er folkevalde organ involvert?
 - tertialrapportar
 - Budsjettendringar
- Kva rapporterer kommunedirektøren?
- Får rapporteringane konsekvensar?
 - Endra drift
 - Endra budsjett
 - På kort og/eller lang sikt?




Kontrollutvalets rolle

- Uttale til kommunestyret (kopi til formannskapet)
 - Utfører kontroll på kommunestyret sine vegne
 - Er rekneskapet rett? (Uten vesentlege feil)
 - Bør kommunestyret godkjenne rekneskapet
- Sekretariatet legg fram sak til kontrollutvalet
 - Revisjonsmeldinga og eventuelt andre opplysningar frå revisor er det viktigaste saksgrunnlaget
 - Det varierer kor mykje kontrollutvala kommenterer utover godkjenning / ikkje godkjenning
- Det er kommunedirektøren som er ansvarleg for rekneskapet som blir lagt fram



Nøkkeltal

- Etter ny kommunelov skal kommunestyret vedta
 - finansielle måltal for utviklinga av kommunen sin økonomi
- Samanlikning mellom kommunar:
 - Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene. Minst 1,75% er ein mal for sunn økonomi, jf. teknisk beregningsutvalg. 2018. Aukra 22,2 % i 2018.
 - Langsiktig gjeld: I prosent av driftsinntektene. Ikkje over 50% er mal for sunn økonomi. Landssnitt på ca. 97% i 2018. Aukra 87,6 % i 2018.
 - Disposisjonsfond: I prosent av driftsinntektene. Det er anbefalt å ha eit disp.fond på mellom 5-10 %. Landssnitt på ca. 10% i 2017. Aukra 87,6 % i 2018.



Kontrollutvalets påsjå-ansvar overfor revisor


*Kontrollutvalgets påse-ansvar overfor revisor innebærer mer enn «å føre tilsyn med» i det det forutsettes at man ved avvik også igangsetter og følger opp tiltak for å bringe forholdet i orden. (Knut Løken, *Kontroll*, 1996)*




Veigledar

Veigledaren er utarbeidd som eit praktisk arbeidsverktøy som skal hjelpe kontrollutvalga og sekretariata til å gjennomføre påsjå-ansvaret overfor revisor på ein god og trygg måte.

- <https://www.fkt.no/nyheter/veileder-kontrollutvalgets-pase-ansvar-overfor-regnskapsrevisor/>





Anbefaling frå FKT


- Oppdragsavtale
 - Leveranseomfang
 - Arbeidsform og arbeidsdeling
 - Krav til revisor (kompetanse, honorar, orienteringar etc.)
 - Openheitsrapport
 - Ikkje eit lovkrav, men anbefalt av FKT og NKRF
 - Påsjå-ansvaret kan byggast på openheitsrapporten dersom den gir faktisk innsikt i korleis revisjonsselskapet sikrar kvalitet, uavhengigheit og effektiv revisjon
 - Eksempel på openheitsrapport - Møre og Romsdal revisjon IKS, <http://mrrevisjon.no/>

Kontrollutvalet har inngått oppdragsavtale med Møre og Romsdal Revisjon IKS. Ny avtale må inngåast med Møre og Romsdal Revisjon SA.



§ 24–2. Revisors ansvar og myndighet


- Revisor skal utføre regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eierskapskontroll og annen kontroll som er bestemt i lov eller i medhold av lov.
- Revisor skal planlegge, gjennomføre, dokumentere og rapportere sitt arbeid i samsvar med lov og forskrift og god kommunal revisjonsskikk.
- **Revisor skal rapportere om sitt arbeid og resultatene av sin revisjon til kontrollutvalget.**
- Revisor kan kreve at kommunen eller fylkeskommunen legger fram alle opplysninger, redegjørelser eller dokumenter som han eller hun finner nødvendige for å utføre sine oppgaver. Revisor kan også foreta undersøkelser som han eller hun mener er nødvendige. Taushetsplikt er ikke til hinder for å gjennomføre kontrolliltak etter dette leddet.
- Revisor har taushetsplikt etter forvaltningsloven §§ 13 til 13 e.
- Departementet kan gi forskrift om revisors plikter og kvalifikasjoner, skifte av revisor og begrensninger i revisors taushetsplikt.



§ 24-7. Skriftlige påpekninger fra regnskapsrevisor

Revisor skal gi skriftlige meldinger om

- a) vesentlige feil som kan føre til at årsregnskapet ikke gir riktig informasjon
- b) vesentlige mangler ved registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger
- c) vesentlige mangler ved den økonomiske internkontrollen
- d) manglende eller mangelfull redegjørelse i årsberetningen for vesentlige budsjettavvik
- e) enhver mislighet
- f) hvorfor han eller hun ikke har skrevet under på oppgaver som kommunen eller fylkeskommunen skal sende til offentlige myndigheter, og som revisor etter lov eller forskrift skal bekrefte
- g) hvorfor han eller hun sier fra seg revisjonsoppdraget.



§ 24-7. Skriftlige påpekninger fra regnskapsrevisor (forts...)

Meldinger som nevnt i første ledd skal sendes i **nummerte brev** til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren.

Hvis revisor avdekker eller på annen måte blir kjent med misligheter, skal han eller hun straks melde fra om det etter første ledd bokstav e. Når saksforholdet er nærmere klarlagt, skal revisor sende et nytt brev til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren.

Revisor skal årlig gi en skriftlig oppsummering til kontrollutvalget om forhold som er tatt opp etter første ledd, men som ikke er rettet opp eller som ikke er tilstrekkelig fulgt opp.



§24-9. Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen

Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.

Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.


Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.

NY REGEL I KOMMUNELOVEN!



Påsjå-ansvaret

<p>Påse at årsregnskap blir revidert på en betryggende måte</p> <ul style="list-style-type: none">a) Kvalifikasjonskravb) Vandelc) Uavhengighetd) Kvalitetskontroll-systemet i revisjonsforetaket	<p>Holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet</p> <p>Orientering i hht. fasene i revisjonsarbeidet</p> <ul style="list-style-type: none">a) planleggingsfasenb) interimfasenc) årsoppgjørfasend) etterlevelsekontroll	<p>Påse at revisjonsarbeidet foregår i samsvar med</p> <ul style="list-style-type: none">a) bestemmelser som følger av lov og forskrift, herunder kommunal revisjonsskikk (GKRS)b) kontrakt, instruks eller avtaler med revisor
---	---	---



1. Påsjå at årsrekneskapet blir revidert på ein betryggande måte

- a) Kvalifikasjonskrav
 - Eigenerklæring om utdanning, praksis og etterutdanning
- b) Vandel
 - Eigenerklæring om system for vurdering av tilsettes vandel
- c) Uavhengigheit
 - Uavhengighetserklæring frå oppdragsansvarleg revisor
- d) Kvalitetskontrollsystemet i revisjonsforetaket
 - Eksterne kvalitetskontrollrapportar
 - Beskriving frå revisor om intern styringsstruktur og kvalitetskontrollsystem



2. Halde seg løpande orientert om revisjonsarbeidet

- a) Orientering frå planleggingsfasen
 - Revisjonsplan
- b) Orientering frå interimfasen
 - Status i høve til revisjonsplana
- c) Orientering frå årsoppgjørphasen
 - Resultat frå revisjonsarbeidet
- d) Orientering om etterlevingskontroll
 - Risiko- og vesentlegvurdering
 - Skriftleg uttale til kontrollutvalet



3. Påsjå at revisjonsarbeidet foregår i tråd med lov, forskrift etc.

- a) Sekretariatet innhentar
 - a) Revisjonsberetning
 - b) Administrasjonen si vurdering av samspelet med revisor
 - c) Revisor si oppsummering etter gjennomført revisjon.
- b) Vurdering av revisjonsarbeidet med hensyn til kontrakt, avtaler og eventuelle instruksar



Kontrollutvalets påsjå-ansvar

- Kontrollutvalet i Aukra har dei to siste åra handsma sak:
Vurdering av kontrollutvalets tilsynsansvar for revisjon – revisjonsåret 2017
Sak 35/18, i møte 10.12.2018
Vurdering av kontrollutvalets tilsynsansvar for revisjon – revisjonsåret 2018
Sak 25/19, i møte 25.09.2019
- Saka oppsummerer dei tilhøva som ligg i kontrollutvalets påsjå-ansvar.



Saksframlegg

Utvallssaksnr	Utval	Møtedato
PS 19/20	Kontrollutvalet	16.06.2020

FINANSRAPPORT PR. 30.04.2020 – AUKRA KOMMUNE

Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet tek finansrapport pr. 30.04.2020 – Aukra kommune, til orientering.

Saksopplysninger

Kommunelova av 22.06.2018 med verknad frå 01.01.2020 slår fast følgende i:

§ 14-1. Grunnleggende krav til økonomiforvaltningen

Kommuner skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid.

Kommuner skal utarbeide samordnete og realistiske planer for egen virksomhet og økonomi og for lokalsamfunnets eller regionens utvikling.

Kommuner skal forvalte finansielle midler og gjeld på en måte som ikke innebærer vesentlig finansiell risiko, blant annet slik at betalingsforpliktelse kan innfris ved forfall.

§ 14-13. Finans- og gjeldsforvaltning

Kommunedirektøren skal minst to ganger i året rapportere til kommunestyret om forvaltningen av finansielle midler og gjeld. I tillegg skal kommunedirektøren etter årets utgang legge fram en rapport som viser utviklingen gjennom året og status ved utgangen av året.

Aukra kommunestyre har den 19.06.2018 i sak 49/2018 vedteke revidert reglement for finans- og gjeldsforvaltninga.

Vedlegg:

- Saksframlegg til formannskapet 08.06.2020, sak 32/20 rapportering finansforvaltning 30.04.20 med vedlegg.

VURDERING

Kontrollutvalet har ikkje ein formell funksjon i tilknytning til tertialrapporteringa slik som ein har for årsrekneskapet, men fører kontroll med forvaltninga på vegne at kommunestyret. Økonomi er i den samanheng eit viktig element å ha kontroll med. Kontrollutvalet ønskjer på den bakgrunn å følgje med på tertialrapporteringa, rapportering på finans- og gjeldsforvaltninga og budsjettreguleringar.

Ifølge kommunen sitt finansreglement skal kommunedirektøren i samband med tertial rapporteringane pr. 30.04 og 31.08 leggje fram rapportar for kommunestyret som viser status for forvaltninga av:

- Ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsformål
- Langsiktige finansielle aktiva
- Gjeldsporteføljen

Rapporten skal ta utgangspunkt i Aukra kommune sitt finansreglement kapittel 9.

Rapport over finans- og gjeldsforvaltninga gjev ei samla oversikt over kommunen sin likviditet, plassering av langsiktig finansielle aktiva og gjeld. Finansforvaltninga har som overordna formål å sikre ei rimeleg avkasting samt stabile og låge netto finansieringskostnader for kommunen sine aktivitetar innanfor definerte risikorammer.

Aukra kommune har god likviditet og midlar berekna til driftsformål er plassert i bank i tråd med retningslinjer i reglementet.

Samla urealisert tap hittil i 2020 på finansielle instrumenter er på 10,7 mill. kr. Det er for 2020 budsjettet med ei samla avkasting på 16,6 mill. kr. Dette gjev eit negativt avvik pr. 30.04.20 på 27,2 mill. kr. Kommunaldirektøren rår til at budsjettet for avkasting på langsiktig aktiva blir redusert med 16,6 mill. kr for 2020. Frå starten av 2020 var det ei god avkasting på Aukra kommune sine langsiktige aktiva fram til midten av februar. Situasjonen endra seg raskt då Covid 19 slo til i finansmarknaden. Renteinntekter på bankinnskota er hittil kr 1.286.000. Renteinntekter som er periodisert for første tertial 2020 er kr 1.227.000.

Forvaltninga av kommunen sin likviditet er i tråd med finansreglementet.

Kommunen har til saman 18 lån fordelt på 3 låneinstitusjonar:

- Kommunalbanken, 287 mill. kr., består av 5 lån, der største lån er på 86,6 mill. kr.
- Kommunal Landspensjonskasse, eitt lån på 53,7 mill. kr.
- Husbanken, 40 mill. kr som i hovudsak består av startlån som er lån til vidare utlån.

Lån som belastar kommunekassa er pr. 30.04.2020 på 150 mill. kr.

Gjennomsnittleg løpetid på kommunen si gjeldsportefølje er 11 år. Det er verdt å merke seg at kommunen har ei avdragstid på sine lån på 15 år etter vedteken økonomisk handlingsregel. Etter rekneskapsreglane kan kommunen betale 12,4 mill. kr i avdrag, mens kommunen har valt å betale ned låna med avdrag på 36,9 mill. kr pr. år. Dette gjev ei potensiell innsparing på 24,5 mill. kr opp mot sentralt regelverk.

Kommunen si finansforvaltning når det angår gjeldsområdet er i samsvar med gjeldande reglement.

Det er ikkje meldt avvik frå finans- og gjeldsreglementet som gjev grunn til rapportering til kommunestyret jf. Finans- og gjeldsreglementet kap. 9.4.

Sveinung Talberg
Rådgjevar



Arkivsak-dok. 20/01587-5
Saksbehandler Svein Hartvig Pettersson

Saksgang	Møtedato	
Formannskapet	08.06.2020	32/20
Kommunestyret	18.06.2020	

Saksframlegg

Rapportering finansforvaltning pr 30.04.2020

Kommunedirektøren si tilråding:

Rapporten vert teke til vitande

Bakgrunn

Ifølgje kommunen sitt finansreglement skal kommunedirektøren i samband med tertial-rapporteringane pr. 30. april og 31. august leggje fram rapportar for kommunestyret som viser status for forvaltninga av:

- Ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsformål
- Langsiktige finansielle aktiva
- Gjeldsporteføljen

Rapporten skal ta utgangspunkt i Aukra kommune sitt finansreglement kapittel 9.

Vedlagt saka følger «Finansrapport 1 tertial 2020» som er utarbeidd i rapporteringsverktøy frå vår hovedbankforbindelse Sparebank1 SMN, og viser status pr 30 april 2020.

Vurdering

Rapport over finansforvaltninga gjev ei samla oversikt over kommunen sin likviditet, plassering av langsiktig finansielle aktiva og gjeld. Kommunen sitt finansreglement (sist revidert 19.06.2018). Gjennom dette finansreglementet er det vedteke målsettingar, strategiar og rammer for:

- Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsformål
- Plassering og forvaltning av kommunens langsiktige finansielle aktiva
- Forvaltning av kommunens gjeldsportefølje og øvrige finansieringsavtaler

Finansforvaltninga har som overordna formål å sikre ei rimeleg avkastning samt stabile og låge netto finansieringskostnader for kommunen sine aktivitetar innanfor definerte risikorammer.

Ledig likviditet og andre midlar berekna til driftsformål

Dette er midlar som skal være tilgjengeleg for å dekkje kommunen sine betalingsforpliktingar etter kvart som dei forfell innanfor ein kort og mellomlang tidshorisont.

Aukra kommune har god likviditet og midlar berekna til driftsformål er plassert i bank i tråd med retningsliner i reglementet. Vilkår i hovudbank er ved utgangen av 1 tertial 2020, 3 mnd. Nibor + 50 basispunkter (act/360) for innskot over 31 dagar og 3 mnd. Nibor + 35 basispunkter (act/360) på løpande driftslikviditet. Pr. utgangen av april var 3 mnd. Nibor på 0,50%.

Langsiktige finansielle aktiva

Dette er midlar som ikkje må reknast som ledige likvider eller andre midlar berekna til driftsformål, og som ut frå kommunen sin økonomiske situasjon kan sjåast forsvarleg å forvalte med ein lang tidshorisont med noko mindre fokus på kortsiktige marknadssvingingar. Dette kan være midlar på ubundne investeringsfond, deler av disposisjonsfondet og midlar som er vedteke avsett til fond og som ikkje skal brukast til finansiering av aktiva på kort sikt. I Aukra kommune er fond for fastlandsløysing vurdert å være kommunen sine langsiktige finansielle midlar.

Langsiktige finansielle aktiva er plassert delvis i bank og delvis i andre aktiva klassar. Kommunedirektøren har etter fullmakter i reglement for finansforvaltning sitt punkt 5.3 inngått avtale om forvaltning av kommunen sin langsiktig aktiva.

Avkastning på kommunen si plassering hos eksterne forvaltarar er slik:

- Sparebanken Møre har så langt i 2020 hatt ei avkastning på porteføljen på -3,55% mot ein referanseindeks på -1,15%. Verdien er redusert med kr. 3.736.238,- så langt i 2020 etter at honorar på kr 138.929,- er dekt. Kapital til forvaltning ved utgangen av første tertial er kr 97.608.481,-.
- Sparebank1 kapitalforvaltning har så langt i 2020 ei negativ avkastning på -3,52% mot ein referanseindeks på -1,40 %. Verdien har blitt redusert med kr. 4.110.687,- hittil i år etter at forvaltningshonorar på kr 26.731,- er dekt. Kapital til forvaltning ved utgangen av første tertial er kr 112.791.362,-

- Fondsforvaltning har så langt i 2020 ei avkasting på -2,08% mot ein referanseindeks på 0,87%. Verdien i denne perioden er redusert med kr 2.775.545,- etter at forvaltningshonorar på kr 75.950,- er dekt. Kapital til forvaltning ved utgangen av fyrste tertial er kr 129.055.271,-
- KLP har så langt i 2020 ei avkasting på -0,02% mot ein referanseindeks på -0,09%. Verdien har i fyrste tertial gått ned med kr 15.800,- etter at forvaltningshonorar på kr 76.016,- er dekt. Kapital til forvaltning ved utgangen av andre tertial er no kr.105.038.443,-. Investeringane i KLP er gjort i indeksfond, der avkastinga bestemmes ut frå den samla utviklinga i marknaden som er grunnlag for oppbygginga av indeksfondet.

Status pr 30.04.2020

Samla urealisert tap hittil i 2020 på finansielle instrumenter er kr.10.606.670,-. Det er for 2020 budsjettert med ei samla avkasting kr. 16.610.000,-

Renteinntekter på bankinnskota er hittil kr 1.286.000,- Renteinntekter som er periodisert for første tertial 2020 er kr 1.227.000,-.

Forvaltninga av kommunen sin likviditet er i tråd med finansreglementet.

Utvikling etter førre rapportering

Frå starten av 2020 var det ei god avkasting på Aukra kommune sine langsiktige aktiva fram til midten av februar. Situasjonen endra seg raskt då Covid 19 slo til i finansmarknaden. I slutten av mars måned hadde vi eit urealisert tap på kr 23.312.331,- som tilsvarar ein nedgang på 5,4%. Nedgangen i aksjemarknaden var i same tida på om lag 30%. Det viser at den forsiktige strategien til Aukra kommune har svart seg i denne tida. Våre forvaltarar reknar med fortsatt uro i finansmarknaden i tida framover og det er mange faktorar som vil påverke utfallet avkastinga vår. Kommunaldirektøren er, ut frå forvaltarane sine signal, spent på utviklinga resten av året.

Gjeld

For kommunen si lånegjeld pr. 30.04.2020 er følgjande parameter slik:

	30.04.2020	31.12.2019	Endring
Gjeld (tal i tusen)			
Samla gjeld (mill. kroner)	381	389	-8
Nettogjeld (mill. kroner)	335	343	-8
Nettogjeld pr innbyggjar (tusen kroner)	106	104	2
Renter			
Andel fastrente av lån som belaster kom. kassa	30,8	30,8	0
Budsjettert rentekostnad	8,8	7,7	1,1
Estimert rentekostnad	6,5	8,5	-2
Stresstest av gjeld som belaster kom.kass. (1%)	1,2	1,2	0
Likviditet			
Vekta løpetid (år)	11,0	11,3	-0,3
Lån som må refinansierast innen 12 mnd	0	0	0

Renter med løpetid over eit år er definert som fast rente. Netto gjeld er samla gjeld redusert med startlån.

Kommunen har til saman 18 lån fordelt på 3 låneinstitusjonar:

- Kommunalbanken (287 mill. kroner), består av 5 lån, der største lån er på 86,6 mill. kroner.
- Kommunal Landspensjonskasse (eitt lån på kr. 53,7 mill. kroner)
- Husbanken (40 mill. kroner) som i hovudsak består av startlån (lån til vidare utlån)

Lån som belastar kommunekassa er pr. 30.04.2020 på kr. 150 mill. etter reduksjon for lån til vidareutlån (kr. 38 mill) , lån til VARFS- føremål grunnlag (135 mill.) og grunnlag for rentekompensasjon frå staten grunnlag (17 mill). Gjennomsnittleg løpetid på kommunen sin gjeldsportefølje er 11 år.

Kommunen si finansforvaltning er i samsvar med gjeldande reglement.

Administrative konsekvensar

Ingen direkte konsekvensar

Folkehelsekonsekvensar

Ingen direkte konsekvensar

Økonomiske konsekvensar

Det er for tidleg å seie noko endeleg om avkastinga i finansmarknaden, men kommunaldirektøren rår allereie no, til at budsjettet for avkasting på langsiktig aktiva blir redusert med 16,6 mill for 2020. Marknadane kan endre seg raskt, men ut frå dagens kunnskap rår ein til at budsjettet blir endra i tråd med dette. Ein vil også foreslå å redusere budsjetterte renteinntekter og renteutgifter då rentenivået har gått ned. Dette er teke inn som ei tilrådd endring i budsjettkorrigeringsgssaka pr 30.04.2020.

Erna Lovise Varhaugvik/Økonomisjef

Ingrid Husøy Rimstad/Kommunedirektør


Særutskrift

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal revisjon IKS

Vedlegg

Finansrapport 1 tertial 2020

Aukra kommune




Finansrapport 1. tertial 2020

Utarbeidet i kommuneportalen.no

30.04.2020

1 Hovedoversikt	1
1.1 Netto gjeld med renterisiko	1
1.2 Nøkkeltall	1
1.3 Oppsummering	1
2 Krav i finansreglement og faktisk forvaltning	2
2.1 Kortsiktig aktiva	2
2.2 Langsiktig aktiva	2
2.3 Passiva	2
2.4 Kommentar	2
3 Ledig likviditet og andre midler beregnet til driftsformål	3
3.1 Likviditetsutvikling	3
3.2 Plassering av ledig likviditet	3
3.3 Renter på ledig likviditet	3
3.4 Kommentar	3
3.5 Sammensetning av ledig likviditet	4
3.6 Kommentar	4
4 Langsiktige aktiva	5
4.1 Markedsverdi	5
4.2 Avkastning	5
4.3 Sammensetning	5
4.4 Kommentar	5
5 Gjeld	6
5.1 Samlet gjeld	6
5.2 Største lån i pst. av samlet gjeld	6
5.3 Lånekilder	6
5.4 Kommentar	6
5.5 Sammensetning av gjeld	7
5.6 Kommentar	7
6 Nedbetaling av gjeld	8
6.1 Løpetid på lån	8
6.2 Lån som må refinansieres innen 1 år	8
6.3 Avdrag på lån	8
7 Finansiell risiko	9
7.1 Nøkkeltall	9
7.2 Stresstest (1 pst. renteøkning)	9
7.3 Andel faste renter	9
7.4 Lengde på faste renter	10
7.5 Årlige rentekostnader	10
7.6 Netto gjeld per innbygger	10
8 Renter	11
8.1 Egne rentebetingelser	11
8.2 Markedsrenter	11
8.3 Historisk renteutvikling	11
8.4 Den norske rentekurven	11
8.5 Kommentar	11
9 Vedlegg	12
9.1 Eksisterende lån	12
9.2 Rentebytteavtaler	13
9.3 Om finansrapporten	14
9.4 Ordliste	14
9.5 Disclaimer	17

1 Hovedoversikt



1.1 Netto gjeld med renterisiko

	30.04.2020	31.12.2019	Endring
Samlet gjeld	381	389	-9
- Lån med rentedekning	206	206	-1
- Ledig likviditet	184	146	38
- Lån med fast rente	52	54	-2
= Netto gjeld med renterisiko	-60	-17	-43

1.2 Nøkkeltall

	30.04.2020	31.12.2019	Endring
Stresstest av "Netto gjeld med renterisiko" (1 pst.)	0,0	0,0	0,0
Lengde på faste renter	3 år, 3 mnd	3 år, 7 mnd	-4 mnd
Løpetid på lån	11 år	11 år, 3 mnd	-3 mnd
Lån som må refinansieres innen 12 måneder	0	0	0
Langsiktige aktiva	557	565	-8

1.3 Oppsummering

Ledig likviditet er lik kommunen sin kortsiktige aktiva. Ut frå gjeldande politiske vedtak er Fond for fastlandsløysing rekna som langsiktig aktiva.

Oversikt viser at kommunen godt sikra i forhold til auka rentenivå, noko som talar for at det ikkje er grunn for sikring gjennom fast rente.

Det er ingen lån som skal refinansieres i løpet av de neste 12 månedene.

2 Krav i finansreglement og faktisk forvaltning

2.1 Kortsiktig aktiva

	Ja	Nei
Det er vedtatt rammer for forvaltningen	✓	
Forvaltning av ledig likviditet er i henhold til finansreglementet	✓	

2.2 Langsiktig aktiva

	Ja	Nei
Kommunen har langsiktige finansielle aktiva	✓	
Det er vedtatt rammer for forvaltningen	✓	
Det utarbeides egen rapport	✓	
Forvaltningen er i henhold til finansreglement	✓	


2.3 Passiva

	Finansreglement			Faktisk forvaltning	
	Krav	Min	Maks	30.04.2020	31.12.2019
Største lån i prosent av samlet gjeld	✓		40 %	22,8 %	22,3 %
Andel lån med "Faste renter" av "Samlet gjeld"	✓		75 %	13,6 %	13,9 %
Andel "Netto gjeld med renterisiko" av "Samlet gjeld"				-15,8 %	-4,4 %
Faste renter av "Gjeld som belaster kommunekassen"				30,8 %	30,8 %
Rentebinding, faste renter	✓	1,0	10,0	3 år, 3 mnd	3 år, 7 mnd
Gjeld som må refinansieres innen 1 år				0,0 %	0,0 %
Renter og avdrag som andel av frie inntekter				9,2 %	0,0 %

2.4 Kommentar

3 Ledig likviditet og andre midler beregnet til driftsformål


3.1 Likviditetsutvikling



3.2 Plassering av ledig likviditet

	30.04.2020	31.12.2019	Endring
Hovedbank	136,5	144,3	-7,8
Andre banker	47	1,5	45,5
Rentepapirer	0	0	0
Aksjer	0	0	0
Sum	183,5	145,8	37,7


3.3 Renter på ledig likviditet



3.4 Kommentar

Med "ledig likviditet og andre midler beregnet til driftsformål" menes midler som skal kunne være tilgjengelege for å dekke kommunens betalingsforpliktelser etter kvart som dei forfell innanfor ein kort og mellomlang tidshorisont. Desse midlane skal forvaltas med lav finansiell risiko og høg likviditet i all hovudsak gjennom plassering som innskott i bank.

3.5 Sammensetning av ledig likviditet



	30.04.2020	31.12.2019	Endring
Ledig likviditet	184	146	38
- Ubrukte lånemidler	7	7	0
- Disposisjonsfond	95	95	0
- Bundne driftsfond	7	8	-1
- Bundne investeringsfond	2	2	0
- Ubundne investeringsfond	5	5	0
= Øvrig likviditet	68	29	39

3.6 Kommentar

Kommunen sitt generell disposisjonsfond er på kr 95,1 mill, tilsvarende 15,47 prosent av sum driftsinntekter. Det er eit mål i kommunen sine økonomiske handlingsreglar at dette er på minimum 8 %.


Oversikt viser at Aukra kommune har svært god likviditet.

4 Langsiktige aktiva


4.1 Markedsverdi

	30.04.20	31.12.19	Endring
Bank	113	110	3
Pengemarkedet	47	52	-5
Obligasjonsmarked	321	322	0
Aksjer	76	82	-5
Sum	557	565	-8

4.2 Avkastning



4.3 Sammensetning



4.4 Kommentar


Første tertial 2020 har vært turbulent i finansmarkedet. Aksje- og rente/obligasjonsmarkedet har vært påvirket av store fall. Falla har også påvirket Aukra kommune si portefølje med ein nedgang på 10,6 mil kroner.

5 Gjeld


5.1 Samlet gjeld

	30.04.20	31.12.19	Endring
Kommunalbanken	287	293	-6
Husbanken	40	40	0
KLP	54	56	-2
Obligasjoner	0	0	0
Sertifikater	0	0	0
Andre	0	0	0
Sum	381	389	-9

5.2 Største lån i pst. av samlet gjeld




5.3 Lånekilder



5.4 Kommentar

Det er ikkje tatt opp nye lån i 2020. Gjelda er redusert med 9 mill i første tertial.

5.5 Sammensetning av gjeld



	30.04.2020	31.12.2019	Endring
Samlet gjeld	381	389	-9
- Videreutlån	38	39	-1
- Ubrukte lånemidler	7	7	0
= Netto gjeld	335	343	-8
- Lån til vann, avløp og renovasjon	150	150	0
- Lån med rentekompensasjon fra staten	17	17	0
= Gjeld som belaster kommunekassen	168	176	-8

5.6 Kommentar


I netto gjeld er det her teke omsyn til ubrukte lånemidlar på kr 7 mill. Ubrukt lånemidlar er midlar øyremerka startlån /forvaltningslån frå Husbanken.

Rentekostnad på lån nytta til finansiering av sjølvkostområda er sikra gjennom dekning av renteutgiftene i gebyrfastsettinga.

6 Nedbetaling av gjeld

6.1 Løpetid på lån


Kommentar



6.2 Lån som må refinansieres innen 1 år

Kommentar


mill. kr



6.3 Avdrag på lån

Kommentar

mill. kr



Nedbetalingstid på 15 år gjev betydeleg høgare avdrag enn krav om minimumsavdrag.


7 Finansiell risiko

7.1 Nøkkeltall

Renterisiko	30.04.2020	31.12.2019	Endring
Stresstest av "Gjeld som belaster kommunekassen" (1 pst.)	1,2	1,2	-0,1
Faste renter av "Lån som belaster kommunekassen"	30,8 %	30,8 %	0,0 p.
Lengde på faste renter (år)	3,3	3,6	-0,3
Anslag på årlig rentekostnad	6,5	8,5	-2,1
Budsjettetert årlig rentekostnad	8,8	7,7	1,1
Likviditetsrisiko			
Lån som må refinansieres innen 12 måneder	0	0	0
Løpetid på lån (år)	11,0	11,3	-0,3
Gjeld			
Netto gjeld (mill. kroner)	373	382	-9
Netto gjeld per innbygger (tusen kroner)	107	109	-2

7.2 Stresstest (1 pst. renteøkning)


mill. kr



Kommentar

Stresstest viser at auke i rente med 1 % gjev auka utgifter med kr. 1,2 mill.

7.3 Andel faste renter




Kommentar

Lån med fast rente utgjer ved utgangen første tertial 2020 30,8% av totale lån i kommunen.

Netto gjeld er samla gjeld redusert med startlån.

7.4 Lengde på faste renter




Kommentar

Aukra kommune har pr i dag eit fastrentelån. Renta er på 2,42% i 3,3 år. Det er i finansreglemente åpna for å bruke både faste og flytande rente for å ha forutsigbare og stabile rentekostnader.

7.5 Årlige rentekostnader

mill. kr




Kommentar

Budsjettet har lagt til grunn ei rente på 2,48 prosent for budsjettåret. Rentenivået har siden april endra seg. Det har ikkje hatt noko effekt for Aukra kommune i første tertial, men får effekt fra mai med reduserte renter.

7.6 Netto gjeld per innbygger

tusen kr



Kommentar

Aukra kommune har ei relativt høg gjeld pr. innbyggjar, noko som isolert sett er grunn til bekymring. Sidan kommunen har høge årlege brutto driftsinntekter er dette eit nivå som kommunen likevel forsvarer godt innanfor sitt økonomiske handlingsrom.

8 Renter


8.1 Egne rentebetingelser

	30.04.2020	31.12.2019	Endring
Flytende lån	1,43 %	2,33 %	-90 p.
Fastrentelån	2,42 %	2,42 %	0 p.
Rentebytteavtaler	0,00 %	0,00 %	0 p.
Gjennomsnittlig rente	1,56 %	2,34 %	-78 p.


8.2 Markedsrenter

	30.04.2020	31.12.2019	Endring
Norges Banks styringsrente	0,25 %	1,50 %	-125 p.
3 mnd. Nibor	0,50 %	1,84 %	-134 p.
5 års swaprente	0,65 %	2,00 %	-135 p.
10 års swaprente	0,87 %	2,07 %	-120 p.

8.3 Historisk renteutvikling



8.4 Den norske rentekurven



8.5 Kommentar

9 Vedlegg

9.1 Eksisterende lån

Nr	Lånegiver/lånenr	Rentetype	Hovedstol	Rente	Rentebinding	Løpetid lån
1	Husbanken_146113832	p.t.	656 212	2,040 %	14 d	2 år, 8 mnd
2	Kommunalbanken_20110767	p.t.	28 000 000	1,400 %	14 d	6 år, 7 mnd
3	Kommunalbanken_20120542	p.t.	64 000 020	1,400 %	14 d	7 år, 7 mnd
4	Kommunalbanken_20130718	NIBOR 3M	56 666 690	1,100 %	1 mnd, 15 d	8 år, 7 mnd
5	Kommunalbanken_20150344	Fast	51 700 190	2,420 %	3 år, 3 mnd	10 år, 9 mnd
6	KLP_8317.54.62158	p.t.	53 666 667	1,900 %	14 d	11 år, 4 mnd
7	Husbanken_149329062	p.t.	271 200	1,040 %	14 d	1 år, 10 mnd
8	Husbanken_146289996	p.t.	996 721	2,040 %	14 d	10 år, 6 mnd
9	Husbanken_146307319	p.t.	261 294	2,040 %	14 d	12 år, 1 mnd
10	Husbanken_146326533	p.t.	3 478 339	2,040 %	14 d	15 år, 1 mnd
11	Husbanken_146332838	p.t.	3 739 566	2,040 %	14 d	16 år, 2 mnd
12	Husbanken_146338504	p.t.	3 783 426	2,040 %	14 d	10 år, 6 mnd
13	Husbanken_14634502	p.t.	4 625 000	2,040 %	14 d	18 år, 3 mnd
14	Husbanken_14636151	p.t.	3 000 000	2,040 %	14 d	20 år, 1 mnd
15	Husbanken_14637827	p.t.	3 679 999	2,040 %	14 d	22 år, 2 mnd
16	Kommunalbanken_800063	NIBOR 3M	86 666 680	1,100 %	1 mnd, 15 d	12 år, 7 mnd
17	Husbanken_146382825	p.t.	5 800 648	2,040 %	14 d	23 år, 6 mnd
18	Husbanken_146387253	p.t.	9 672 000	2,040 %	14 d	23 år, 11 mnd
			380 664 652	1,563 %	6 mnd, 6 d	11 år

9.2 Rentebytteavtaler

Nr	Kontraksnummer	Hovedstol	Fastrente	Start dato	Gjenstående løpetid
		0	0,00 %		0 d

9.3 Om finansrapporten

Finansrapporten er utformet etter § 7 i Forskrift om kommuners og fylkeskommuners finans- og gjeldsforvaltning og gir en beskrivelse av følgende forhold:

- Kommunens finansielle risiko
- Hvordan aktiva og passiva er sammensatt
- Markedsverdi for aktiva, både samlet og for hver gruppe av aktiva
- Verdi for passiva og verdi av lån som forfaller og må refinansieres innen 12 måneder
- Vesentlige markedsendringer
- Endringer i kommunens finansielle risiko
- Aktuelle markedsrenter og kommunens egne rentebetingelser
- Avvik mellom kravene i finansreglementet og den faktiske forvaltningen

9.4 Ordliste

Begrep	Definisjon
Anslag på årlig rentekostnad	Er et oppdatert anslag på kommunens rentekostnad for samlet gjeld. Estimater består av påløpte rentekostnader frem til rapporteringstidspunktet og estimerte rentekostnad for gjenstående måneder av året for samlet gjeld.
Avdrag på lån	Kommuneloven stiller krav til avdragsnivå på investeringer. Rapporten viser kommunens budsjetterte avdrag inneværende år og kommunens lovpålagte minimumsavdrag.
Avkastning, langsiktig aktiva	Er et oppdatert anslag på kommunens avkastning på langsiktig aktiva. Avkastningen er summen av renteinntekter, verdistigning på aksjer og utbytte. Kommunens langsiktige aktiva skal være definert i finansreglementet. Se også renter på ledig likviditet.
Avkastning til nå	Avkastning på kommunens langsiktige aktiva på rapporteringstidspunktet. Se avkastning, langsiktig aktiva.
Budsjettert avkastning	Er budsjettert avkastning på kommunens langsiktige aktiva. Budsjetterte avkastning i år er det som er lagt til grunn i årets budsjett. Se avkastning langsiktig aktiva.
Budsjetterte renteinntekter i år	Er budsjetterte renteinntekter på kommunens kortsiktige aktiva. Dvs. renteinntekter på aktiva som ikke er vedtatt som langsiktig aktiva.
Bundne driftsfond	Avsetninger som kommunestyret ikke kan disponere fritt. Midler på bundne driftsfond er som regel ubrukte tilskudd til bestemte formål.
Bundne investeringsfond	Avsetninger som kommunestyret ikke kan disponere fritt. Midler på bundne investeringsfond er knyttet bestemte fremtidig investering som ikke kan omdisponeres til andre formål.
Disposisjonsfond	Avsetninger som kommunestyret kan disponere fritt. Midler på disposisjonsfond stammer fra tidligere års overskudd og er ment som en buffer mot uforutsette kostnader eller inntektssvikt. Midler som er vedtatt forvaltet som langsiktig aktiva er ikke en del av kommunens ledige likviditet.
Egne rentebetingelser	Rentebetingelser på kommunens gjeld vektet ut fra lånets størrelse
Flytende lån	- Viser gjennomsnittlig rente p.a. på lån med flytende rente
Fastrentelån	- Viser gjennomsnittlig rente p.a. på lån med fast rente
Rentebytteavtaler	- Viser gjennomsnittlig rente p.a. på rentebytteavtaler
Gjennomsnittsrente	- Viser kommunens gjennomsnittlige rente p.a. som et veid gjennomsnitt av flytende lån, fastrentelån og rentebytteavtaler

Begrep	Definisjon
Fast rente	Gjelder rente med bindingstid. Beregningen tar utgangspunkt i rente på lån med rentebinding over 1 år og alle avtaler om rentesikring (uavhengig av gjenstående bindingstid). Lån med rentebinding under 1 år er definert som flytende rente. Se Flytende rente
Flytende rente	Renter på alle lån uten rentebinding eller lån med rentebinding der gjenstående løpetid er under ett år. Alle lån med p.t. betingelser og nibor-lån er definert som flytende rente. Ingen rentebytteavtaler er definert som flytende rente.
Frie inntekter	Frie inntekter er midler kommuner og fylkeskommuner fritt kan disponere uten andre føringer fra staten enn gjeldende lover og regler. De frie inntektene består av skatteinntekter og rammetilskudd og utgjør om vel 75 pst. av kommunens samlede inntekter (inkl. momskompensasjon).
Gjeld som belaster kommunekassen	Er Samlet gjeld med fradrag for ubrukte låne og lån hvor renten finansieres av andre kilder enn kommunekassen.
Gjennomsnittlig rente	Gjennomsnittlig rente er beregnet som et veid gjennomsnitt av rentesatser på lån og rentesatser på finansielle instrumenter.
Gjenstående løpetid	Den tiden som står igjen før lånet skal være innfridd eller nedbetalt i henhold til låneavtalen.
Husbanken	Eid av den norske stat og tilbyr lån til kommuner og fylkeskommuner. Formålet er boligpolitisk. Kommunens lån i Husbanken er ofte knyttet til videre utlån av Startlån til førstegangsetablerere.
KLP	Norges største pensjonsselskap. Eid av kommuner, helseforetak og andre med offentlig tjenstepensjon i selskapet. Tilbyr lån til offentlig eid virksomhet og andre som utfører offentlige tjenester.
Kommunalbanken	Eid av den norske stat og tilbyr lån til kommuner og fylkeskommuner. Formålet er å sikre kommunesektoren stabil og rimelig finansiering.
Kredittmargin	Rentepåslag långiver har på markedsrentene.
Langsiktig aktiva	Kommunens langsiktige finansielle aktiva skal være angitt i kommunens finansreglement.
Ledig likviditet	All aktiva som kommunestyret ikke har definert som langsiktig aktiva
Lengde på faste renter	Gjennomsnittlig rentebinding på lån med faste renter og rentesikringsavtaler og sier noe om forutsigbarheten på kommunens faste renter. Rentebindingsperioden for hver enkelt avtale vektet i forhold til summen av alle fastrenteavtalene.
Likviditetsutvikling	Viser faktisk likviditetsutvikling og beste anslag på likviditet gjennom året.
Løpetid på lån	Angir nedbetalingstid på samlet gjeld. Nedbetalingstid er normalt i samsvar med investeringsens levetid. I senere år er det blitt mer vanlig med kortere løpetid. Lånet må da refinansieres før investeringen er nedbetalt. Refinansieringsrisiko gjør at Kommunen derfor skal rapportere alle lån som må refinansieres innen de kommende 12 måneder.
Lån med rentedekning	Lån hvor rentekostnader er eksternfinansiert: a) alle lån med rentekompensasjon fra staten b) alle startlån og andre lån kommunen har lånt ut videre c) alle lån knyttet til vann, avløp og renovasjon (VARF-området)
Lån med rentekompensasjon fra staten	For å stimulere til rehabilitering og nybygg av skoler og svømmeanlegg, samt sikring og bevaring av kirkebygg mv. yter staten rentekompensasjon for påløpte kostnader til prosjektet. Ordningen med rentekompensasjon til skoler og svømmehaller ble avsluttet i 2016 og utfases over en 8 års periode.

Begrep	Definisjon
Lån som belaster kommunekassen	Samlede lån fratrukket videre utlån, ubrukte lånemidler og lån finansiert gjennom kommunale avgifter (vann, avløp og renovasjon mv).
Lån som må refinansieres innen 12 måneder	Lån som forfaller og som må refinansieres innen 12 måneder. Er ofte avdragsfrie lån som inngår i en portefølje av lån med ulike løpetider.
Lån til vann, avløp og renovasjon	Lån til investeringer som finansieres over de kommunale avgiftene basert på selvkostprinsippet. Rentekostnader dekkes av brukerbetaling fra innbyggerne
Markedsrente	Generelt uttrykk for rentenivået med ulike løpetider i markedet.
Norges Banks styringsrente	Fastsettes av Norges Bank og er renten som banker får på innskudd i Norges Bank over natten
3 mnd. Nibor	Norwegian Interbank Offered Rate. Renten norske banker betaler for å låne seg imellom.
5 års swaprente	Enkelt forklart er det prisen på en 5 års faste rente eksklusiv kreditmargin
10 års swaprente	Enkelt forklart er det prisen på en 10 års faste rente eksklusiv kreditmargin
Markedsverdi	Beløpet markedet er villig til å betale for et verdipapir
Minimumsavdrag	Kommuneloven stiller krav til laveste avdragsnivå på lån. Summen av alle lovpålagte avdrag utgjør kommunens årlige minimumsavdrag. Budsjettert avdrag må minst være på nivå med kommunens minimumsavdrag.
Netto gjeld	Kommunens samlede innlån fratrukket videre utlån og ubrukte lånemidler.
Netto gjeld pr. innbygger	Netto gjeld delt på antall innbyggere i kommunen.
Obligasjoner, aktiva	Plassering i et rentebærende verdipapir med løpetid over 1 år og avtalt årlig rente. Dette kan være enkeltstående obligasjoner eller plassering i et obligasjonsfond.
Obligasjoner, gjeld	Et lån kommunen tar opp ved å legge ut et rentebærende gjeldsbrev som noteres på Oslo børs. Obligasjoner er vanligvis et lån med fast rente som har løpetid på minst ett år.
Pengemarked, aktiva	Plassering i et rentebærende verdipapir med løpetid under 1 år. Dette kan være enkeltstående sertifikater eller plassering i et pengemarkedsfond.
Rentebinding	Avtalt bindingstid på renten.
Rentebytteavtaler	Avtale om fast rente uten at det er knyttet et lån til avtalen. Er et alternativ til lån med faste renter og er vanlig å knytte opp til lån med flytende rente. Rentebytteavtaler er et fleksibelt verktøy for å sikre at kommunens andel med faste renter er i tråd med kommunens finansreglement.
Samlet gjeld	Kommunens totale innlån, eksklusive eventuelle pensjonsforpliktelser.
Samlet likviditet	Den likviditeten som kommunen har til disposisjon
Sertifikater, gjeld	Lån som kommunen kan ta opp ved å legge ut et rentebærende gjeldsbrev notert på Oslo børs. Sertifikater er et kortsiktig avdragsfritt lån som har en løpetid fra 3 måneder til 12 måneder.
Stresstest (1 pst)	Viser økonomiske konsekvenser ved en økning i rentenivået.
Stresstest av «Netto gjeld med renterisiko» (1 pst.)	Testen viser økning i netto rentekostnader hvis renten øker med 1 % p.a. Testen tar utgangspunkt i kommunens samlede gjeld fratrukket «lån med rentedekning», «kommunens ledig likviditet (penger på konto, men ikke langsiktig aktiva)» og «lån med faste renter».
Stresstest av «Gjeld som belaster kommunekassen»	Testen viser økning av rentekostnad som belaster kommunekassen dersom renten øker med 1 % p.a. Testen tar utgangspunkt i gjeld som belaster kommunekassen korrigert for lån med faste renter.
Ubrukte lånemidler	Midler som står på bankkonto i påvente av en investering / forbruk.

Begrep	Definisjon
Ubundne investeringsfond	Er avsetninger som kommunestyret kan disponere til investeringsformål. Midler på ubundne investeringsfond kan ikke disponeres til drift.
VARFS-formål	Lån til investeringer som finansieres over de kommunale avgiftene basert på selvkostprinsippet (vann, avløp, renovasjon, feiing og slam).
Vektet	Betyr at en tar hensyn til størrelsen på lånet (store lån teller mer enn små lån).
Vektet løpetid på lån	Uttrykk for gjennomsnittlig nedbetalingstid på låneporteføljen. Benevnes også som durasjon. Se definisjon Vektet.
Vektet rentebinding	Uttrykk for gjennomsnittlig bindingstid på renten og renteinstrumenter (rentebytteavtaler). Benevnes også som durasjon på rentebindingen. Se definisjon Vektet.
Videre utlån	Lån som kommunen har tatt opp for videre utlån til personer og virksomheter utenfor kommunen. Gjelder bl.a. startlån og lån til kommunale selskaper.
Øvrig likviditet	Gir et bilde av kommunens likviditet fratrukket fondsavsetninger og ubrukte lånemidler. Dersom Øvrig likviditet er negativ finansieres løpende betalingsforpliktelser av fondsavsetninger, ubrukte lånemidler, kassekreditt eller lån fra kommunens langsiktige aktiva.

9.5 Disclaimer

Kommuneportalen.no er eid av SpareBank 1 SMN og Finansrapporten er utarbeidet på bakgrunn av innrapporterte tall fra kommunen. SpareBank 1 SMN gir derfor ingen garantier for at innholdet i rapporten er riktig.

Det tas forbehold om at Finansrapporten kan inneholde tekniske unøyaktigheter eller feil. SpareBank 1 SMN fraskriver seg ethvert ansvar for ev. handlinger kommunen måtte foreta seg på bakgrunn av informasjon i finansrapporten.



Saksframlegg

Utvallssaksnr	Utval	Møtedato
PS 20/20	Kontrollutvalet	16.06.2020

ØKONOMIRAPPORT PR. 30.04.2020 – AUKRA KOMMUNE

Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet tek økonomirapport pr. 30.04.2020 – Aukra kommune, til orientering.

Kontrollutvalet uttrykkjer ein viss uro over utviklinga i driftsøkonomien og brudd på vedtekne økonomiske handlingsreglar i kommunestyresak 93/18 den 13.12.18, og vil følgje dette opp gjennom økonomirapporteringa for 2.tertial 2020.

Saksopplysninger

Kommunelova av 22.06.2018 med verknad frå 01.01.2020 slår fast følgende i:

§ 14-1. Grunnleggende krav til økonomiforvaltningen

Kommuner skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid.

Kommuner skal utarbeide samordnete og realistiske planer for egen virksomhet og økonomi og for lokalsamfunnets eller regionens utvikling.

Kommuner skal forvalte finansielle midler og gjeld på en måte som ikke innebærer vesentlig finansiell risiko, blant annet slik at betalingsforpliktelse kan innfris ved forfall.

§ 14-5. Årsbudsjettets bindende virkning. Budsjettstyring

Årsbudsjettet er bindende for kommunestyret og underordnede organer. Første punktum er ikke til hinder for at kommunestyret kan gi et underordnet organ myndighet til å avgjøre at deler av en bevilgning i driftsbudsjettet skal benyttes til å finansiere utgifter i investeringsregnskapet. Første punktum gjelder ikke for utbetalinger som kommunen har en rettslig plikt til å foreta.

Kommunestyret skal endre årsbudsjettet når det er nødvendig for å oppfylle lovens krav om realisme og balanse.

Kommunedirektøren skal minst to ganger i året rapportere til kommunestyret om utviklingen i inntekter og utgifter, sammenholdt med årsbudsjettet. Hvis utviklingen tilsier vesentlige avvik, skal kommunedirektøren foreslå endringer i årsbudsjettet.

Aukra kommunestyre har den 13.12.2018 i sak 93/2018 vedteke revidert økonomireglement som regulerer økonomirapportering og budsjettreguleringar.

Vedlegg:

- Saksframlegg til formannskapet 08.06.2020, Økonomirapportering pr. 30.04.20.

VURDERING

Kontrollutvalet har ikkje ein formell funksjon i tilknytning til tertialrapporteringa slik som ein har for årsrekneskapet, men fører kontroll med forvaltninga på vegne at kommunestyret. Økonomi er i den samanheng eit viktig element å ha kontroll med. Kontrollutvalet ønskjer på den bakgrunn å følgje med på tertialrapporteringa, rapportering på finans- og gjeldsforvaltninga og budsjettreguleringar.

Inntekter

Kommunedirektøren rapporterer om eit tap på årsbasis i rammetilskotet mot budsjettet, eksklusiv tilskot knytt til tiltakspakke for Covid 19, på kr. 2 127 500. På skatteinntekter rapporterer kommunedirektøren eit inntektstap i høve budsjettet på kr. 5 228 000. Kommunedirektøren vil rå til at endringane i rammetilskot og skatt på inntekt og formue blir innarbeidd i sak om budsjettkorrigerer per 30.04.20.

Finans

Ut frå kjente endringar vil kommunen sine renteutgifter på lån bli redusert med 2,6 mill. kr. i høve budsjettet. Renteinntektene vil bli redusert med 1,7 mill. kr i høve budsjettet. I budsjettet for 2020 er avkasting knytt til forvaltning av kommunen sin langsiktige kapital fastsett til 16,6 mill. kr. Stor uro i finansmarknaden har ført til at kommunen pr. 30.04.20 har eit tap på kr. 10,6 mill. kr. Dette gjev eit negativt avvik på 27,2 mill. kr. Oppdatert oversikt pr. 25.05 viser at situasjonen på dette tidspunktet har betra seg noko, til eit tap på kr. 9,4 mill. kr. Kommunedirektøren meiner det er svært lite sannsynleg at ein vil kunne få den avkastninga på 16,6 mill. kr som er lagt inn i budsjettet for 2020. Kommunedirektøren sitt beste anslag er no at ein vil komme ut med eit resultat svarande til kr. 0.

Lønsoppgjer

Lønsveksten for 2020 er berekna og avsett til «buffer» i budsjettet for 2020 med kr. 5,4 mill. kr inklusiv pensjonsutgifter og arbeidsgjevaravgift. Det vart lagt til grunn ein lønsvekst på 3 prosent. Dersom ein baserer seg på KS (SSB) sine prognoser på 2 prosent, vil lønsveksten bli på 3,6 mill., og lønsbuffer kan då reduserast med 1,8 mill. kr.

Driftseiningane

Fleire av einingane melder i denne saka om auka utgifter og inntektsbortfall i samanheng med covid19-pandemien. I opprinneleg budsjett for 2020 var det netto løyvd 306 mill. kr til kommunen sine driftseiningar. I seinare politiske saker er denne løyvinga auka med 14,2 mill. kr slik at netto driftsbudsjett i einingane no er på 320,3 mill. kr. Det er i driftsrapporten og frå einingane meldt nye prognoser som gjev ei auke i behov på 2,8 mill. kr. Deler av denne prognosen gjeld endra premisser i drifta, som gjev auka driftsutgifter som eininga/avdelinga ikkje kan dekkje innanfor ramma.

Oppsummering driftsbudsjettet

Avsetting til disposisjonsfondet blir redusert med 33,7 mill. kr, slik at den samla avsettinga no er på 117,5 mill. kr inklusiv avsetting til fastlandsfondet. Ny prognose på netto driftsresultat vil ut frå føresetnader lagt inn i sak om budsjettkorrigerer pr. 30.04.2020 vere 117,4 mill. kr, som er ein reduksjon på 33,7 mill. kr.

Kommunedirektøren gjer i budsjettendringssak 34/20 til formannskapet 08.06.20 merksam på at disposisjonsfondet etter desse endringane vil ha ein saldo på 5,5 mill. kr i 2020. Samla økonomisk verknad av covid19-pandemien er då enno ikkje kjent og teke omsyn til.

Etter desse innarbeidde endringane i budsjettet vil kommunen ha brudd på punkt 2, 3 og 5 i vedtekne økonomiske handlingsreglar i kommunestyresak 93/18 den 13.12.18 for å trygge berekraftig økonomisk utvikling.

Vidare auke i kommunen si drift vil og sette i fare handlingsregel i punkt 1, om å sikre finansiering av fastlandsløysing gjennom årleg avsetting til fond med kr. 100 mill.

Investeringsprosjekt

Kommunedirektøren opplyser at ein ikkje ventar avvik i forhold til framdrift og/eller økonomisk ramme, utover det som er opplyst i kommentarar til dei enkelte prosjekta av utbyggingsavdelinga og einingsleiarane i budsjettendringssaka til kommunestyret.

Sveinung Talberg
Rådgevar



Arkivsak-dok. 20/01631-10
Saksbehandler Erna Lovise Varhaugvik

Saksgang	Møtedato	
Formannskapet	08.06.2020	33/20
Kommunestyret	18.06.2020	

Saksframlegg

Økonomirapportering pr. 30.04.20

Kommunedirektøren si tilråding:

Rapporten vert teken til vitande.

Bakgrunn

Lov om kommunar og fylkeskommunar Kommunelova har i kapittel 14 rammer for økonomiforvaltinga. Paragraf 14-1 slår fast at kommunar skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handle-evna blir ivareteke over tid.

Paragraf 14-5 omtaler årsbudsjettet sin bindande verknad og budsjettstyring slik:

“Årsbudsjettet er bindende for kommunestyret, fylkestinget og underordnete organer. Første punktum er ikke til hinder for at kommunestyret eller fylkestinget kan gi et underordnet organ myndighet til å avgjøre at deler av en bevilgning i driftsbudsjettet skal benyttes til å finansiere utgifter i investeringsregnskapet. Første punktum gjelder ikke for utbetalinger som kommunen eller fylkeskommunen har en rettslig plikt til å foreta.

Kommunestyret eller fylkestinget skal endre årsbudsjettet når det er nødvendig for å oppfylle lovens krav om realisme og balanse.”

Med rettsleg plikt forstår ein for eksempelvis kontraktsmessig, arbeidsrettsleg, erstatningsrettsleg forplikting, eller forplikting basert på «rettigheitsbestemming» i lov.

Vidare går det i siste avsnitt fram at Kommunedirektøren minst to gonger i året skal rapportere til kommunestyret om utvikling i inntekter og utgifter, samanhalde med årsbudsjettet. Dersom utviklinga tilseier vesentlege avvik, skal kommunedirektøren foreslå endringar i årsbudsjettet.

Vurdering

Innleiing:

Denne saka rapporterer økonomistatus pr. 30. April 2020, og i tråd med kommunelova er det berre vesentlege (nemneverdige) avvik det blir rapportert på. Det er ikkje gjeve føringar på kva som skal vurderast som vesentlege avvik i kommunelova. For Aukra kommune er vesentlege (nemneverdige) avvik, i økonomireglement for budsjettoppfølging og rapportering, fastsett til avvik større enn 1,5 prosent av netto driftsramme, likevel ikkje mindre enn kr 100.000,-.

Kommunen sitt driftsbudsjettet er i tråd med vedteke økonomireglement periodisert, det vil seie at det er fordelt ut over året i samsvar med venta tidspunkt for når utgifter og inntekter kjem. Avvik i høve til periodisert budsjett på rapporteringstidspunktet treng difor ikkje å bety avvik ved årsslutt.

Kommunedirektøren skal etter kommunelova § 13-1 fjerde ledd første punktum påsjå at vedtak som er treft av folkevalde organ blir iverksett utan ugrunna opphald. Ut frå dette følgjer det at Kommunedirektøren har disponeringsfullmakt over Kommunestyret sine vedtekne rammer til det enkelte budsjettområdet. Kommunedirektøren har i tråd med økonomireglement for årsbudsjett blitt gjeve fullmakt til å vidaredelegere sin disponeringsfullmakt, og i administrativt delegasjonsreglement er denne vidaredelegert til leiarane på den enkelte eining/avdeling.

Ei bevilling til drift kan i utgangspunktet berre nyttast til drifts formål, men i kommunen sitt økonomireglement er det, slik lova opnar for, vedteke at kommunedirektøren er delegert mynde til å bruke driftsmidlar (netto rammer i budsjettskjema B) til investeringsformål innanfor same rammeområde. Dette inneber at midlane kan bli nytta til å finansiere kjøp av maskiner, utstyr eller andre tiltak av investeringsmessig karakter. I slike tilfelle vil posten for overføring til investeringsbudsjettet bli auka mot at løyvinga på driftsbudsjettet blir tilsvarande redusert. Finansiering av investeringsløyvet blir då overførte midlar frå rammeområdet si drift. Denne fullmakta er, på same måte som disponeringsfullmakta, vidaredelegert til leiarane på den enkelte eining/avdeling.

I kommunen sitt økonomireglement, er det vidare vedteke følgjande:

- Kommunestyret skal kvar tertial få lagt fram tilstandsrapport so langt i året, som viser avvik sett i forhold til dei vedtekne rammene på det enkelte rammeområde, investeringsprosjekta og dei mål og premisser som er vedteke i årsbudsjettet.
- Vesentlege avvik skal kommenterast særskilt med opplysning om kva tiltak som blir sett i verk for å nå vedtekne mål. Prognoser for resten av året skal beskrivast i rapporten.
- For investeringsprosjekt skal framdrifta og dei økonomiske forholda kommenterast dersom det er avvik. Investeringsprosjekt som er avslutta skal leggest fram for kommunestyret i tråd med vedteke investeringsreglement.

Rapportering:

Frie disponible inntekter

Rammetilskot

Kommunen sitt rammetilskot er pr. rapporteringstidspunktet på 47,5 mill. kroner som er 0,6 mill. kroner høgare enn budsjettet.

I rammetilskotet er det då inkludert kr. 2.761.000,- i ekstraordinær tildeling etter Stortinget sitt vedtak pr. 31. mars (regjeringa si tredje pakke) for å dekke ekstra utgifter og inntektsbortfall som følgje av

Covid 19. Rammetilskot eksklusiv denne kompensasjon viser ei mindreinntekt på kr. 2.127.500,- i forhold til budsjett. Årsak til dette er endra inntektsutjamning i forhold til anslag i budsjett for 2020.

I budsjettert rammetilskot for 2020 er det teke omsyn til eit venta tillegg for inntektsutjamning på kr 2.764.000,-. Inntektsutjamninga er fastsett ut frå ei forventning om at kommunen sin skatteinngang vil ligge litt under landsgjennomsnittet. Inntektsutjamning er lagt inn med 1/10 verknad i kvar utbetalingsmånad for rammetilskot inklusiv inntektsutjamning. I april er det då i budsjettet lagt inn ei forventning om rammetilskot med til saman kr. 1.105.600,-.

Pr. april er det teke omsyn til inntektsutjamning ut frå skatteinngangen til og med februar månad, som då tilsvara 110,2 % av landet sin skatteinngang. Kommunen fekk derfor eit trekk gjennom inntektsutjamninga på kr. 1.021.900,- i staden for eit tillegg.

Samla fører dette til eit avvik i rammetilskot, eksklusiv tilskot knytt til tiltakspakke for Covid 19, på kr. 2.127.500,-.

Opplysningane vi har utover året er at skatteinngangen ved utgangen av april har endra seg til 99,7 prosent av landet. Utjamninga endrar seg då til eit netto trekk på kr 302.000,- etter finansiering av tilleggskompensasjon for kommunar med skattenivå lågare enn 90% av landsgjennomsnittet (finansierast gjennom trekk hos andre kommunar). Storleik på inntektsutjamning er enno usikker og Kommunedirektøren rår til at ein følgjer utviklinga vidare fram til rapportering pr. 31.8. før ein eventuell innarbeidar ein reduksjon i denne.

I revidert nasjonalbudsjett for 2020 er det i tillegg til kompensasjon for verknad av covid19-pandemien gjort følgjande endringar:

- Overføring av skatteinnkrevjinga til staten er utsett til 01.11.2020, og rammetilskotet er derfor auka med kr. 380.000,-.
- For å sørgje for rekruttering til og stabilitet i fastlegeordninga vil regjeringa endre innretninga på basistilskotet. Det blir innført eit knekkpunkt i basistilskotet svarande til 1 000 listeinnbyggjarar fra 1. mai 2020. Satsen under knekkpunktet vil være høgare enn satsen over knekkpunktet. Dette blir kompensert med ei auke på kr. 198.000,-. I tillegg er det foreslått å etablere eit grunntilskot frå 1 mai 2020 til fastlegar med færre enn 500 listeinnbyggjarar på si liste, dersom dei har eit listetak over 500. Kompensasjon for dette utgjer kr. 28.000,-.
- I Prop. 96 L (2019–2020), som vart lagt fram av Kunnskapsdepartementet 29. april 2020, vart forslag om innføring av lovreglar om psykososialt barnehagemiljø og internkontroll i barnehagane handsama. Innføringa av ytterlegare krav og pliktar til barnehagen vil medføre auka krav til kommunen som barnehagemyndigheit. Det er derfor forslag om ekstraløyve tilsvarande i gjennomsnitt om lag 1 veker verk per kommune som gjev ei auke i rammetilskot på kr. 3.000,-.

Samla gjev dette ei auke i rammetilskotet på kr. 610.000,-.

Skatt på inntekt og formue

Skatteinngangen på rapporteringstidspunktet er 32,9 mill. kroner, som er 1,1 mill. kroner lågare enn budsjettert. Skatteinngangen har endra seg i løpet av året frå eit øvre nivå på 111,4% i februar til 99,7% av landsgjennomsnittet i april. Dette er ei utvikling lik førre år, då skatteinngangen i februar var på 105,5% av landet, men endra seg ved årets slutt til på 94,2% av landet. Aukra kommune har pr. utgangen av april ei auke i samla skatteinngang i forhold til 2019 på 5 prosent medan auka på landet var 1,2 prosent.

I revidert nasjonalbudsjett for 2020 (RNB), som vart lagt frem 12. mai, er anslag på årsveksten i skatt for 2020 vesentleg endra. Regjeringa vurderer at kommunesektoren sine samla skatteinntekter vil falle med om lag 5,3 mrd. kroner i 2020, samanlikna med saldert budsjett. Det reviderte skatteanslaget for 2020 inneberer at kommunane vil få en reduksjon samanlikna med dei faktiske skatteinntektene i 2019 på 1,1 prosent. Det er opplyst at det er stor usikkerheit knytt til dette anslaget. KS sine anslag for skattetape er på kr. 9 mrd (tilsvarande ein reduksjon på 1,9 prosent i forhold til faktiske skatteinntekter i 2019), og er då vesentleg høgare enn det som er lagt til grunn i RNB. Avviket er forklart med ulike syn på sysselsettingsutvikling (nedgang på 1 prosent i RNB mot 2,3 prosent i KS sine berekningar). Vidare er det fastsett ulike skattetape knytt til kapitalinntekter, formue og effekten av reduserte rentefrådrag, der RNB legg til grunn eit vesentleg mindre tap enn KS.

I kommunen sitt budsjett for 2020 er det lagt inn ei venta auke i skatteinntekter på 2,4 prosent frå 2019. Dersom ein legg til grunn at ein får same skattetape som føresett i RNB vil dette gje ein reduksjon på 3,6% i forhold til endelege skatteinntekter i 2019. Samla vil dette gje eit inntektstap på kr. 5.228.000,- og ny samla skatteinngang på kr. 102.585.000,-.

Kommunedirektøren vil rå til at endringane i rammetilskot og skatt på inntekt og formue blir innarbeidd i sak om budsjettkorrigerer per 30.04.20

Renteutgifter

Sentralbanken vedtok den 07.05.20 å sette styringsrente ned til 0 prosent. Dette har ført til endra rentevilkår på kommunen sin lån. Ut frå kjente endringar pr. i dag, vil kommunen sine renteutgifter bli redusert med kr. 2,6 mill., frå kr. 8,8 mill til kr. 6,2 mill.

Renteinntekter

På rapporteringstidspunktet har ein motteke kr. 1,4 mill. i renteinntekter. Det er meldt om større endringar i rentevilkåra og etter berekninga ut frå det ein pr. no er kjent med vil renteinntekt for 2020 bli på kr. 2,4 mill. som er ein nedgang på kr. 1,7 mill.

Avkasting langsiktig finansiell kapital

I budsjett 2020 er avkasting knytt til forvaltning av kommunen sin langsiktige kapital fastsett til kr. 16,6 mill. Stor uro i finansmarknaden har ført til at vi pr. rapporteringstidspunktet har eit tap på kr. 10,6 mill. Oppdatering pr. 25.5 viser at situasjonen på dette tidspunktet har betra seg noko, til eit tap på kr. 9,4 mill.

Børsane verda over har falt drastisk som følgje av Covid19 pandemien dei siste månadane. No ser vi at trenden snur og børsane hentar seg inn, men dei er ikkje kome på same nivå som tidlegare. Vidare utvikling i finansmarknaden er svært usikker og det er for tidleg å seie noko endeleg om venta avkastinga i 2020. Det er imidlertid svært lite sannsynleg at vi vil kunne få avkasting som er lagt inn i budsjettet for 2020. Kommunaldirektøren sitt beste anslag er no at ein vil komme ut med eit resultat svarande til kr. 0,-.

Marknadane kan endre seg raskt, men ut frå dagens kunnskap rår kommunedirektøren til at budsjettet blir endra i samsvar med dette skjønnet. Ein følgjer so utviklinga og vil gjere ei ny vurdering ved 2. tertial. Dersom det då er vesentlege avvik vil nye endringar bli tilrådd innarbeidd.

Lønsbuffer

I revidert nasjonalbudsjett blir det gjeve nye anslag på venta lønsvekst i 2020 som følgje av covid19-pandemien. Kommunal deflator (snitt på grunnlag av pris og lønsvekst) er derfor redusert frå 3,1 til 1,4, der lønsveksten er venta å bli på 1,5 prosent og prisveksten 1 prosent. KS som baserer seg på SSB sine siste prognoser for lønsvekst ventar at denne skal bli på 2 prosent.

Lønsvekst for 2020 er berekna og avsett til «buffer» i budsjett for 2020 med kr. 5.400.000,- inklusiv pensjonsutgifter og arbeidsgjevaravgift. Det vart då lagt til grunn ein lønsvekst på 3 prosent. Dersom ein baserer seg på KS (SSB) sine prognoser på 2 prosent vil lønnsveksten bli på 3,6 mill., og lønsbuffer kan då reduserast med kr. 1,8 mill.

Bevilgningsoversikt - drift

Tala er i heile 1000 kroner	Rekneskap pr 30.04.2020	Per. Budsj. pr 30.04.2020	Budsjett m/ endring 2020	Oppr. Budsjett 2020	Rekneskap 2019
Rammetilskudd	47 550	46 917	117 292	117 292	114 355
Inntekts- og formueskatt	32 886	33 961	107 812	107 812	106 389
Eiendomsskatt	128 391	128 400	256 800	256 800	257 803
Andre generelle driftsinntekter	0	0	400	400	881
Sum generelle driftsinntekter	208 828	209 278	482 304	482 304	479 427
Sum bevilgninger drift, netto	121 755	124 799	320 375	306 123	297 911
Avskrivninger	0	0	34 082	34 082	36 941
Sum netto driftsutgifter	121 755	124 799	354 457	340 205	334 852
Brutto driftsresultat	87 073	84 479	127 847	142 099	144 575
Renteinntekter	1 375	1 227	4 082	4 126	15 310
Utbytter	2	0	0	0	234
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidler	-10 620	12 631	16 611	16 568	12 154
Renteutgifter	2 497	2 588	8 803	8 804	8 613
Avdrag på lån	4 977	5 000	36 906	36 906	35 231
Netto finansutgifter	-16 717	6 270	-25 016	-25 016	-16 146
Motpost avskrivninger	0	0	34 082	34 082	36 941
Netto driftsresultat	70 356	90 749	136 912	151 165	165 370
Disp. eller dekning av netto driftsresultat					
Overføring til investering	0	0	0	0	0
Netto avs. til eller bruk av bundne driftsfond	0	0	0	0	0
Netto avs. til eller bruk av disposisjonsfond	0	0	-136 913	-151 165	-163 312
Dekning av tidligare års meirforbruk	0	0	0	0	0
Sum disp. eller dekning av netto driftsresultat	0	0	-136 913	-151 165	-163 312
Mindreforbruk 2019					-2 059

Drift

Økonomiske konsekvensar i den enkelte eining/avdeling si driftsramme som følgje av covid19-pandemien.

I revidert nasjonalbudsjett 2020 er kommunane kompensert for auka utgifter og inntektsbortfall knytt til gjennomførte tiltak i forhold til covid19-pandemien. Samla kompensasjon er fastsett til kr. 3.433.000,- og av desse er kr. 2.127.500,- allereie utbetalt. Vidare har vi motteke kr. 261.000,- i ekstra skjønsmidlar frå Fylkesmannen knytt til covid19-pandemien.

Fleire av einingane melder i denne saka om auka utgifter og inntektsbortfall i samanheng med covid19-pandemien. Til denne rapporteringa har vi berre oversikt over verknad pr. 30. april. Sidan dette enno ikkje gjev eit godt og fullstendig bilde av konsekvensane, vil Kommunedirektøren først i sak om budsjett-korrigeringspr. 31. august vurdere justering av den enkelte eining/avdeling si driftsramme.

Driftsramme		Rekneskap pr. 30.04-20	Periodebudsjett	Avvik pr. 30.04-20	Budsjett inkl. endring	Endra prognose	Ny prognose
10.1	Rådmannen, politisk leiding og ser	19 207	19 024	-183	32 376	687	33 063
10.3	Økonomiavdeling	2 804	2 771	-33	7 450	890	8 340
10.4	Organisasjonsavdeling	1 289	1 452	163	3 862	0	3 862
10.7	Barnevern	2 389	1 944	-445	7 780	0	7 780
10.8	Pedagogisk rådgjevar	806	1 660	854	6 389	0	6 389
10.9	Næring, revisjon, kyrkja mm.	1 509	1 608	99	30 159	0	30 159
20	Gossen barne- og ungdomsskole	13 813	13 634	-180	35 806	0	35 806
21	Julsundet skole	7 867	7 626	-240	17 450	0	17 450
22	Barnebo barnehage	6 399	6 086	-313	17 094	565	17 659
23	Bergetippen barnehage	4 205	3 985	-220	11 289	0	11 289
24	Eining for innvandring og integrering	599	2 007	1 407	-2 000	0	-2 000
25	Kultur	6 829	7 738	909	14 038	0	14 038
30	Institusjon og buteneste	24 734	24 082	-652	55 116	1 500	56 616
32	Tenester til heimebuande	11 462	11 790	327	34 181	0	34 181
40	Helse	4 446	4 571	125	14 233	0	14 233
50	NAV	1 832	1 607	-225	4 530	0	4 530
62	Tekniske tenester	11 475	13 215	1 739	38 495	1 000	39 495
89	Sentralt ansvar	88	0	-88	-7 873	-1 800	-9 673
Totalt		121 754	124 799	3 045	320 375	2 842	323 217

Forklaring til tabellen

I kolonna endra prognose meldes det endringar som eininga ikkje kan påverke og som har konsekvensar for budsjett. Avvik vert rekna som periodebudsjett minus rekneskap. Det betyr at meirforbruk vert rapportert med negativt fortegn

Endring i kommunen sitt driftsbudsjett ut frå nye fastsette årsprognosar

I opprinnelig budsjett for 2020 var det netto løyvd kr. 306.123.000,- til kommunen si drift. I seinare politiske saker er denne løyvinga auka med til saman kr. 14.252.240,- til dekning av utgifter ved overtaking av bustadeigedom, etablering av fond for næringslivet og auka ramme på prosjektet Vegutbygging Obersthaugen. Samla netto løyve er etter dette kr. 320.375.000,-.

Frå kommunen sine einingar/avdelingar inklusiv sentralt ansvar for mellom anna lønsbuffer, er det no meldt nye prognoser som gjev ei auke i budsjettammer på kr. 2,8 mill. Deler av denne prognosen gjeld endra premisser i drifta, som gjev auka driftsutgifter som eininga/avdelinga ikkje kan dekkje innanfor ramma. Alle prognoseendringar er meldt inn og omtala i sak om budsjettkorrigeringsar. Omtalte endringar i kommunen sine frie inntekter, finansinntekter og utgifter og lønsbuffer er og innarbeidd i same sak.

Samla fører dette til at avsetting til ubundne fond (disposisjonsfond) blir redusert med kr. 33,7 mill., slik at den samla avsettinga no er på kr. 117,5 mill. inklusiv avsetting til fastlandsfondet.

Ny prognose på netto driftsresultat vil ut frå føresetnader lagt inn i sak om budsjettkorrigeringsar pr. 30.04.2020 være kr. 117.479.000,- som er ein reduksjon på kr. 33,7 mill.

AVVIK PR. 30.04 I DRIFTSBEVILLINGA

Totalt viser rekneskapen pr. 30.04.20 eit mindreforbruk i forhold til periodisert budsjett på kr 2.842.000,-. Årsaka til avviket er forklart i rapportering frå einingane/avdelingane i form av tilbakemelding på desse fire spørsmåla:

1. Forklar meir-/mindreforbruk i forhold til periodisert budsjett på rapporteringstidspunktet

2. Forklar venta meir-/mindreforbruk i forhold til årsbudsjett med endringar per 31.12. (lik beløp sett inn i kollonna endra prognose)
3. Dersom meldt årsprognose viser meirforbruk: gjer greie for kva tiltak som er sett i verk for at dette skal avvike minst mogeleg frå vedteken ramme.
4. Meldt mindreforbruk i årsprognosen må gjerast greie for, varige avvik må meldast som budsjettkorrigering.

10.1 Kommunedirektøren, politisk leiing og serviceavdelinga

Rådmannen, politisk leiing og serviceavdeling	Rekneskap	Periode-budsjett	Avvik	Budsjett inkl. endring	Endra prognose	Ny prognose
1 Tertial	19 207	19 024	-183	32 376	0	32 376

Avdelinga sitt meirforbruket skuldast mellom anna auke i godtgjersle til ordførar og varaordførar som ikkje er kompensert på ramma. Dette er meldt inn som eiga sak.

Det er ikkje forventa eit større meirforbruk på ramma, men det er under føresetnad at ramma vert kompensert for auka i godtgjersle til politikarane, som vart vedteke under behandling av reglement for godtgjersle. Dette er meldt inn som eiga sak.

Det er meldt inn sak om budsjettauke.

10.3 Økonomiavdelinga

Økonomiavdeling	Rekneskap	Periode-budsjett	Avvik	Budsjett inkl. endring	Endra prognose	Ny prognose
1 Tertial	2 804	2 771	-33	7 450	1 000	8 450

Eininga vil få auka utgifter på kr. 1 mill. til eksterne rådgjevarar på eigedomsskatteområdet. Dette er nødvendige utgifter for å sikre kommunen sine inntekter. Det er ikkje mogeleg å gjere tiltak for å dekkje desse ekstraavgiftene innanfor avdelinga si ramme.

Statleggjing av skatteinnkrevjinga vil redusere avdelinga sine utgifter med kr. 110.000,- for 2020, heilårsverknad for 2021 vil bli kr. 550.000,-.

10.4 Organisasjonsavdeling

Organisasjonsavdeling	Rekneskap	Periode-budsjett	Avvik	Budsjett inkl. endring	Endra prognose	Ny prognose
1 Tertial	1 289	1 452	163	3 862	0	3 862

Avdelinga har eit mindreforbruk på 163'. Hovudårsak til dette er at ein forventa faktura på eit større beløp ikkje har komme innanfor denne perioden.

Det er ikkje forventa endringar som vil påverke endeleg årsresultat for avdelinga.

10.7 Barnevern

Barnevern	Rekneskap	Periode-budsjett	Avvik	Budsjett inkl. endring	Endra prognose	Ny prognose
1 Tertial	2 389	1 944	-445	7 780	0	7 780

1.Barnevern har pr. 30.4 eit meirforbruk på kr 445.000 opp mot periodisert budsjett. Meirforbruket skuldast at barnevernssamarbeidet no er mellom færre kommunar og at Aukra difor betaler ein større del av dei administrative fellesavgiftene. Kommunen er i dialog med vertskommunen Molde om fordelingsmodellen. Samstundes vart det før 2020 meldt at det var venta mindre kostnader knytt til

tiltak enn i 2019. Dette gjorde at ein heldt på den same totalramme som i 2019. Pr. no har ikkje dette slått til og utgiftene til tiltak har hatt ei auke samanlikna med fjoråret.

2. Dersom fordelingsmodellen blir ståande uendra og samstundes kostnadane til barnevernstiltak i og utanfor heimen held seg på same nivå vidare i 2020, vil dette kunne medføre eit meidforbruk på årsramma på mellom 1,5 og 2 mill.

3. Barnevernsområdet er eit område kor det er vanskeleg å gjere endringar som i vesentleg grad betrar rekneskapen gjennom året då tenesten baserer seg på lovpålagte tiltak og den totale kostnadsramme for administrasjon er styrt av vertskommunen. Sjølv om pkt. 2 viser eit potensielt meirforbruk i 2020 velgjer kommunedirektøren å vente med ev. å melde om behov for rammeauke. Dette sidan fordeling av utgifter er ei pågåande sak.

10.8 Pedagogisk rådgjevar

Pedagogisk rådgjevar	Rekneskap	Periode-budsjett	Avvik	Budsjett inkl. endring	Endra prognose	Ny prognose
1 Tertial	806	1 660	854	6 389	0	6 389

1. Mindreforbruk skuldast sein fakturering frå Tøndergård skole og omfattar kostnad for skoleplassar, assistentar i skoletid og skoleskyss.

2. Det er venta eit meirforbruk knytt til elevar med særskilte tiltak. Vedtaka knytt til ressursar og innhald i opplæringa, samt skoleskyss, er under utarbeiding og ein kjem derfor tilbake med tal på 2. tertial.

10.9 Næring, revisjon, kyrkja m.m.

Næring, revisjon, kyrkja mm.	Rekneskap	Periode-budsjett	Avvik	Budsjett inkl. endring	Endra prognose	Ny prognose
1 Tertial	1 509	1 608	99	30 159	0	30 159

20 Gossen barne- og ungdomsskole

Gossen barne- og ungdomsskole	Rekneskap	Periode-budsjett	Avvik	Budsjett inkl. endring	Endra prognose	Ny prognose
1 Tertial	13 813	13 634	-180	35 806	0	35 806

1. Gossen barne og ungdomsskole har stengt SFO grunna Covid-1, det har gitt oss lågare inntekter enn budsjettert. Ekstra bruk av vikarar grunna drift for utsatte grupper av elevar når skolen var stengt og inndeling av kohortar når skolen opna igjen, har gitt oss ekstra kostnadar.

2. Slik vi ser det no, så skal vi greie drifta innafor årsbudsjettet om ekstra kostnadar grunna Covid-19 vert dekkja.

21 Julsundet skole

Julsundet skole	Rekneskap	Periode-budsjett	Avvik	Budsjett inkl. endring	Endra prognose	Ny prognose
1 Tertial	7 867	7 626	-240	17 450	0	17 450

1. Meirforbruket kjem delvis som ein konsekvens av tiltak under covid-19 pandemien og delvis meirkostnadar til kjøkken.

2. Eininga reknar med å gå i balanse, men det er noko usikkerheit rundt enkeltelevar. Tiltak som er sett inn for å ha ein trygg skolekvardag for medelevar gir noko auke i ressursbruken. Tiltak rundt elevar som kjem til hausten der fleire har behov for spesialundervisning enn dei som går ut av 10. trinn. Ein elev i første klasse skulle ha utsett skolestart, men startar likevel. Vi kjem attende med tal i rapporteringa av 2. tertial.

22 Barnebo barnehage

Barnebo barnehage	Rekneskap	Periode-budsjett	Avvik	Budsjett inkl. endring	Endra prognose	Ny prognose
1 Tertial	6 399	6 086	-313	17 094	565	17 659

1. Meirforbruk i forhold til periodisert budsjett på rapporteringstidspunktet kan forklarast slik:

 Tapt inntekt på foreldrebetaling når barnehagen var stengt kr. 293 000,-

 Meirforbruk knytt til vikarutgifter for tilrettelegging for tilsett, kr 21 000,-

2. Venta meirforbruk i forhold til årsbudsjett.

Tapte inntekter og meirutgifter i forhold til koronasituasjonen er ein pågåande situasjon som er vanskeleg å forutsjå og kjem og an på kva som vert kompensert.

Kommunal ordning med søskenmoderasjon for familiar med barn i SFO og barnehage, vil utgjere eit estimert meirforbruk på kr 50 000,- i forhold til dei kr 40 000,- som vart sett av på Barnebo si ramme til formålet .

Enkeltvedtak styrking av grunnbemanning med 100 % stilling fagarbeidar utgjer meirforbruk på kr 565 000,- på ramma.

Opptak nytt barnehageår. Andel barn under tre år aukar og vil ha konsekvensar for grunnbemanning. Då det kan kome endringar i barnegruppa fram til oppstart nytt barnehageår, kjem eg tilbake til dette i rapportering for 2. tertial.

3. Tiltak som er sett i verk for at dette skal avvike minst mogleg frå vedteken ramme:

Statleg overføring vil kompensere for tapt inntekt på foreldrebetaling når barnehagen var korona-steng.

Ein veit ikkje endå om tapt foreldrebetaling for redusert opningstid vert kompensert frå staten.

23 Bergetippen barnehage

Bergetippen barnehage	Rekneskap	Periode-budsjett	Avvik	Budsjett inkl. endring	Endra prognose	Ny prognose
1 Tertial	4 205	3 985	-220	11 289	0	11 289

Meirforbruk i forhold til periodisert budsjett på rapporteringstidspunktet skyldast bortfall av brukarinntekt i samband med coronastengt barnehage i perioden 13.03 – 21.04. Vi venter på tydelege signal frå nasjonalt hald om brukarar skal krediterast for redusert opningstid.

Utgifter i samband med vedtak om søskenmoderasjon for familiar med barn i både barnehage og sfo har medført større utgifter for eininga enn dei kr.60 000 som eininga fekk tilført til dette formålet. For Bergetippen utgjer denne inntektsreduksjonen kr.19 000 pr. måned, dvs totalt kr. 114 000 i første halvdel av 2020. Kva utslag dette vil gje hausten 2020 veit vi når nytt barnehage og skoleår er i gang i august.

Eininga handterer dei økonomiske utfordringane på ein ansvarleg måte og gjer naudsynte tiltak for å halde budsjettramma. Ein vonar at statleg overføring vil kompensere for tapt inntekt på foreldrebetaling når barnehagen var coronasteng. Opptak for nytt barnehageår og konsekvensar for grunnbemanning vert rapportert på 2. tertial."

24 Eining for innvandring og integrering

Eining for innvandring og integrering	Rekneskap	Periode-budsjett	Avvik	Budsjett inkl. endring	Endra prognose	Ny prognose
1 Tertial	599	2 007	1 407	-2 000	0	-2 000

Aukra kommune skal busette 16 flyktingar i 2020. Fire overføringsflyktingar vart busett i februar. Ein familie med overføringsflyktingar skulle busettast 24. mars, men på grunn av koronapandemien og

innreisereguleringar vart denne busettinga utsett. Det betyr at eininga har hatt ekstraordinære husleigeutgifter i påvente av busetting. Det er usikkert når familien får innreise til landet.

Tilsette i karantene har ført til noko ekstra bruk av overtid i bufellesskapet og i einsleg mindreårig oppfølgingsteam.

Koronapandemien førte til at Dialogkafeen og skreddarverkstaden på vaksenopplæringa måtte stenge. Dette har ført til ei inntektssvikt på omlag kr. 30.000 -40.000.

Drifta av eining for innvandring og integrering går som planlagt, og det er per 1. tertial ikkje grunn til å melde avvik.

25 Kultur

Kultur	Rekneskap	Periode-budsjett	Avvik	Budsjett inkl. endring	Endra prognose	Ny prognose
1 Tertial	6 829	7 738	909	14 038	0	14 038

1. Eininga har hatt høgt sjukefråver over tid. Det er utfordrande og har i liten grad vore løysbart med tanke på moglegheit for å sette inn vikar. Derfor utgjør refusjon sjukefråver ei stor del av mindreforbruket. I tillegg er utgiftene som eininga budsjetterer knytt til aktivitet, noko som også gjev utslag på mindreforbruket etter at alle aktivitetar vart stoppa. Kulturskolen har hatt ei høgare inntekt på sal av tenester enn forventa.

2. Målsettinga er at aktiviteten skal gjennomførast 2. halvår. Dersom det lar seg gjere, vil det ikkje vere forventa avvik. Kulturskolen forventar høgare inntekt også for hausten 2020 i form av auka sal internt. Stenging på grunn av korona resulterer i refusjon av elevavgift og sal av dirigenttenster. Det er enno usikkert kor stort refusjonsbeløpet/tapet blir.

3. Det er ikkje meldt om meirforbruk i forhold til vedteke budsjett

4. Det vert ikkje meldt om avvik.

30 Institusjon og buteneste

Institusjon og buteneste	Rekneskap	Periode-budsjett	Avvik	Budsjett inkl. endring	Endra prognose	Ny prognose
1 Tertial	24 734	24 082	-652	55 116	1 500	56 616

Grunna nye vedtak samt nye brukarar som treng oppfølging i tiltak funksjonshemma, er kostnadane auka med kr 2 076 680 per år. Dette er lovpålagde tenester.

Frå februar vart bemanning på natt ved Aukra Omsorgssenter auka med ein ressurs(sjukepleiar).

Tiltaket er sett i verk grunna auka arbeidsbelastning over tid på natt, samt eit særst høgt sjukefråvæ i heile 2019 (omlag 15-20%). Kostnadane ved auka bemanning er kr. 1 650 000 per år.

Eininga har med dette tiltaket ei forventning om lågare sjukefråvæ, ei betre arbeidsbelastning for dei som arbeider på natt og mindre bruk av overtid ved innleie.

Frå mars vart det sett i verk tiltak i høve korona pandemien. Kostnadene er i all hovudsak forbundet med kjøp av smittevern utstyr. Utgiftene på kr. 251 000 er ikkje medrekna i budsjett, og eininga forventar at det vert utjamna av statlege støtteordningar.

Eininga fekk auka ramme i 2020 og har derfor rom til å ta deler av dei auka kostnadane innfor ramma. Under føresetnad av at kostnadar knytt til Korona pandemien vert utjamna, vil eininga måtte be om ei rammeauke på 1 500 000 for å gjennomføre planlagde tenester.

32 Tenester til heimebuande

Tenester til heimebuande	Rekneskap	Periode- budsjett	Avvik	Budsjett inkl. endring	Endra prognose	Ny prognose
1 Tertial	11 462	11 790	327	34 181	0	34 181

Mindreforbruket skuldast i all hovudsak lågare lønnskostnadar enn føresett grunna alternativ bruk av tilsette med fast løn og reduksjon i teneste grunna situasjon med covid-19.

Dagsentera har vore stengt sidan 12 mars og det same gjeld mellom anna balansetreninga. Fleire tilsette er sett til andre oppgåver i eininga. Brukarar har i perioden sagt frå seg tenester, fordi dei har fått meir bistand av familie og pårørande. Heimesjukepleia har då hatt moglegheit til å la være å leige inn i vakante stillingar eller ved anna fråvær. Tilsette frå eininga har òg vore utleigd til andre einingar i perioden.

Frå mars vart det i verksett tiltak i høve korona pandemien. Kostnadene er i all hovudsak kjøp av utstyr til smittevern. Utgiftene på kr. 90 000 er ikkje medrekna i budsjett, og ein forventar at det vert tilført ramma frå statlege støtteordningar. Under den føresetnaden vil det reelle mindreforbruket for første tertial være om lag kr. 410 000.

Når normal aktivitet igjen kjem i gang, ventar lønnskostnadane å auke til budsjetterte kostnader. Ein antek at tenestene etter kvart kjem på same nivå som vi var før pandemien kom.

Estimerte utgifter for 2020 er uendra.

40 Helse

Helse	Rekneskap	Periode- budsjett	Avvik	Budsjett inkl. endring	Endra prognose	Ny prognose
1 Tertial	4 446	4 571	125	14 233	0	14 233

Eininga har eit mindreforbruk på 125 000 kr. Orsak er samansett, men i grove trekk har inntektene auka og utgiftene gått ned på drift av ambulansébåt i og med at legevakta ikkje lenger nyttar ambulansébåten. Utgifter i samband med nytt legevaktsamarbeid er lågare. Eininga har hatt ei vakant stilling, samt at refusjonar på sjukepengar har vore høgare enn utgifter til sjukevikar. Som følgje av koronapandemi er inntekter for turnuslege og fysioterapi redusert og turnuslege jobbar og ein dag i veka ved smittelegevakta i Molde.

Det er ikkje forventa meir/mindreforbruk i 2020.

50 NAV

NAV	Rekneskap	Periode- budsjett	Avvik	Budsjett inkl. endring	Endra prognose	Ny prognose
1 Tertial	1 832	1 607	-225	4 530	0	4 530

Vi ser at meirforbruket er knytt til bruk av økonomisk sosialhjelp. Aukra kommune har mange unge brukarar som ikkje er under utdanning eller arbeid. Fleire med hull i Cv'en og som står langt frå arbeidslivet. Vi ser også at fleire av dei unge, som har aleineansvar for barn, søker om supplerande sosialhjelp. Nokon arbeider deltid og andre mottar statlege stønader og treng supplerende økonomisk sosialhjelp.

Frå 2020 er det ei større gruppe av flyktningane vi ikkje vil få refundert frå eining for innvandring og Integreing, grunna opphald på over 5 år. Estimert forbruk blir ca. 540 000 kr. Ein ser at økonomisk sosialhjelp kan få eit meirforbruk for 2020 på kroner 675.000,-. Avdelinga følger utviklinga fram til 2.

tertial rapportering og vil då gjere ei grundigare vurdering om det er nødvendig med korrigering av ramme.

62 Tekniske tenester

Tekniske tenester	Rekneskap	Periode- budsjett	Avvik	Budsjett inkl. endring	Endra prognose	Ny prognose
1 Tertial	11 475	13 215	1 739	38 495	0	38 495

Stort mindreforbruk skuldast at driftsprosjektet Vegutbygging Obersthaugen er teke omsyn til i periodisert budsjett med kr 2.500.000, i dette prosjektet har det vore ein stopp i vinter.

Eininga har eit mindreforbruk på straum i forhold til periodisert budsjett. Dette skuldast i hovudsak låge straumprisar hittil i år, kombinert med tiltak for å få ned energiforbruket ved Aukraheimen og ved GBU. Då det dei siste to åra har vore naudsynt med tilleggsløyvingar for høge straumutgifter vel ein ikkje å justere budsjettet ved 1.tertial.

Eigedomsavdelinga har eit meirforbruk på vikar reinhald som skuldast mykje korttidsfråvær. Ein antek dette meirforbruket vil auke utover året. Ein vil forsøke å løyse dette innanfor eininga si ramme.

Meirforbruk på brannførebygging skuldast driftstilskota til brannberedskap og feiing ved overgang til Nordmøre og Romsdal brann og redning. I forhold til vedtatt årsbudsjettet 2020 for brann, utgjør overgangen til interkommunalt brannvesen ei kostnadsauke på vel ein million årleg. Dette kan ikkje eininga løyse innanfor ramma. Viser til sak om budsjettkorrigering her.»

Investeringsbudsjett

Startlån

Kommunen hadde ved årsskiftet ubrukte lånemidlar med kr. 7,2 mill. til vidare utlån, og etter vedtak i kommunestyresak 16/20 skal det gjerast nytt låneopptak med kr. 3 mill i 2020.

Ut frå søkjarmasse, vedtak og erfaring frå tidlegare år er det vurdert at utbetaling av startlån i 2020 vil bli på kr. 10 mill. Utlån og finansiering med bruk av lån blir etter dette tilrådd korrigert til kr. 10 mill. i investeringsbudsjett i sak om budsjettkorrigering.

Nye låneopptak i 2019 og i 2020 vil medføre auka avdrag til Husbanken, som etter siste låneopptak er berekna til kr. 1,9 mill. Under føresetnad av at det ikkje blir motteke ekstraordinære avdrag frå låntakarar blir mottek avdrag sett lik kommunen sine betalte avdrag.

Investeringsprosjekt

Oversikta nedanfor viser kommunen sitt opprinnelege budsjett til investeringar i 2020 og endringar som er vedteke i løpet av året. Investeringsbudsjett er ikkje periodisert på same måte som drift, ein rapportere derfor her på rekneskap pr. rapporteringstidspunkt mot samla løyver for heile året.

Ein ventar ikkje avvik i forhold til framdrift og/eller økonomisk ramme, utover det som er opplyst i kommentarar til dei enkelte prosjekta av utbyggingsavdelinga og einingsleiarane.

Tiltak nr.	Store tiltak (i 1000 kr)	Rekneskap Budsjet m/			Rekneskap tidlegare år	Vedteken kostnads- ramme
		pr 30.04.2020	endring 2020	Budsjett 2020		
104003	Rulleringsplan for elevPC i Aukraskolen	721	1 650	1 650	0	
257000	Kulturhus og basseng	9 309	50 500	50 500	12 016	288 000
645204	Opparbeiding - Falkhytten sentrum	453	5 000	5 000	2 055	
648115	Hovudvassleidning Løvikkrysset - Rindarøy.	139	6 625	6 625	7 486	
648117	Hovudvassleidning Flatvoll - Hukkelberg	625	4 100	4 100	6 335	
648119	Klippen/Skarshaug - Løvik, fullføre hovedvassleidning	3	7 200	7 200	313	
651002	Vassleidning Julsundet skole - Eidskrem	0	100	100	0	
651004	Vassleidning til Orten	-13	3 800	3 800	0	
662550	Etterbruk Rothaugen	68	2 000	2 000	370	
669002	Nybygg Aukratun	8 309	60 000	60 000	3 977	73 000
669013	To forsterka bustader	0	5 000	5 000	0	
TOTALT		19 614	145 975	145 975	32 552	361 000

257000 Kulturhus og basseng

Forprosjekt vert vedtatt i juni. Etter dette vil endeleg framdrifts- og faktureringsplan vere klar, noko som kan få konsekvensar for fordeling av kostnader mellom åra.

645204 Opparbeiding - Falkhytten sentrum

Planlegging pågår, og anbod vert lyst ut før sommaren.

648115 Hovudvassleidning Løvikkrysset - Rindarøy.

Siste del av prosjektet, som gjeld leidingsstrekke og vegbygging gjennom Obersthaugen, er under arbeid.

648117 Hovudvassleidning Flatvoll - Hukkelberg

Siste del av prosjektet vert starta opp når endeleg høgder på terreng ved kulturhus og fylkesveg er satt.

648119 Klippen/Skarshaug - Løvik, fullføre hovedvassleidning

Er planlagt ferdig bygd i august.

651002 Vassleidning Julsundet skole – Eidskrem

Planlegging andre halvår.

651004 Vassleidning til Orten

Under planlegging.

662550 Etterbruk Rothaugen

"Prosjektering pågår. Anbod er planlagt utlyst i november. Ein vil ikkje kome i gang med bygging i 2020. Viser til sak om budsjettkorrigering."

669002 Nybygg Aukratun

Framdrift er forseinka grunna utfordringar med overvassleidning og Korona-situasjonen hos underleverandørar. Foreløpig ferdigdato er siste veke i januar 2021. Dette vil påverke fordeling av løyva mellom 2020 og 2021.

669013 To forsterka bustader

Bustadane er under planlegging. Det er utfordrande å finne lokalisering til desse bustadane. Politisk sak om oppstart vert fremja i juni.

Tiltak nr. Små tiltak (i 1000 kr)	Rekneskap pr 30.04.2020	Budsjett 2020	Budsjett m/ endring 2020	Rekneskap tidlegare år	
104002	Investering ROR-IKT	0	1 228	1 228	5 287
104004	Oppgradering av aksesspunkt i kommunen	0	500	500	0
200014	Kokk GBU utstyr	3	0	0	356
210029	Innbruddsalarm Julsundet skole	112	100	100	0
210030	Foliering og skilting Julsundet skole	0	125	125	0
250101	Bevaring og formidling av krigens kulturminner	0	165	165	216
255000	Kommunal eigendel for spelemiddelsøknader	0	600	600	463
255013	Treningspark i tilknytning til tursti ved Aukraskolane	3	0	0	0
255015	Instrumentpark for band - Kulturskolen	115	130	130	0
320000	Bilar heimetenesta	0	500	500	1 522
32000	Innbyte ved kjøp nye bilar heimetenester	0	-95	-95	
403103	Elektronisk låsesystem Helseenteret	131	300	300	0
405002	Carport ambulansestasjon	0	100	100	0
602001	Reguleringsplan Kjerringsundet	10	0	0	0
620101	Energibrønner og varmepumpe ved Furutun barnehage	7	1 030	1 030	0
620102	Energibrønner til kulturhus og basseng	87	0	0	0
621001	Pumpekum Nautneset	0	400	400	0
624001	Rehabilitering leiligheter	165	0	0	438
624005	Renovering omsorgsbustad	6	0	0	603
624006	Renovering Bergtun	20	0	0	218
625005	Lading av elbilar for tilsette	0	150	150	0
625006	Oppgradering kjøkken kommunehuset	0	250	250	0
627110	Innbyte av arbeidsbilar	0	750	750	0
627110	Innbyte av arbeidsbilar	0	-20	-20	
627111	Investeringar park og plen	72	200	200	0
627112	Reingjeringsmaskiner	0	150	150	0
645503	Veg og industriareal Hollingen	0	200	200	92
645504	Tilrettelegging for industritomter for salg på Nautneset	0	100	100	0
648000	Vatn generelle investeringer	66	550	550	3 186
648121	Tverrlia - ny linje - planlegging	156	500	0	0
648122	Automatisering Tverrlia	1	0	500	0
648123	HMS-tiltak i Tverrlia	5	200	200	0
648500	Avløp generelle investeringer	24	700	700	3 422
651003	Rehabilitering vasstårnet	0	1 250	1 250	0
653211	Garderobe brann	125	2 000	2 000	91
662511	Solskjerming Julsundet skole og GBU	0	100	100	458
669000	Administrasjon utbyggingsavdeling	58	0	0	0
669014	Oppgradering av kommunale bustader	63	600	600	0
679107	Gangveg ved Aukratun	0	930	930	100
683018	Vegutbetring og veglys Hollingsætervegen	351	0	0	592
683021	Veglys Hogsnesvegen, Skarshaugvegen-Løvikvegen og Hellegota	3 171	2 600	2 600	3 109
689001	Lager vatn og avløp Nyland	70	0	0	110
TOTALT		4 822	16 293	16 293	20 264

250101 Bevaring og formidling av krigens kulturminner

I samarbeid med Løvik kystfortforening skal dette prosjektet gjennomføres i løpet av 2020. Det er ikkje venta avvik ved årets slutt.

255013 Treningspark i tilknytning til tursti ved Aukraskolane

Prosjektet fekk investeringmidlar på budsjettet 2019. På grunn av sjukemelding på eininga måtte prosjektet utsettast. Prosjekteringa vart starta opp på slutten av året og vi vil derfor be om for å kunne gjennomføre i 2020.

255015 Instrumentpark for band - Kulturskolen

Investeringar i tråd med vedtak er gjennomført i første tertial. Det er ikkje venta avvik ved utgangen av 2020.

403103 Elektronisk låsesystem Helsesenteret

Låsesystemet vart installert i mai.

405002 Carport ambulansestasjon

Vert bygd etter sommaren.

620101 Energibrønnar og varmepumpe ved Furutun barnehage

Brønnane og infrastruktur vert bygd i løpet av 2020, og er ein del av entreprisa

620102 Energibrønnar til kulturhus og basseng

"Detaljplanlegginga av tiltak i sentrum er knytt til framdrifta i bygginga av kulturhuset. Denne viser at energibrønnane må byggast i 2020. Løyvet ligg i økonomiplana i 2021. Sjå sak om budsjettkorrigeringa. Det vert meldt oppstart av prosjektet i juni. Påløpte kostnader er intern prosjektleiing og oppdatert rapport frå Cowi."

621001 Pumpekum Nautneset

Skal byggast etter sommaren.

624006 Renovering Bergtun

Nytt kjøkken var bygd i 2019. Skifte av vindu og ein vegg vert utført i 2020.

625005 Lading av elbilar for tilsette

Prosjektet vert gjennomført i andre halvår.

648121 Tverrlia - ny linje - planlegging

Gjeld automatisering og fjerndrift av anlegget i Tverrlia. Løyvet ligg i prosjekt 648122.

648122 Automatisering Tverrlia

Deler av prosjektet er gjennomført. Må sjåast i samanheng med prosjekt 648121.

648123 HMS-tiltak i Tverrlia

Byggesøknad om nytt hus ved inntaksdammen er sendt Fræna kommune. Videre ein del tiltak i samsvar med rapport frå vernerunde.

651003 Rehabilitering vasstårnet

Tilbod er innhenta og renovering vil bli gjennomført andre halvår.

653211 Garderobe brann

Prosjektering pågår. Krav frå Arbeidstilsynet gjer at løyvet truleg ikkje vil halde. Kjem tilbake med sak om oppstart over sommaren.

683021 Veglys Hogsnesvegen, Skarshaugvegen-Løvikvegen og Hellegota

Veglys og vassleiding frå Klippen til Løvik vert ferdig bygd i august.

689001 Lager vatn og avløp Nyland

Bygging av ny lagerhall på Nyland vart starta opp i 2019, og vert fullført i år. Lagerhallen skal stå ferdig før sommaren.

Bevilgningsoversikt – investering 2020

Investeringar i anleggsmidler (Tala er i heile 1000)	Regnskap 2020	Budsjett 2020 m/endr.	Oppr.budsjett 2020	Regnskap 2019
10 Sentrale styringsorgan	731	3 378	3 378	924
20 Gossen barne- og ungdomsskole	3			356
21 Julsundet skole	112	225	225	1 247
22 Barnebo barnehage	8 309	60 000	60 000	2 908
23 Bergetippen barnehage				276
25 Kultur	9 514	51 395	51 395	7 264
30 Institusjonstenester				6 250
32 Heimetenester	0	500	500	250
40 Helse	131	300	300	1 088
50 NAV				0
62/65 Teknikk, eigedom og brann	5 636	46 585	46 585	18 984
Investeringer i varige driftsmidler	24 970	162 383	162 383	39 547
Tilskudd til andres investeringer	0	0	0	0
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	1 000	1 000	1 000	0
Utlån av egne midler	0	4 000	4 000	0
Avdrag på lån	745	792	792	1 696
Sum investeringsutgifter	26 715	168 175	168 175	12 352
Kompensasjon for merverdiavgift	3 939	24 292	24 292	1 482
Tilskudd fra andre	0	0	0	0
Salg av varige driftsmidler	1 607	6 765	6 765	865
Salg av finansielle anleggsmidler	0	0	0	0
Utdeling fra selskaper	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	0	792	792	0
Bruk av lån	0	54 000	54 000	0
Sum investeringsinntekter	5 546	85 849	85 849	2 347
Videreutlån	0	0	0	0
Bruk av lån til videreutlån	0	0	0	0
Avdrag på lån til videreutlån	0	0	0	0
Mottatte avdrag på videreutlån	0	0	0	0
Netto utgifter videreutlån	0	0	0	0
Overføring fra drift	0	0	0	0
Netto avs. til eller bruk av bundne inv.fond	0	0	0	0
Netto avs. til eller bruk av ubundet inv.fond	0	82 326	82 326	0
Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0	0	0
Sum overføring fra drift og netto avsetninger	0	82 326	82 326	0
Fremført til inndecking i senere år(udekket beløp)	0	0	0	0

Administrative konsekvensar

Ingen

Folkehelsekonsekvensar

Ingen

Økonomiske konsekvensar

Sjå eiga sak om budsjettkorrigering.

Erna Lovise Varhaugvik/Økonomisjef

Ingrid Husøy Rimstad/Kommunedirektør

Særutskrift Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal revisjon IKS

Vedlegg



Saksframlegg

Utvallssaksnr	Utval	Møtedato
PS 21/20	Kontrollutvalet	16.06.2020

BUDSJETTKORRIGERINGAR PR. 30.04.2020 – AUKRA KOMMUNE

Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet tek budsjettendringar pr. 30.04.2020 – Aukra kommune, til orientering.

Saksopplysninger

Kommunelova av 22.06.2018 med verknad frå 01.01.2020 slår fast følgende i:

§ 14-1. Grunnleggende krav til økonomiforvaltningen

Kommuner skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid.

Kommuner skal utarbeide samordnete og realistiske planer for egen virksomhet og økonomi og for lokalsamfunnets eller regionens utvikling.

Kommuner skal forvalte finansielle midler og gjeld på en måte som ikke innebærer vesentlig finansiell risiko, blant annet slik at betalingsforpliktelser kan innfris ved forfall.

§ 14-5. Årsbudsjettets bindende virkning. Budsjettstyring

Årsbudsjettet er bindende for kommunestyret og underordnete organer. Første punktum er ikke til hinder for at kommunestyret kan gi et underordnet organ myndighet til å avgjøre at deler av en bevilgning i driftsbudsjettet skal benyttes til å finansiere utgifter i investeringsregnskapet. Første punktum gjelder ikke for utbetalinger som kommunen har en rettslig plikt til å foreta.

Kommunestyret skal endre årsbudsjettet når det er nødvendig for å oppfylle lovens krav om realisme og balanse.

Kommunedirektøren skal minst to ganger i året rapportere til kommunestyret om utviklingen i inntekter og utgifter, sammenholdt med årsbudsjettet. Hvis utviklingen tilsier vesentlige avvik, skal kommunedirektøren foreslå endringer i årsbudsjettet.

Aukra kommunestyre har den 13.12.2018 i sak 93/2018 vedteke revidert økonomireglement som regulerer økonomirapportering og budsjettreguleringar.

Vedlegg:

- Saksframlegg til formannskapet 08.06.2020, budsjettkorrigeringar pr. 30.04.20.

VURDERING

Kontrollutvalet har ikkje ein formell funksjon i tilknytning til tertialrapporteringa slik som ein har for årsrekneskapet, men fører kontroll med forvaltninga på vegne at kommunestyret. Økonomi er i den samanheng eit viktig element å ha kontroll med. Kontrollutvalet ønskjer på den bakgrunn å følgje med på tertialrapporteringa, rapportering på finans- og gjeldsforvaltninga og budsjettreguleringar.

Kommunedirektøren legg opp til endringar på 19,4 mill. kr i drifta på følgjande område:

Driftseining/avdeling med endring (tal i heile 1000 kroner)	Tidlegare vedtak i eigne politiske saker	Endringar i denne saka	Sum endringar
Endring i frie disponible inntekter og finans		16 592	16 592
Budsjettområder:			
10.1 Rådmannen, politisk og serviceavdelinga	11 122	687	11 809
10.3 Økonomiavdelinga		890	890
22 Barnebo barnehage		565	565
30 Institusjonstenester		1 500	1 500
62 Tekniske tenester	3 130	1 000	4 130
89 Sentralt ansvar for lønsbuffer, motpot kalkrenter og avkriving og premieavvik pensjon		-1 800	-1 800
Samla endring	14 252	19 434	33 686
Dekning - redusert netto avsetning til disposisjonsfond			-33 686

Kommunedirektøren legg opp endringar på 5 mill. kr på følgjande investeringsprosjekt:

Prosjekt	Budsjettkorrigerende tiltak (i 1000 kr)	Rebudsjettering ubrukte løyver 2019	Tilrådde løyver i denne saka	Sum tilrådde endringar
255012	Skjøtsel av Horrem kvernhus	165		165
620102	Energibrønner til kulturhus og basseng		3 600	3 600
625001	Tiltak kommunehuset	289		289
625004	Koble kommunehuset til energisentralen		1 550	1 550
683019	Fiberutbygging	350		350
255013	Treningspark i tilknytning til tursti ved Aukraskolane	600		600
257000	Kulturhus og basseng	6 125		6 125
620101	Energibrønner og varmpumpe ved Furutun barnehage			0
620101	Energibrønner og varmpumpe ved Furutun barnehage	1 000	1 130	2 130
624006	Renovering Bergtun	80		80
645204	Opparbeiding - Falkhytten sentrum	75		75
648117	Hovudvassleidning Flatvoll - Hukkelberg	4 800		4 800
648121	Tverrlia - ny linje - planlegging	500		500
653211	Garderobe brann	400		400
662550	Etterbruk Rothaugen		-1 500	-1 500
669002	Nybygg Aukratun	2 260		2 260
683018	Vegutbetring og veglys Hollingsætervegen	3 290		3 290
683021	Veglys Hogsnesevegen, Skarshaugvegen-Løvikvegen og Helle	1 360		1 360
689001	Lager vatn og avløp Nyland	1 590		1 590
Nytt	Ventilasjon Julsundet skole		120	120
Nytt	Bistand til utarbeiding av avløpsrammeplan for Aukra kommune		150	150
	SUM	22 884	5 050	27 934
	Mva-kompensasjon			-5 052
	Bruk av disposisjonsfond			-22 882
	Sum finansiering			22 884

Oppsummering drift:

Samla tilrådde endringar i 2020 gjennom denne saka og tidlegare politiske vedtak medfører ein reduksjon i kommunen sitt netto driftsresultat på 33,7 mill. kr.

Dette fører til ein reduksjon i kommunen sine generelle disposisjonsfond slik:

- Bruk av disposisjonsfond har auka med 33,7 mill. kr i 2020.
- Budsjettert avsetting til fond for vedlikehald på 7 mill. kr blir stroke.
- Avsetting til disposisjonsfond blir redusert med 25,6 mill. kr.

Kommunedirektøren gjer merksam på at disposisjonsfondet etter desse endringane vil ha ein saldo på 5,5 mill. kr i 2020. Samla økonomisk verknad av covid19-pandemien er då enno ikkje kjent og teke omsyn til.

Etter desse innarbeidde endringane i budsjettet vil kommunen ha brudd på punkt 2,3 og 5 i vedtekne økonomiske handlingsreglar for å trygge berekraftig økonomisk utvikling.

Vidare auke i kommunen si drift vil og sette i fare handlingsregel i punkt 1, om å sikre finansiering av fastlandsløysing gjennom årleg avsetting til fond med kr. 100 mill.

Sveinung Talberg
Rådgjevar



Arkivsak-dok. 20/00013-1
Saksbehandler Erna Lovise Varhaugvik

Saksgang Møtedato
Formannskapet 08.06.2020 34/20
Kommunestyret

Saksframlegg

Budsjettkorrigeringar pr. 30.04.20

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Bevillingsoversikt drift blir vedteke slik det går fram i denne saka, og med desse endringane innarbeidd:

Driftseining/avdeling med endring (tal i heile 1000 kroner)	Tidlegare vedtak i eigne politiske saker	Endringar i denne saka	Sum endringar
Endring i frie disponible inntekter og finans		16 592	16 592
Budsjettområder:			
10.1 Rådmannen, politisk og serviceavdelinga	11 122	687	11 809
10.3 Økonomiavdelinga		890	890
22 Barnebo barnehage		565	565
30 Institusjonstenester		1 500	1 500
62 Tekniske tenester	3 130	1 000	4 130
89 Sentralt ansvar for lønsbuffer, motpot kalkrenter og avkriving og premieavvik pensjon		-1 800	-1 800
Samla endring	14 252	19 434	33 686
Dekning - redusert netto avsetting til disposisjonsfond			-33 686

2. Bevillingsoversikt-investering blir vedteke slik det går fram i denne saka, og med desse endringane innarbeidd:

- Utlån gjennom Husbanken si låneordning og finansiering med bruk av lån, blir auka med kr. 9,2 mill. til kr. 10 mill. i investeringsbudsjett.
- Motteke avdrag frå låntakarane og kommunene sine avdrag til Husbanken blir endra til kr. 1,9 mill.

Prosjekt	Budsjettkorrigerings Tiltak (i 1000 kr)	Rebudsjettering ubrukte løyver 2019	Tilrådde løyver i denne saka	Sum tilrådde endringar
255012	Skjøtsel av Horrem kvernhus	165		165
620102	Energibrønner til kulturhus og basseng		3 600	3 600
625001	Tiltak kommunehuset	289		289
625004	Koble kommunehuset til energisentralen		1 550	1 550
683019	Fiberutbygging	350		350
255013	Treningspark i tilknytning til tursti ved Aukraskolane	600		600
257000	Kulturhus og basseng	6 125		6 125
620101	Energibrønner og varmpumpe ved Furutun barnehage			0
620101	Energibrønner og varmpumpe ved Furutun barnehage	1 000	1 130	2 130
624006	Renovering Bergtun	80		80
645204	Opparbeiding - Falkhytten sentrum	75		75
648117	Hovudvassleidning Flatvoll - Hukkelberg	4 800		4 800
648121	Tverrlia - ny linje - planlegging	500		500
653211	Garderobe brann	400		400
662550	Etterbruk Rothaugen		-1 500	-1 500
669002	Nybygg Aukratun	2 260		2 260
683018	Vegutbetring og veglys Hollingsætervegen	3 290		3 290
683021	Veglys Hogsnesvegen, Skarshaugvegen-Løvikvegen og Helle	1 360		1 360
689001	Lager vatn og avløp Nyland	1 590		1 590
Nytt	Ventilasjon Julsundet skole		120	120
Nytt	Bistand til utarbeiding av avløpsrammeplan for Aukra kommune		150	150
	SUM	22 884	5 050	27 934
	Mva-kompensasjon			-5 052
	Bruk av disposisjonsfond			-22 882
	Sum finansiering			22 884

Bakgrunn:

Jfr. kommunelova kapittel 14 skal Kommunestyret for kvart budsjettår vedta kommunen sitt årsbudsjett med ein driftsdel og ein investeringsdel.

Driftsbudsjettet kjem fram av oppstillinga bevillingsoversikt drift. Løyvingane til det enkelte budsjettområdet på drift kjem fram i oversikt «sum bevillingar etter kommunelova § 5-4, i samsvar med Kommunestyret sitt vedtak. Løyvingane kjem fram slik dei er fordelt i Bevillingsoversikt – investering og budsjettet sin spesifisering over store og små investeringsprosjekt. Investeringsbudsjettet er eittårig, det vil seie at løyvingane er årsavhengige.

Ifølgje kommunelova § 14-5, 1. avsnitt går det fram at årsbudsjettet er ei bindande plan for kommunen sine midlar og bruken av desse. Det vil seie at verken administrasjon eller folkevalde organ kan gjere utbetalingar eller pådra kommunen utgifter som ikkje er innarbeidd i budsjettet. Unntaket for krav om budsjettheimel ved utbetalingstidspunktet, er utbetalingar som kommunen er rettsleg forplikta til å gjere.

I økonomireglementet går det fram at Kommunedirektøren, ved fare for overskriding av budsjetttramma som den enkelte eining/avdeling har fått løyvd, skal leggje fram sak for Kommunestyret, som skal ta stilling til den budsjettkorrigeringsaka som blir fremma.

Vurdering

DRIFTSBUDSJETT

Frie disponible inntekter

Rammetilskot og skatt på inntekt og formue

Kommunedirektøren viser til utgreiing på områda rammetilskot og skatt på inntekt og formue i sak om økonomirapportering. Ut frå denne utgreiing tilrår kommunedirektøren at desse endringane blir arbeidd inn i kommunen sitt budsjett:

- Endringar i revidert nasjonalbudsjett gjev ei auke i kommunen sine inntekter på kr. 4.304.000,-
- Innteksttap på skatt på inntekt og formue, berekna på same føresetnader som i revidert nasjonalbudsjett, kr. 5.228.000,-.

Redusert inntektsutjamning er venta auka utover i året og blir derfor ikkje no tilrådd endra i kommunen sitt budsjett. Ny vurdering blir gjort ved rapportering pr. 31.8.20

Renteutgifter, Renteinntekter og avkasting på langsiktig finansielle kapital

Kommunedirektøren viser til utgreiing på områda renteutgifter, renteinntekter og avkasting på langsiktig finansielle kapital i sak om økonomirapportering. Ut frå denne utgreiinga tilrår kommunedirektøren at desse endringane blir arbeidd inn i kommunen sitt budsjett:

- Renteutgifter blir redusert med kr. 2.600.000,-
- Renteinntekter blir redusert med kr. 1.700.000,-
- Ut frå utvikling i finansmarknaden blir gevinst på finansielle omløpsmidlar sett til kr. 0,-. Dette gjev ein reduksjon på kr. 16.568.000,- som blir innarbeidd i kommunen sitt budsjett.

Bevillingar på budsjettområda

I opprinneleg budsjett for 2020 var det netto løyvd kr. 306.123.000,- til kommunen si drift. I seinare politiske saker er denne løyvinga auka med samla kr. 14.252.240,- til dekning av utgifter ved overtaking av bustad, etablering av fond for næringslivet og auka ramme på prosjekt Vegutbygging Obersthaugen. Samla netto løyve er etter dette kr. 320.375.000,-.

Frå einingane/avdelinga er det meldt inn slike behov for budsjettkorrigeringar:

10.1 Kommunedirektøren, politisk leiing og serviceavdelinga

1. Midlar frå fylkeskommunen til politkaropplæring og kommunebesøk

Fylkesmannen skal i 2020 gjennomføre ei ekstra utbetaling til kommunen via rammetilskotet på kr 100 000,-. Desse midlane er merka til politkaropplæring og kommunebesøk, og ein ber om at avdelinga si driftsramme blir auka til dekning av desse utgiftene.

2. Auke i ordførar- og varaordførargodtgjersle, møtegodtgjersle til politikarane og auke kontrollutvalssekretariat

Hausten 2019 vart reglement for godtgjersle til politikarane vedteke med ei større auke av møtegodtgjersle og fast godtgjersle. Denne auka er av ei slik størrelse at det ikkje kan dekkjast innanfor ramme. I tillegg er auke i godtgjersle til ordførar og varaordførar ikkje kompensert på ramme.

Medlemsavgifta til kontrollutvalssekretariatet har også hatt ei auke i 2020 på kr. 66 000,-.

Samla sett er auka til politisk verksemd fordelt slik:

Emne	2019	2020	Auke	Ansvar	Art	Funksjon
Ordførar	977 160,00	1 045 642,50	68 482,50	1000	10801	100
Arb.gjevar ordførar, varaordførar og gruppe A			52 128,46	1000	10990	100
Pensjon ordførar			11 299,61	1000	10900	100
Varaordførar	117 259,20	125 477,10	8 217,90	1000	10800	100
Årleg godtgjersle	60 000,00	150 000,00	90 000,00	1000	10800	100
Gruppe A	485 980,75	672 515,43	186 534,68	1000	10800	100
Gruppe B	72 935,22	122 591,13	49 655,90	1002	10800	100
Arb.gjevaravgift gruppe B			7 100,79	1002	10990	100
Kontrollutval - auke sekretariat	111 750,00	177 359,00	65 609,00	1001	13500	110
TOTAL AUKE POLITISK VERKSEMD			466 319,05			

3. Nettbrett til politikarane

Det har kome innspel om at medlemmane i eldrerådet, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og kontrollutvalet bør få nettbrett. Kommunedirektøren har foreslått at medlemmane får nettbrett og at vara kan få låne ein utlånsPC frå kommunen dersom det er behov for PC i møtet. Totalt vert dette 11 brett. Nokre av medlemmane har nettbrett gjennom kommunestyret. Samla utgift vert kr. 55 000,-

Samla er det på avdelinga meldt behov for kr. 687 000,- og av desse utgiftene vil auke knytt til kontrollutvalssekretariatet og politisk verksemd ha verknad og for seinare driftsår.

Kommunedirektøren rår til at ramme blir auka med kr. 687 000,-.

10.3 Økonomiavdelinga

Skatteinnkrevjinga skal overførast til staten frå 01.11.20, og dette fører til ein reduksjon i avdelinga sine utgifter på kjøp av tenester frå Molde kommune. Reduksjonen er berekna til kr. 110.000,- i 2020 og med ein heilårseffekt på kr. 550.000,- frå 2021. I klagesak innanfor eigedomsskatteområdet må avdelinga hente inn ekstern kompetanse. Utgiftene til dette er førebels berekna til kr. 1 mill.

Avdelinga melder derfor om ei nødvendig auke i driftsramma på netto kr. 890.000,-

Kommunedirektøren rår til at ramme blir auka med kr. 890 000,-.

20 Gossen barne- og ungdomsskole

Elevane og tilsette på Gossen Barne og ungdomsskole ynskjer å utvide kokkestillinga frå 50% til 100% og samtidig justere råvare kostnadane. Vi ser mange positive effektar av dette tiltaket.

For Gossen barne- og ungdomsskole har vi kome fram til følgande som er drøfta med kokken, personalet og FAU/SU og innspel frå elevevråd.

- Alle får tilbod om havregrynsgraut til frukost
- Alle elevar får tilbod om ein lunsj pr veke.
- Uteskole.

Auka kokkestilling frå 50% til 100% vil koste kr 285.000,- inkl sosiale kostnadar

Auke i råvarekostnadar kr 250.000,-

Ber derfor om ei budsjettauke på totalt kr 535.000,-

Kommunedirektøren ser at dette er eit godt og populært tiltak innanfor skole. Samstundes er det kort tid sidan handsaminga av kommunen sitt budsjett i desember, der det vart gjort vurderingar og fatta vedtak i forhold til dette tiltaket. Vidare blir det vist til utviklinga i kommunen sin økonomi.

Etter samla vurdering rår derfor kommunedirektøren ikkje til auke i ramme.

21 Julsundet skole

Elevane og tilsette på Julsundet skole ynskjer å utvide kokkestillinga frå 50% til 100% og samtidig justere råvare kostnadane. Vi ser mange positive effektar av dette tiltaket.

For Julsundet skole har vi kome fram til følgande som er drøfta med kokken, personalet og FAU/SU og innspel frå elevevråd.

- Alle får tilbod om havregrynsgraut
- Alle elevar får tilbod om ein lunsj pr veke.
- Uteskole.

Auka kokkestilling frå 50% til 100% vil koste kr 285.000,- inkl sosiale kostnadar og auke i råvarer vil gje ei meirutgift på kr 190.000,-. Samla kr. 475 000,-.

Kommunedirektøren ser at dette er eit godt og populært tiltak innanfor skole. Samstundes er det kort tid sidan handsaminga av kommunen sitt budsjett i desember, der det vart gjort vurderingar og fatta vedtak i forhold til dette tiltaket. Vidare blir det vist til utviklinga i kommunen sin økonomi.

Etter samla vurdering rår derfor kommunedirektøren ikkje til auke i ramme.

22 Barnebo barnehage

Grunna barn med særskilte behov er grunnbemanning på avdeling styrka med ei 100 % stilling for både vår og haust 2020. Jf enkeltvedtak i 20/00566-7, heimla i Lov om barnehagar § 19g. Dette gjev ei auke i lønsutgifter, inkl. sosiale omkostningar på kr. 565 000,-. Dette vil og ha konsekvensar for lønsutgifter i budsjett 2021

Kommunedirektøren rår til at ramme blir auka med kr. 565 000,-.

30 Institusjon og busteneste

Frå februar vart bemanning på natt ved Aukra Omsorgssenter auka med ein ressurs. Tiltaket er sett i verk grunna auka arbeidsbelastning over tid på natt, samt eit særst høgt sjukefråvær i heile 2019. Årseffekten ved auka bemanning er kr. 1 650 000. Eininga har med dette tiltaket ei forventning om lågare sjukefråvær, ei betre arbeidsbelastning for dei som arbeider på natt og mindre bruk av overtid ved innleie. Eininga vil difor måtte be om ei rammeauke på kr. 1 500 000 i driftsåret 2020.

Kommunedirektøren rår på grunnlag av utgreiing ovanfor til at ramma vert auka med kr 1.500.000,-.

62 Tekniske tenester

Overgang til Nordmøre og Romsdal brann og redning medfører at kommunen får ei auke i kostnader på 1.000.000 kroner til brannberedskap. Driftstilskotet og kostnadsdekning for auka beredskap utgjer for 2020 kroner 6.448.353. Tekniske tenester kan ikkje dekke opp denne auka innanfor si ramme, og ber derfor om at budsjettet for brannberedskap vert auka med 1.000.000.

Kommunedirektøren rår til at ramme blir auka med kr. 1 000 000,-.

89 Lønsbuffer på sentralt ansvar

I sak om økonomirapportering blir det orientert om nye anslag på venta lønsvekst i 2020, på dette grunnlaget rår Kommunedirektøren til at buffer for dekning av lønsauker i 2020 blir redusert med kr. 1,8 mill. til ny buffer på kr. 3,6 mill.

Konsekvensar i kommunen sitt drifts- og investeringsbudsjett etter kommunedirektøren sine tilrådde endringar:

Samla tilrådde endringar i 2020 gjennom denne saka og tidlegare politiske vedtak medfører ein reduksjon i kommunen sitt netto driftsresultat på kr. 33.686.240,-. (Redusert avkasting på langsiktig ledig kapital er då teke omsyn til med kr. 18 mill.)

Dette fører til ein reduksjon i kommunen sine generelle disposisjonsfond slik:

- Bruk av disposisjonsfond har auke med kr. 33,7 mill i 2020, tek ein omsyn til mindre bruk av disposisjonsfond til finansiering av investeringar i 2019 med kr. 13,3 mill. er fondet netto redusert med kr. 20,4 mill. i forhold til føresetnader i budsjett 2020 og vidare i økonomiplana.
- Budsjettet avsetning til fond for vedlikehald med kr. 7 mill. blir strøket.
- Avsetning til disposisjonsfond blir redusert med kr. 25,6 mill.

Disposisjonsfondet vil etter desse endringane ha ein saldo på 5,5 mill. i 2020. Samla økonomisk verknad av covid19-pandemien er då enno ikkje kjent og teke omsyn til.

Etter desse innarbeidde endringane i budsjettet vil kommunen være i brudd med punkt 2,3 og 5 i vedtekne økonomiske handlingsreglar for å trygge berekraftig økonomisk utvikling.

Vidare auke i kommunen si drift vil og sette i fare handlingsregel i punkt 1, om å sikre finansiering av fastlandsløysing gjennom årleg avsetning til fond med kr. 100 mill.

Kommunedirektøren gjer og merksam på at det, etter mottekne klagesaker, er knytt usikkerheit til storleik på inntekt frå eigedomsskatt.

DRIFTSBUDSJETT 2020

Bevilgningsoversikt - drift

Tala er i heile 1000 kroner	Rekneskap pr 30.04.2020	Per. Budsj. pr 30.04.2020	Budsjett etter tilrådd endring 2020	Budsjett m/ endring 2020	Oppr. Budsjett 2020	Rekneskap 2019
Rammetilskudd	47 550	46 917	121 596	117 292	117 292	114 355
Inntekts- og formueskatt	32 886	33 961	102 584	107 812	107 812	106 389
Eiendomsskatt	128 391	128 400	256 800	256 800	256 800	257 803
Andre generelle driftsinntekter	0	0	400	400	400	881
Sum generelle driftsinntekter	208 828	209 278	481 380	482 304	482 304	479 427
Sum bevilgninger drift, netto	121 755	124 799	323 217	320 375	306 123	297 911
Avskrivninger	0	0	34 082	34 082	34 082	36 941
Sum netto driftsutgifter	121 755	124 799	357 299	354 457	340 205	334 852
Brutto driftsresultat	87 073	84 479	124 081	127 847	142 099	144 575
Renteinntekter	1 375	1 227	2 426	4 082	4 126	15 310
Utbytter	2	0	0	0	0	234
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidler	-10 620	12 631	0	16 611	16 568	12 154
Renteutgifter	2 497	2 588	6 204	8 803	8 804	8 613
Avdrag på lån	4 977	5 000	36 906	36 906	36 906	35 231
Netto finansutgifter	-16 717	6 270	-40 684	-25 016	-25 016	-16 146
Motpost avskrivninger	0	0	34 082	34 082	34 082	36 941
Netto driftsresultat	70 356	90 749	117 479	136 912	151 165	165 370
Disp. eller dekning av netto driftsresultat						
Overføring til investering	0	0	0	0	0	0
Netto avs. til eller bruk av bundne driftsfond	0	0	0	0	0	0
Netto avs. til eller bruk av disposisjonsfond	0	0	-117 479	-136 913	-151 165	-163 312
Dekning av tidligere års meirforbruk	0	0	0	0	0	0
Sum disp. eller dekning av netto driftsresultat	0	0	-117 479	-136 913	-151 165	-163 312
Mindreforbruk 2019						-2 059
Bevilging på det enkelte budsjettområde						
10.1 Rådmannen, politisk og serviceavdelinga	19 207	19 024	33 063	32 376	21 254	22 656
10.3 Økonomiavdelinga	2 804	2 771	8 340	7 450	7 450	6 330
10.4 Organisasjonsavdelinga	1 289	1 452	3 862	3 862	3 862	3 749
10.7 Barnevern	2 389	1 944	7 780	7 780	7 780	7 299
10.8 Pedagogisk rådgjevar	806	1 660	6 389	6 389	6 389	7 489
10.9 Næring, revisjon, kyrkje	1 509	1 608	30 159	30 159	30 159	30 423
20 Gossen barne og ungdomsskole	13 813	13 634	35 806	35 806	35 806	34 618
21 Julsundet skole	7 867	7 626	17 450	17 450	17 450	17 300
22 Barnebo barnehage	6 399	6 086	17 659	17 094	17 094	17 893
23 Bergetippen barnehage	4 205	3 985	11 289	11 289	11 289	11 221
24 Eining for innvandring og integrering	599	2 007	-2 000	-2 000	-2 000	162
25 Oppvekst og Kultur	6 829	7 738	14 038	14 038	14 038	11 712
30 Institusjonstenester	24 734	24 082	56 616	55 116	55 116	55 174
32 Heimetenester	11 462	11 790	34 181	34 181	34 181	31 289
40 Helse	4 446	4 571	14 233	14 233	14 233	16 078
50 NAV	1 832	1 607	4 530	4 530	4 530	5 792
62 Tekniske tenester	11 475	13 215	39 495	38 495	35 365	28 585
89 Sentralt ansvar for lønsbuffer, motpot kalkrenter og avkriving og premieavvik pensjon	88	0	-9 673	-7 873	-7 873	-9 861
Sum netto bevilgingar	121 754	124 799	323 217	320 375	306 123	297 911

INVESTERINGSBUDSJETT

Startlån

I sak om økonomirapportering vart det orientert om at det ut frå søkjarmasse, vedtak og erfaring frå tidlegare år er vurdert at utbetaling av startlån i 2020 vil bli på kr. 10 mill.

Nye låneopptak i 2019 og i 2020 vil medføre auka avdrag til Husbanken, som etter siste låneopptak er berekna til kr. 1,9 mill. Under føresetnad av at det ikkje blir motteke ekstraordinære avdrag frå låntakarar blir mottek avdrag sett lik kommunen sine betalte avdrag.

Kommunedirektøren rår til at utlån og finansiering med bruk av lån blir etter dette blir auka med kr. 9,2 mill. til kr. 10 mill. i investeringsbudsjett. Vidare at motteke avdrag frå låntakarane og kommunene sine avdrag til Husbanken blir endra til kr. 1,9 mill.

Investeringsprosjekt

Endringar i investeringsbudsjettet omhandlar både rebudsjettering av ubrukte investeringsløyver i 2019 og meldte endringar i budsjettløyva for 2020.

Rebudsjettering av ubrukte løyver følger ut frå at investeringsbudsjettet er eittårig, det vil seie at løyvingane er årsavhengige. Dette inneberer at investeringsprosjekt som ikkje er fullført innanfor planlagt budsjettår, skal takast med i årsbudsjettet for påfølgande år, enten i det ordinære budsjettvedtaket eller i samband med ei budsjettregulering. Dei rebudsjetterte løyva er ikkje med i det ordinære budsjettvedtaket, og blir derfor innarbeidd i budsjettet gjennom denne saka. Sak om rebudsjettering skal normalt løftast til politisk handsaming so snart ein har oversikt over ubrukte løyver. Grunna forsinka rekneskapsavslutting for 2019 blir dette først med som ein del av denne saka.

Rebudsjettering

Følgjande investeringsprosjekt har ubrukte løyve i budsjett 2019, som er ønska rebudsjettert til 2020:

Prosjekt	Rekneskap 2019	Budsjett 2019 m/endingar	Avvik i NOK	Meldt ønska rebudsjettert
255012 Skjøtsel av Horrem kvernhus	0	165	-165	165
255013 Treningspark i tilknytning til tursti ved Aukraskolane	0	600	-600	600
257000 Kulturhus og basseng	4 881	11 000	-6 119	6 125
620101 Energibrønner og varmpumpe ved Furutun barnehage	0	1 000	-1 000	1 000
624006 Renovering Bergtun	218	300	-82	80
625001 Tiltak kommunehuset	0	289	-289	289
645204 Opparbeiding - Falkhytten sentrum	230	307	-77	75
648117 Hovudvassleidning Flatvoll - Hukkelberg	4 511	9 317	-4 806	4 800
648121 Tverrlia - ny linje - planlegging	0	500	-500	500
653211 Garderobe brann	91	500	-409	400
669002 Nybygg Aukratun	2 740	5 000	-2 260	2 260
683018 Vegutbetring og veglys Hollingsætervegen	503	3 800	-3 297	3 290
683019 Fiberutbygging	50	408	-358	350
683021 Veglys Hogsnesvegen, Skarshaugvegen-Løvikvegen og Hellegota	1 476	2 837	-1 361	1 360
689001 Lager vatn og avløp Nyland	110	1 700	-1 590	1 590
SUM	14 810	37 723	-22 913	22 884

Einingane/avdelingane har gjort greier for ønska rebudsjettering slik:

255012 – Skjøtsel av Horrem kvernhus

Arbeidet kan ikkje starte før eigarforholdet er avklart og fullmakt er gitt til å starte opp. Dette er framleis under arbeid og vi bidreg til at ei avklaring skjer i 2020. Målet er å inngå ein vedlikehaldsavtale for å sikre at Horrem kvernhus også i åra som kjem blir tatt i vare.

255013 – Treningspark i tilknytning til tursti ved Aukraskolane

Kapasiteten på eininga vart utfordrande på grunn av sjukefråver i 2019 og vi klarte ikkje gjennomføre prosjektet som planlagt. Prosjektering vart starta opp før nyttår og dette er det arbeid vidare med i 2020. Med rebudsjettering av investeringsmidlane kan begge treningsparkane fullførast i 2020.

257000 Kulturhus og basseng

Endeleg framdrifts - og faktureringsplan.

624006 Renovering Bergtun

Siste del vert avslutta i 2020.

625001 Tiltak kommunehuset

Prosjektet vart utsatt til 2020

648121 Tverrlia - ny linje - planlegging

Vert avslutta i 2020.

645204 Opparbeiding - Falkhytten sentrum

Prosjektering pågår over fleire år. Vert ferdigstilt i 2021

648117 Hovudvassleidning Flatvoll – Hukkelberg

Prosjektet er forseinka i påvent av avklaringar på høgde i kulturhustomta.

653211 Garderobe brann

Prosjektering pågår. Vert ferdigstilt i 2020

669002 Nybygg Aukratun

Forseinkingar i oppstart av prosjektet fører til at noko av løyvet for 2019 må flyttast til 2020.

683018 Vegutbetring og veglys Hollingsætervegen

Prosjektet vart avslutta i 2020.

683019 Fiberutbygging

Midlane skal nyttast på strekninga Skarshaug – Løvik. Avsluttast i august 2020.

683021 Veglys Hogsnesvegen, Skarshaugvegen-Løvikvegen og Hellegota

Forseinkingar i prosjektet fører til at noko av løyvet for 2019 må flyttast til 2020. Prosjektet vert ferdigstilt i august 2020.

689001 Lager vatn og avløp Nyland

Grunnarbeid er ferdig. Forseinkingar i prosjektet fører til at løyvet for 2019 må flyttast til 2020. Lagerhallen er ferdig bygd

Meldte endringer i investeringsprosjekt i investeringsbudsjett for 2020

Tiltak nr.	Store tiltak (i 1000 kr)	Rekneskap pr 30.04.2020	Opprinneleg budsjett 2020	Tilrådde endra løyver inkl. rebudsjettering	Budsjett etter korr. av tilrådde endringar
104003	Rulleringsplan for elevPC i Aukraskolen	721	1 650		1 650
257000	Kulturhus og basseng	9 309	50 500	6 125	56 625
645204	Opparbeiding - Falkhytten sentrum	453	5 000	75	5 075
648115	Hovudvassleidning Løvikkrysset - Rindarøy.	139	6 625		6 625
648117	Hovudvassleidning Flatvoll - Hukkelberg	625	4 100	4 800	8 900
648119	Klippen/Skarshaug - Løvik, fullføre hovedvassleidning	3	7 200		7 200
651002	Vassleidning Julsundet skole - Eidskrem	0	100		100
651004	Vassleidning til Orten	-13	3 800		3 800
662550	Etterbruk Rothaugen	68	2 000	-1 500	500
669002	Nybygg Aukratun	8 309	60 000	2 260	62 260
669013	To forsterka bustader	0	5 000		5 000
TOTALT		19 614	145 975	11 760	157 735

Tiltak nr.	Små tiltak (i 1000 kr)	Rekneskap pr 30.04.2020	Opprinneleg budsjett 2020	Tilrådde endra løyver inkl. rebudsjettering	Budsjett etter korr. av tilrådde endringar
104002	Investering ROR-IKT	0	1 228		1 228
104004	Oppgradering av aksesspunkt i kommunen	0	500		500
200014	Kokk GBU utstyr	3	0		0
210029	Innbruddsalarm Julsundet skole	112	100		100
210030	Foliering og skilting Julsundet skole	0	125		125
250101	Bevaring og formidling av krigens kulturminner	0	165		165
255000	Kommunal eigendel for spelemiddelsøknader	0	600		600
255012	Skjøtsel av Horrem kvernhus	0	0	165	165
255013	Treningspark i tilknytning til tursti ved Aukraskolane	3	0	600	600
255015	Instrumentpark for band - Kulturskolen	115	130		130
320000	Bilar heimetenesta	0	500		500
320000	Innbytte ved kjøp nye bilar heimetenester	0	-95		-95
403103	Elektronisk låsesystem Helsecenteret	131	300		300
405002	Carport ambulansestasjon	0	100		100
602001	Reguleringplan Kjerringsundet	10	0		0
620101	Energibrønner og varmpumpe ved Furutun barnehage	7	1 030	2 130	3 160
620102	Energibrønner til kulturhus og basseng	87	0	3 600	3 600
621001	Pumpekum Nautneset	0	400		400
624001	Rehabilitering leiligheter	165	0		0
624005	Renovering omsorgsbustad	6	0		0
624006	Renovering Bergtun	20	0	80	80
625001	Tiltak kommunehuset	0	0	289	289
625004	Koble kommunehuset til energisentralen	0	0	1 550	1 550
625005	Lading av elbilar for tilsette	0	150		150
625006	Oppgradering kjøkken kommunehuset	0	250		250
627110	Innbytte av arbeidsbilar	0	750		750
627110	Innbytte av arbeidsbilar	0	-20		-20
627111	Investeringar park og plen	72	200		200
627112	Reingjeringsmaskiner	0	150		150
645503	Veg og industriareal Hollingen	0	200		200
645504	Tilrettelegging for industritomter for salg på Nautneset	0	100		100
648000	Vatn generelle investeringer	66	550		550
648121	Tverrlia - ny linje - planlegging	156	500	500	1 000
648122	Automatisering Tverrlia	1	0		0
648123	HMS-tiltak i Tverrlia	5	200		200
648500	Avløp generelle investeringer	24	700		700
651003	Rehabilitering vassårnet	0	1 250		1 250
653211	Garderobe brann	125	2 000	400	2 400
662511	Solskjerming Julsundet skole og GBU	0	100		100
669000	Administrasjon utbyggingsavdeling	58	0		0
669014	Oppgradering av kommunale bustader	63	600		600
679107	Gangveg ved Aukratun	0	930		930
683018	Vegutbetring og veglys Hollingsætervegen	351	0	3 290	3 290
683019	Fiberutbygging	0	0	350	350
683021	Veglys Hogsnesvegen, Skarshaugvegen-Løvikvegen og Hellegota	3 171	2 600	1 360	3 960
689001	Lager vatn og avløp Nyland	70	0	1 590	1 590
Nytt	Ventilasjon Julsundet skole	0	0	120	120
Nytt	Bistand til utarbeiding av avløpsrammeplan for Aukra kommune	0	0	150	150
TOTALT		4 822	16 293	16 174	32 467

Einingane/avdelingane har gjort greier for ønska rebudsjettering slik:

Ventilasjon Julsundet skole ungdomsskole og småskole

Under utbygging av Julsundet skole vart ventilasjonsanlegget for den gamle delen av skolen påverka. Aukra kommune har hatt ein tvist med entreprenør om ansvarsforholdet, men får ikkje medhald i at dette er hovedentreprenør sitt ansvar. Dårlig inneklime i denne delen av skolen er no også meldt inn som avvik av verneombod ved Julsundet skole. Ei kalkyle for å utbetre ventilasjonen viser at det vert behov for eit løyve på om lag kr. 120.000,-.

Bistand til utarbeiding av avløpsrammeplan for Aukra kommune

Viser til Aukra kommune sin planstrategi der det er vedtatt å utarbeide ei ny avløpsrammeplan. Eininga hadde planlagt å løyse denne oppgåva med eigne ressursar, men ser no at dette har vi ikkje kapasitet til. Ber difor om at det vert løyvd 150.000 kroner til fagleg bistand til dette arbeidet.

620102 Energibrønner kulturhus og basseng

Oppdaterte kalkyler etter prosjektering av energibrønner og rør-føringar til kulturhuset og kommunehuset, viser eit behov for budsjettkorrigering på 1,6 millionar. Desse to prosjekta har eit løyve på tilsaman 3,55 millionar kroner. Nye oppdatert kalkyle for bygging av 10 fjellbrønner er på kroner 5,15 millionar. Dette er kalkyler før prosjektet har vore ute på anbod.

Må byggast samtidig med arealet mellom kulturhuset og helsesenteret. Ber om å framskynde budsjett frå 2021 til 2020 med 2 mill kr.

662550 Etterbruk Rothaugen

Detaljplanlegging og anbod i 2020. Bygging startar i 2021. Flyttar 1,5 mill. kr frå budsjett 2020 til 2021. Dette vert innarbeidd i neste års budsjett og økonomiplan.

625004 Koble kommunehuset til energisentralen

Må byggast samtidig med arealet mellom kulturhuset og helsesenteret. Ber om å framskynde budsjett frå 2022 til 2020 med 1,55 mill. kr. Dette vert innarbeidd i neste års budsjett og økonomiplan.

620101 Energibrønner og varmepumpe ved Furutun barnehage

Heile brønnparken vert bygd i 2020. Ber om å framskynde budsjett frå 2021 til 2020 med 1,13 mill. kr. Dette vert innarbeidd i neste års budsjett og økonomiplan.

Bevilgningsoversikt – investering

	Regnskap 2020 pr 30.04.2020	Budsjett etter korr. av tilrådte endringer 2020	Budsjett m/ending 2020	Oppr.budsj ett 2020
Investeringar i anleggsmidlar (Tala er i heile 1000)				
10 Sentrale styringsorgan	731	3 667	3 378	3 378
20 Gossen barne- og ungdomsskole	3			
21 Julsundet skole	112	225	225	225
22 Barnebo barnehage	8 309	62 260	60 000	60 000
23 Bergetippen barnehage				
25 Kultur	9 514	58 285	51 395	51 395
30 Institusjonstenester				
32 Heimetenester	0	500	500	500
40 Helse	131	300	300	300
50 NAV		0		
62/65 Teknikk, eigedom og brann	5 636	65 080	46 585	46 585
Investeringer i varige driftsmidler	24 970	190 317	162 383	162 383
Tilskudd til andres investeringer	0	0	0	0
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	1 000	1 000	1 000	1 000
Utlån av egne midler	0	4 000	4 000	4 000
Avdrag på lån	745	792	792	792
Sum investeringsutgifter	26 715	196 109	168 175	168 175
		0		
Kompensasjon for merverdiavgift	3 939	29 344	24 292	24 292
Tilskudd fra andre	0	0	0	0
Salg av varige driftsmidler	1 607	6 765	6 765	6 765
Salg av finansielle anleggsmidler	0	0	0	0
Utdeling fra selskaper	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	0	792	792	792
Bruk av lån	0	54 000	54 000	54 000
Sum investeringsinntekter	5 546	90 901	85 849	85 849
Videreutlån	0	10 000	0	0
Bruk av lån til videreutlån	0	-10 000	0	0
Avdrag på lån til videreutlån	0	1 900	0	0
Mottatte avdrag på videreutlån	0	-1 900	0	0
Netto utgifter videreutlån	0	0	0	0
		0		
Overføring fra drift	0	0	0	0
Netto avs. til eller bruk av bundne inv.fond	0	0	0	0
Netto avs. til eller bruk av ubundet inv.fond	0	105 208	82 326	82 326
Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0	0	0
Sum overføring fra drift og netto avsetninger	0	105 208	82 326	82 326
Fremført til inndekning i senere år(udekket beløp)	21 169	0	0	0

Administrative konsekvensar

Ingen

Folkehelsekonsekvensar

Ingen

Økonomiske konsekvensar

Kommunen sine frie inntekter er redusert med kr. 16,6 mill. samtidig som fordeling til drift blir auka med kr. 2,8 mill. Tidlegare i år er det i ulike politiske saker vedteke auke i fordeling til drift med kr. 14,2 mill. Samla fører dette til ein reduksjon av netto avsetning til disposisjonsfond med kr. 33,7 mill.

Netto driftsresultat er tilsvarande redusert med kr. 33,7 mill.

Disposisjonsfond og fond for vedlikehald vil etter dei tilrådde endringane få slik utvikling i planperioda:

	2019	2020	2021	2022	2023
Disposisjonsfond					
Beholdning 01.01. 2018	84 890 921	98 629 744	5 470 504	31 188 504	2 270 504
Bruk av fondet i driftsregnskapet	2 345 538				
Bruk av fondet i investeringsregnskapet	31 654 639	111 687 000	9 410 000	53 487 000	25 672 000
Avsetninger til fondet	57 739 000	18 527 760	35 128 000	24 569 000	16 454 000
Plassert i aksjer - usikkert om dette kan takast ut igjen i likvide midlar	10 000 000				
Beholdning 31.12	98 629 744	5 470 504	31 188 504	2 270 504	-6 947 496
Fond for framtidig vedlikehald av kommunale eigedomar					
Beholdning 01.01. 2018	0	7 000 000	7 000 000	14 000 000	21 000 000
Bruk av fondet i driftsregnskapet					
Bruk av fondet i investeringsregnskapet	0				
Avsetninger til fondet	7 000 000		7 000 000	7 000 000	7 000 001
Beholdning 31.12	7 000 000	7 000 000	14 000 000	21 000 000	28 000 001

Erna Lovise Varhaugvik/Økonomisjef

Ingrid Husøy Rimstad/Kommunedirektør

Særutskrift

Møre og Romsdal revisjon IKS
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Vedlegg



Saksframlegg

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
PS 22/20	Kontrollutvalet	16.06.2020

RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING AV AUKRA KOMMUNE SI VERKSEMD OG VERKSEMD I SELSKAP - SOM GRUNNLAG FOR PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2020-2023 – 2.DIALOGMØTE MED REVISJONEN

Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet tek revisjonen sin statusrapport til orientering og ber om at kontrollutvalet sine innspel blir teke med i det vidare arbeidet til den endelege rapporten som skal foreligge innan utgangen av juni 2020.

Rapporten dannar grunnlag for kontrollutvalssekretariatet sitt arbeid og forslag til plan for forvaltningsrevisjon 2020-2023 som vil bli lagt fram for kontrollutvalet til handsaming i møte 22.09.20 og med innstilling til kommunestyret for endeleg vedtak innan utgangen av 2020.

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalets oppgåver ved forvaltningsrevisjon følgjer av kommunelovas § 23-3 og Forskrift om kontrollutvalg og revisjon §§ 4 og 5.

Forskrift om kontrollutvalg og revisjon §§ 4 og 5:

Kontrollutvalet skal rapportere og legge fram gjennomførte forvaltningsrevisjonsrapportar og resultata av desse til kommunestyret. Kontrollutvalet skal påsjå at kommunestyret sitt vedtak om regnskapsrevisjonar, forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar blir følgt opp og skal rapportere til kommunestyret om vedtaket er følgt opp.

Kommunelova § 23-3:

Forvaltningsrevisjon inneber å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknadane ut frå kommunestyret sitt vedtak.

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide ei plan som syner på kva for områder det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonar. Plana skal baserast på ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap. Hensikta med risiko- og vesentlegvurderinga er å finne ut kvar det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Plana skal vedtakast av kommunestyret sjølv. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i plana.

Kontrollutvalet bestilte i møte 18.11.2019, sak PS 34/19 frå revisjonen ein risiko- og vesentlegvurdering av Aukra kommune si verksemd og verksemd i selskap som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2019-2023.

For at risiko- og vesentlegvurderinga skal vere eit godt verkty for kontrollutvalet i utarbeidinga av Plan for forvaltningsrevisjon, så vart det sett følgjande krav til utarbeidinga av analysen:

- Som grunnlag nyttar ein kommunale dokument, vedtak, tilgjengelege statistikkar og tilsynsrapportar. I tillegg vert det innhenta informasjon frå rådmann, tilsette, ordførar, politikarar, kontrollutvalet og sekretariatet.
- Det vert gjennomført to dialogmøter med kontrollutvalet.
- Det skal utarbeidast ein risikomatrise som identifiserer sannsynlegheit og konsekvens; Høg/uakseptabel risiko, middels risiko, lav/akseptabel risiko.
- Matrisen skal også angje graden av vesentligheit for det einskilde område/tema.
- Risiko- og vesentlegvurderinga skal leverast til kontrollutvalet v/sekretariatet seinast i løpet av 1.halvår 2020.
- Risiko- og vesentlegvurderinga skal gjennomførast innanfor ei ramme på 150 timar.

Kontrollutvalet handsama i møtet 18.02.2020 saken første gong. Det var ingen forvaltningsrevisor tilstades i møtet, men kontrollutvalet anbefalte at det rekneskapsrevisor rapporterte i møtet burde vere med vidare i arbeidet. Rekneskapsrevisor og forvaltningsrevisor bør difor utveksle denne informasjonen.

Kontrollutvalet gjekk inn på dei sektorovergripande områda som var skissert i møte 18.11.2019 frå forvaltningsrevisor. Vidare kontrollutvalets saker på oppfølgingslista og kommunedirektøren sitt svar til møtet. Dette var gode innspel i det vidare arbeidet.

Vidare har kontrollutvalssekretariatet på forespurnad frå forvaltningsrevisor hatt møte med forvaltningsrevisor den 24.02.2020 der kontrollutvalets handsaming av saka i møte 18.02.2020 vart gjennomgått.

VURDERING

Revisjonen vil i møtet 16.06.2020 komme med en presentasjon av det arbeidet som er gjort hittil og gjennomføre eit andre dialogmøte med kontrollutvalet. Revisjonen vil deretter avlegge sin rapport til kontrollutvalet innan juni 2020. Denne vil danne grunnlag for sekretariatets arbeid med forslag til plan for forvaltningsrevisjon som skal handsamast av kontrollutvalet og kommunestyret innan utgangen av 2020.

Sveinung Talberg
Rådgevar



Saksframlegg

Utvallssaksnr	Utval	Møtedato
PS 23/20	Kontrollutvalet	16.06.2020

RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING AV AUKRA KOMMUNE SINE EIGARSKAP - SOM GRUNNLAG FOR PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2020-2023 - 2.DIALOGMØTE MED REVISJONEN

Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet tek revisjonen sin statusrapport til orientering og ber om at kontrollutvalet sine innspel vert teke med i det vidare arbeidet til den endelege rapporten som skal foreligge innan utgangen av juni 2020.

Rapporten dannar grunnlag for kontrollutvalssekretariatet sitt arbeid og forslag til plan for eigarskapskontroll 2020-2023 som vil bli lagt fram for kontrollutvalet til handsaming i møte 22.09.20 og med innstilling til kommunestyret for endeleg vedtak innan utgangen av 2020.

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet sine oppgåver ved eigarskapskontroll følgjer av kommunelova § 23-4 og Forskrift om kontrollutvalg og revisjon §§ 4 og 5.

Forskrift om kontrollutvalg og revisjon §§ 4 og 5:

Kontrollutvalet skal rapportere og legge fram gjennomførte forvaltningsrevisjonsrapportar og resultata av desse til kommunestyret. Kontrollutvalet skal påsjå at kommunestyret sitt vedtak om rekneskapsrevisjonar, forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar blir følgt opp og skal rapportere til kommunestyret om vedtaket er følgt opp.

Kommunelova § 23-4

Eigarskapskontroll inneber å kontrollere om den som utøver kommunen sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og anerkjente prinsipp for eigarstyring.

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide ei plan som syner på kva for områder det skal gjennomførast eigarskapskontrollar. Plana skal baserast på ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen sine eigarskap. Hensikta med risiko- og vesentlegvurderinga er å finne ut kvar det er størst behov for eigarskapskontroll.

Plana skal vedtakast av kommunestyret sjølv. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i plana.

Kontrollutvalet bestilte i møte 18.11.2019, sak PS 35/19 frå revisjonen ein risiko- og vesentlegvurdering av Aukra kommune si verksemd og verksemd i selskap som grunnlag for plan for eigarskapskontroll for perioden 2019-2023.

For at risiko- og vesentlegvurderinga skal vere eit godt verkty for kontrollutvalet i utarbeidinga av Plan for eigarskapskontroll, så vart det sett følgjande krav til utarbeidinga av analysen:

- Som grunnlag nyttar ein kommunale dokument, vedtak, tilgjengelege statistikkar og tilsynsrapportar. I tillegg vert det innhenta informasjon frå rådmann, tilsette, ordførar, politikarar, kontrollutvalet og sekretariatet.
- Det vert gjennomført to dialogmøter med kontrollutvalet.
- Det skal utarbeidast ein risikomatrise som identifiserer sannsynlegheit og konsekvens; Høg/uakseptabel risiko, middels risiko, lav/akseptabel risiko.
- Matrisen skal også angje graden av vesentlegheit for det einskilde eigarskap.
- Risiko- og vesentlegvurderinga skal leverast til kontrollutvalet v/sekretariatet seinast i løpet av 1.halvår 2020.
- Risiko- og vesentlegvurderinga skal gjennomførast innanfor ei ramme på 50 timar.

Kontrollutvalet handsama i møtet 18.02.2020 saka første gong. Det var ingen forvaltningsrevisor tilstades i møtet.

Kontrollutvalet såg litt på dei eigarskap kommunen har og som var oppe i møtet 18.11.2019. Det kan vere aktuelt å sjå litt nærare på dei selskap som yt tenester til kommunen. Kontrollutvalet ønskjer at sekretariatet gjennomfører ein selskapsgjennomgang av RIR til neste møte i kontrollutvalet.

Vidare har kontrollutvalssekretariatet på forespurnad frå forvaltningsrevisor hatt møte med forvaltningsrevisor den 24.02.2020 der kontrollutvalets handsaming av saka i møte 18.02.2020 vart gjennomgått.

VURDERING

Revisjonen vil i møtet 16.06.2020 komme med en presentasjon av det arbeidet som er gjort hittil og gjennomføre eit andre dialogmøte med kontrollutvalet. Revisjonen vil deretter avlegge sin rapport til kontrollutvalet innan juni 2020. Denne vil danne grunnlag for sekretariatets arbeid med forslag til plan for eigarskapskontroll som skal handsamast av kontrollutvalet og kommunestyret innan utgangen av 2020.

Sveinung Talberg
Rådgjevar



AUKRA KOMMUNE
Kontrollutvalet

Saksmappe: 2020-1547/03
Arkiv: 033
Saksbehandlar: Sveinung Talberg
Dato: 09.06.2020

Saksframlegg

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
PS 24/20	Kontrollutvalet	16.06.2020

OPPFØLGINGSLISTE

Sekretariatet si tilråding

Følgjande sak vert ført opp på oppfølgingslista:

Følgjande sak får endra status på oppfølgingslista:.....

Følgjande sak vert avslutta på oppfølgingslista:

Saksopplysninger

Formålet med oppfølgingslista er å ha eit oppsett av saker og problemstillingar som medlemmene ønskjer nærmare utgreidd eller orientering om.

Kontrollutvalet vedtek sjølv endringar i lista. Dette innebær endring i status for den enkelte sak, det vil seie følgjande alternativ:

- Som nytt punkt
- Endringar i punkt (grunna orienteringar som er gjeve eller at saka vert handsama som ei ordinær sak i møte)
- Punktet går ut (saka vert ansett for avslutta frå kontrollutvalet si side)

Vedlagt følgjer:

- Ajournført oppfølgingsliste pr. 09.06.2020.
- Brev til kommunedirektør, 02.06.2020.

VURDERING

Dersom det er saker utvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan desse bli fremma i møtet for oppføring på oppfølgingslista.

Sveinung Talberg
Rådgjevar

Saker som er tatt opp:	Bakgrunn for saka:	Restanse:	Status:
------------------------	--------------------	-----------	---------

**KONTROLLUTVALET I
AUKRA KOMMUNE**

SAKSOPPFØLGING

(å jour pr.09.06.2020)

Saker som er tatt opp:	Bakgrunn for saka:	Restanse:	Status:
25.02.15 Oppfølging av politiske vedtak Ansv. Adm.	Kontrollutvalet ønsker å få framlagt oversikt over politiske vedtak som av ulike årsaker ikkje er vorte satt i verk innan rimeleg tid. Oversikta skal gjere greie for vedtak fatta av politiske utval med avgjerdsmynde. Hensikta med å få ei slik oppstilling er å sjå til at administrasjonen sett i verk og gjennomfører vedtak som er gjort. Kontrollutvalet har oppmoda om at ei slik oversikt vert lagt inn i tertialrapporteringa til kommunestyret, rådmannen har valt å ikkje følge opp denne oppmodinga.	18.02.20: Forvaltningsplan for leplanting på Gossen.	25.02.15: Sekretær vert beden om å skrive til rådmann og be om å få oversendt ei oversikt over politiske vedtak fatta i perioden 01.01.2010 – 31.12.2014 som av ulike årsaker ikkje er sett i verk. 23.04.15: Sekretæren har sendt brev til Aukra kommune 18.03.2015 og bedt om å få framlagt slik oversikt. Saka vil truleg komme opp i utvalet sitt neste møte. 11.06.15: Sekretæren har vore i dialog med politisk sekretariat i Aukra kommune vedr. arbeidet med å lage ei oversikt over politiske vedtak i perioden 2010 – 2014 som ikkje er sett i verk. Saka vil truleg komme opp i utvalet sitt første møte til hausten. 18.09.15: Oppfølging av politiske vedtak vart lagt fram som eigen sak i dagens møte, jfr. sak PS 30/15. 09.06.16: Kontrollutvalet ønsker å få framlagt ei slik oversikt i kontrollutvalet sitt møte i september 2016. 15.09.16: Kontrollutvalet fekk framlagt oversikt i dagens møte, jf. Sak 27/16. Utvalet oppmodar om at oversikt vert lagt inn i perioderapporteringa til K-styret. 03.05.17: KU fatta i 2016 vedtak om å oppmode til at oppfølginga vert lagt inn i perioderapporteringa til kommunestyret. Sekretariatet har mottatt lister over vedtaksoppfølging frå adm., og har spurt om det betyr at oppmodinga ikkje blir følgt. Dersom oppfølging av vedtak ikkje vert lagt i perioderapportering, så får utvalet framlagt oversiktene i eiga sak i neste møte. 14.06.17: Kontrollutvalet behandla oppfølginga i dagens møte, jf. sak 19/17. Utvalet ønsker i neste møte å få ei statusoppdatering på kvifor sakene ikkje er avslutta og kva som står att av arbeid knytt til dei sakene som ligg som restansar i 2016 og tidlegar. 27.09.17: Utvalsmedlemmene hadde før møtet fått ettersendt liste

Saker som er tatt opp:	Bakgrunn for saka:	Restanse:	Status:
			<p>med statusoppdatering på kvifor sakene ikkje er avslutta og kva som står att av arbeid knytt til dei sakene som ligg som restansar i 2016 og tidlegare. Det var ikkje tid til å gjennomgå listene i møte.</p> <p>20.11.17: Sekretær gjekk gjennom lista, som det ikkje var tid til å gjennomgå i førre møte. Utvalet har merka seg at rådmannen ikkje har følgd oppmodinga frå kontrollutvalet om å legge status for oppfølging av politiske vedtak inn i tertialrapporteringa til kommunestyret som fast post.</p> <p>15.02.18: Kontrollutvalet hadde til dagens møte, jf. sak 06/18, fått framlagt liste over politiske vedtak som ikkje er sett i verk. Det er 3 saker knytt til Drift og arealutvalet som er naturleg ikkje er avslutta. Sak om skogrydding knytt til vedtak i kommunestyret i 2013 er ikkje sett i verk. Rådmannen vil følge opp saka. Når det gjeld oversikt over oppfølging av vedtak i tertialrapporteringa, så opplyser rådmannen at ho ikkje vil følge oppmodinga om dette. Rådmannen vil sørge for at det vert lagt fram sak om vedtak som ikkje er følgd opp i same møte som tertialrapportane.</p> <p>15.03.18: Utvalet ønskjer i møte 3.5.18 svar frå rådmannen om korleis saka om skogrydding vert følgd opp. Det er også ønskeleg at skogbruksfagleg kompetanse er tilstades i møte for å orientere og svare på spørsmål.</p> <p>08.05.18: Utvalet fekk i møte utdelt oppdatert liste med status for vedtaksoppfølging. Utvalet ønskjer at det i merknadsfeltet vert gjeve konkret informasjon om status. Fagsjef plan, Kjell Lode, orienterte kontrollutvalet i dagens møte, jf. OS 04/18. Det blir no lagt fram sak for kommunestyret der det blir skissert vidare handtering av skogryddingssaka.</p> <p>10.12.18: Nestleiar Ole Rakvåg opplyste at det er lagt inn midlar til Forvaltningsplan skog i budsjettet.</p> <p>01.04.19: Staus for vedtaksoppfølging vart lagt fram i dagens møte, jf. RS 17/19. Kontrollutvalet stiller spørsmål om kva konsulenten skal gjere knytt til skogryddingssaka, samt kvifor klima, miljø og energiplanen ikkje er revidert i 2018 som opplyst.</p> <p>06.05.19: Gerd Nerbøvik orienterte utvalet om at det no er gjort</p>

Saker som er tatt opp:	Bakgrunn for saka:	Restanse:	Status:
			<p>avtale med Miljøfaglig Utredning AS på Tingvoll om å lage ein rapport som skal bestå av to delar; 1. Forvaltningsplan for Aukraskogen, 2. Gjennomgang av leplanting. Det vert arrangert møte med store grunneigarar og det skal inviterast til eit folkemøte rett over ferien. Arbeidet skal vere avslutta i løpet av august.</p> <p>25.09.19: Sekretær opplyste at «Forvaltningsplan for leplanting på Gossen» vart lagt ut på høyring etter at møtedokumenta var sendt ut, med høyringsfrist 11.10.19.</p> <p>18.11.19: Kontrollutvalet vil følgje opp vidare saka om «Forvaltningsplan for leplanting på Gossen» som vart lagt ut på høyring med høyringsfrist 11.10.19.</p> <p>07.01.20: Epost frå servicekontoret: Sender vedlagt liste over vedtak gjort i Aukra formannskap i 2019 som ikkje er iverksett pr. d.d. Alle andre politiske vedtak er no satt til iverksett.</p> <p>18.02.20: Kontrollutvalet vil følgje opp vidare saka om «Forvaltningsplan for leplanting på Gossen» som vart lagt ut på høyring med høyringsfrist 11.10.19 i sitt neste møte.</p> <p>12.05.20: Kontrollutvalet registrerer i referatsak 15/20 at kommunestyret i møte 04.03.2020 i sak 11/20 har handsama melding om ferdig planprosjekt forvaltning av leplantefelt på Gossen og oversiktsplan, forvaltning og drift av Aukraskogen. Kontrollutvalet ønskjer å følgje opp korleis kommunedirektøren følgjer opp pkt. 2 og 3 i kommunestyret sitt vedtak.</p>
<p>14.06.17 Arbeidsmiljøutvalet (AMU) Ansvar: Adm./sekr./</p>	<p>Kontrollutvalet har merka seg i Aukra kommune sin årsrapport for 2016 at AMU i 2016 ikkje hadde gjennomført møter. Etter arbeidsmiljølova skal kommunen ha eit slikt utval. Arbeidsmiljølova gjev reglar for kva type saker AMU skal behandle. På bakgrunn av dette ønskjer kontrollutvalet å følgje opp korleis arbeidet i</p>	<p>18.02.20: Om verneomboda kan, jf. arbeidsmiljølova, velje nye faste medlemar og varamedlemar frå arbeidstakersida slik det står i vedtaket i saka til AMU 18.09.19, sak PS 21/19.</p>	<p>14.06.17: Kontrollutvalet hadde til dagens møte bedt om orientring om korleis arbeidstakar og arbeidsgjevarsida ser på bruk av AMU og kvifor det ikkje var avvikla møter i AMU i 2016, jf. OS 16/17. Kontrollutvalet ønskjer å få ei oppdatering i neste møte der også representantar frå dei tilsette i AMU deltar.</p> <p>27.09.17: Ordførar, fung.rådmann, personalkonsulent og fire medlemmer frå AMU deltok i dagens møte, sjå OS 17/17. Utvalet ønskjer å fortsatt følgje med på AMU sitt arbeid og resultatet av arbeidsmiljøundersøkinga ved Aukraheimen.</p> <p>20.11.17: Kontrollutvalet ønskjer i neste møte ei orientering om resultatet frå arbeidsmiljøundersøkinga ved Aukraheimen.</p>

Saker som er tatt opp:	Bakgrunn for saka:	Restanse:	Status:
	arbeidsmiljøutvalet fungerer.		<p>15.02.18: Rådmannen ønskjer ikkje at møteinnkallingar og protokollar frå AMU sine møter vert publisert på kommunen si heimeside, men kontrollutvalet vil få tilsendt møteinnkallingar og protokollar.</p> <p>10.12.18:Kontrollutvalet ønskjer at det vert protokollert om dei som møter i AMU stiller frå arbeidsgjevar- eller arbeidstakarsida. Kontrollutvalet vil sende eit brev til AMU om deira oppfølging av arbeidet i AMU.</p> <p>01.04.19: Utvalet fekk framlagt protokoll frå møte i AMU 20.02.19. Protokollen viste at AMU behandla brevet som vart sendt frå kontrollutvalet. Vedtak: AMU tek dokumentet til vitande og vil jobbe for at fleire saker får meir konkrete vedtakspunkt.</p> <p>25.09.19: Utvalet fekk i dagens møte framlagt møteinnkalling AMU 11.06.19 (RS 24/19), protokoll frå AMU 11.06.19 (RS 25/19)og møteinnkalling til AMU 26.09.19 (RS 32/19).</p> <p>18.11.19: Utvalet fekk i dagens møte framlagt protokoll frå AMU 18.09.19 (RS 40/19). Det vart frå Wilhelm Andersen reist spørsmål til sak PS 21/19 om verneomboda kan, jf. arbeidsmiljølova, velje nye faste medlemmar og varamedlemmar frå arbeidstakarsida slik det står i vedtaket i saka til AMU.</p> <p>08.01.20: Epost frå kommunedirektør. Organisasjons- og personalsjef vil svare ut saka i møtet 18.02.20.</p> <p>18.02.20: Utvalet fekk i dagens møte framlagt inkalling og protokoll frå AMU i referatsak 12/20, 13/20 og 14/20. Kontrollutvalet vedtok i sak 02/20 at kontrollutvalet ikkje lenger ser behov for at utvalet handsamar sakene i AMU som referatsaker, men at utvalet sine medlemmer får tilsendt møtedokumenta i AMU når kommunen sender ut sine møtedokument.</p> <p>Kontrollutvalssekretariatet sender møtedokumenta til utvalet.</p> <p>12.05.20: Kontrollutvalet vedtok i sak 02/20 at kontrollutvalet ikkje lenger ser behov for at utvalet handsamar sakene i AMU som referatsaker, men at utvalet sine medlemmer får tilsendt møtedokumenta i AMU når kommunen sender ut sine møtedokument. Kontrollutvalssekretariatet sender møtedokumenta til utvalet. Dette gjeld møteinnkalling med saksframlegg og</p>

Saker som er tatt opp:	Bakgrunn for saka:	Restanse:	Status:
------------------------	--------------------	-----------	---------

			protokollane. Kontrollutvalet har fått oversendt protokoll frå AMU sitt møte 12.02.2020 den 06.05.2020.
<p>14.06.17 Barnevernstenester</p> <p>Ansvar: Adm./sekr</p>	<p>Barnevernstenesta er ei interkommunal teneste for Molde, Midsund, Aukra og Eide kommunar, med Molde kommune som vertskommune. Kontrollutvalet vart i møte 3.5.2017 gjort kjent med foreløpige KOSTRA-tal 2016, som viser at Aukra kommune har mange fristbrot. Det har også dei andre kommunane som er med i barnevernssamarbeidet. Sidan dette er 2016-tal, ønskjer kontrollutvalet ei oppdatering frå administrasjon om situasjonen når det gjeld barnevern. Tertialrapport 1. tertial 2017 viser at behov for fleire barnevernstiltak fører til ei auke i utgifter på 3 742 000.- frå 4 038 000.- til 7 780000.-, dvs. nesten 100 % auke.</p>	<p>18.02.20: Statusoppdatering frå barnevernsteneta.</p>	<p>14.06.17: Kontrollutvalet ønskjer i neste møte ei statusoppdatering når det gjeld fristbrot, info om bakgrunnen for den store kostnadsauken og status etter administrasjonen sitt avtalte møte med barnevernstenesta i Molde kommune.</p> <p>27.09.17: Utvalet fekk ei statusopp-datering frå leiar i Barnevernstjenesten for Molde, Midsund, Aukra og Eide, jf. OS 19/17.</p> <p>08.05.18: Rådmannen skal delta i årleg statusmøte med barnevernstenesta 1. juni. I møte vil ein m.a. ta opp KOSTRA-tala som viser at Aukra ligg dårlegare ann enn vertskommunen. Rådmannen vil gje tilbakemelding til utvalet etter statusmøte.</p> <p>14.06.18: Rådmannen gav utvalet tilbakemelding etter statusmøte med barnevernstenesta. Ho seier ho er trygg på at dei jobbar systematisk, og ser ikkje grunn til uro. Rådmannen vil følgje med på utviklinga. Ho er litt bekymra for den organisasjonsendringa som er venta (Eide ut/Vestnes inn), då slike endringar alltid medfører risiko.</p> <p>10.12.18: Kontrollutvalet fekk i dagens møte, jf. RS 34/18 framlagt Barnevernstenesta si rapportering for Aukra kommune 1. halvår 2018. Utvalet ønskjer at rådmannen undersøker, og gjev tilbakemelding til utvalet, om barnehagar og skular i Aukra kommune er fornøgd med den samhandlinga dei har med barnevernstenesta.</p> <p>25.02.19: Kommunalsjef drift, Jan Erik Hovdenak orienterte utvalet i dagens møte, jf. OS 01/19.</p> <p>01.04.19: Under temaet Utanforskap orienterte barnevernsskurator Kristin Heggdal og fagsjef Gunn Nakken frå Barneverntjenesten utvalet om kva som er utfordringane for aukra kommune på barnevernsområdet og det vart gjeve ei beskriving av utviklinga på barnevernsområdet i Aukra kommune, jf. OS 05/19.</p> <p>18.11.19: Kontrollutvalet er kjent med at tilsette i sentrale posisjonar i tenesta har slutta. Kontrollutvalet vil til neste møte be</p>

Saker som er tatt opp:	Bakgrunn for saka:	Restanse:	Status:
			<p>om ei orientering frå tenesta og rådmannen om status for tenesta. 08.01.20: Epost frå kommunedirektør. Einingsleiar barnevern vil svare ut saka i møtet 18.02.20. 18.02.20: Kontrollutvalet vart orientert om barnevernstenesta for Molde, Aukra og Vestnes i møtet frå einingsleiar. Sjå protokoll frå KU-møte 18.02.20, sak 09/20. 12.05.20: Inga statusendring.</p>
<p>15.02.18</p> <p>Omstillingsprosessen i omsorgstenestene i Aukra kommune</p> <p>Ansvar: Adm./sekr</p>	<p>Fylkeslegen hadde i 2016 tilsyn og avdekt følgjande; Avvik 1: Aukra kommune sikrar ikkje at tilsette har nødvendig kunnskap om pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 4A. Avvik 2: Aukra kommune sikrar ikkje at helsehjelp til pasientar i sjukeheim blir vurdert i tråd med reglane i pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 4A. Tidlegare forvaltningsrevisjonsrapport «Kvalitet i sykehjemstjenster i Aukra kommune» avdekte også utfordringar med å sikre tilstrekkeleg bemanning og kompetanse ved Aukraheimen. I 2017 har det vore uro knytt til ny arbeidstidsordning ved Aukraheimen og i 2018 skal det nye omsorgssenteret takast i bruk. Utvalet ynskjer difor å følgje utviklinga.</p>	<p>20.02.20: Vurdering om å gjennomføre eit verksemdsbesøk frå kontrollutvalet i neste møte.</p>	<p>15.02.18: Kontrollutvalet fekk orientering i dagens møte, jf. OS 01/18, knytt til arbeidsmiljøprosjektet ved Aukraheimen. 08.05.18: Rådmannen opplyser at nye turnusar er på plass. Ein har fått på plass AMU for Institusjonstenestene og verneombod, men ein manglar framleis hovudtillitsvald for sjukepleiarane. 14.06.18: Nestleiar hadde fått eit eksemplar av ei brosjyre «Aukra omsorgssenter», brosjyra vert arkivert i kontrollutvalet sitt arkiv. 02.10.18: Kontrollutvalet drøfta i dagens møte sak 31/18 Eventuelt, nokre spm. stilt av utvalsmedlem Wilhelm Andersen knytt til omsorgssenteret. Utvalet konkluderer med at utvalet forstår det slik at Administrasjonsutvalet følgjer opp situasjonen ved omsorgssenteret tett. Utvalet følgjer med på dette arbeidet. 18.11.19: Kontrollutvalet drøfta i møte 02.10.18 i sak 31/18 Eventuelt, nokre spm. stilt av utvalsmedlem Wilhelm Andersen knytt til omsorgssenteret. Utvalet konkluderer med at utvalet forstår det slik at Administrasjonsutvalet følgjer opp situasjonen ved omsorgssenteret tett. Utvalet følgjer med på dette arbeidet. Kontrollutvalet drøfta også i sak RS 40/19 ei tettare oppfølging av AMU samt at utvalet i 2020 vil vurdere eit versemndsbesøk hos Aukraheimen. 18.02.20: Ingen statusendring. Sjå protokoll frå KU-møte 18.02.20, sak 09/20. 12.05.20: Kontrollutvalet registrerer at Administrasjonsutvalet følgjer opp situasjonen ved omsorgssenteret tett. Utvalet følgjer med på dette arbeidet. Kontrollutvalet drøfta eit verksemdsbesøk hos Aukra omsorgssenter. Ein vurderer fortløpande anten eit verksemdsbesøk når restriksjonane i samband med Covid-19 tillet</p>

Saker som er tatt opp:	Bakgrunn for saka:	Restanse:	Status:
------------------------	--------------------	-----------	---------

			det, eller at ein tek inn verksemdsleiar med fleire til ei orientering i møte.
<p>15.02.18</p> <p>Informasjonssikkerheit</p> <p>Ansvar: Adm./sekr</p>	<p>Kontrollutvalet ønskjer å følge temaet informasjonssikkerheit vidare, då dette generelt vert opplevd som eit risikoområde med det fokus som er på digitalisering i kommunane. Kommunen har etter at forvaltningsrevisjonsprosjekt på området vart gjennomført i 2015 utarbeidd rutinar og retningslinjer, som kontrollutvalet ønskjer å følge opp at vert implementert i heile organisasjonen. Kommunane står og føre store utfordringar med innføring av ny personvernforordning (GDPR).</p>	<p>18.02.20: Kontrollutvalet ber kommunedirektøren, som ein del av prosjektet, legge fram ein plan for opplæring i GDPR for dei tilsette. Kontrollutvalet ber om ein statusrapport kva som står igjen av arbeid med anbefalingane.</p>	<p>15.02.18: Kontrollutvalet fekk i dagens møte orientering knytt til oppfølging av attståande arbeid med å implementere rutinar, inngåing av databrukaravtalar og avvikshandtering, jf. OS 02/18,</p> <p>08.05.18: Rådmannen opplyser at innføringa av GDPR er utsett til 01.07.2018.</p> <p>10.12.18: Kontrollutvalet ønskjer i først møte i 2019 å få ein statusrapport frå rådmannen knytt til implementering av nytt personvern regelverk.</p> <p>25.02.19: Administrasjonen bad om at orienteringa vert utsett til neste møte.</p> <p>01.04.19: Servicesjef Aaslaug Søreide orienterte utvalet jf. OS 06/19. Kontrollutvalet ber rådmannen, som ein del av prosjektet, legge fram ein plan for opplæring i GDPR for dei tilsette.</p> <p>18.11.19: Servicesjef Aaslaug Søreide orienterte utvalet i møte 01.04.19 sak OS 06/19. Kontrollutvalet ber rådmannen, som ein del av prosjektet, legge fram ein plan for opplæring i GDPR for dei tilsette. Kontrollutvalet ber om ein statusrapport til neste møte og kva som står igjen av arbeid med anbefalingane.</p> <p>08.01.20: Epost frå kommunedirektør. Servicesjef vil svare ut saka i møtet 18.02.20.</p> <p>18.02.20: Kontrollutvalet ber om ein statusrapport til neste møte og kva som står igjen av arbeid med anbefalingane. Sjå protokoll frå KU-møte 18.02.20, sak 09/20.</p> <p>12.05.20: Kontrollutvalet fekk ein statusrapport frå kommunedirektøren v/Aaslaug Søreide i møtet. Ein har eit prosjekt og program for implementering i regi av ROR-IKT. Det som i dag ikkje er på plass av rutiner og retningslinjer i Aukra kommune, vil kome på plass gjennom prosjektet. Anita Hoøy Rekkavik registrerer at internkontroll ikkje er på plass og spurte om når dette er venta på plass. Aaslaug Søreide svarta at prosjektet vil ta hand om dette, men generelt kan ein seie at små prosjekt vert køyrd i eigen kommune. Oddvar Hoksnes spurde om prosjektet er</p>

Saker som er tatt opp:	Bakgrunn for saka:	Restanse:	Status:
			<p>ajour i henhold til plan. Aaslaug Søreide svarte at ein ikkje er ajour i henhold til tidsplana som vart presentert kontrollutvalet i sist orientering.</p> <p>Presentasjonen er oversendt sekretariatet som i samråd med utvalet vil kome med eventuelle utdjupande spørsmål til eit seinare møte.</p> <p>02.06.20: Oppfølgingsspørsmål oversendt kommunedirektør.</p>
<p>10.12.18 Forvaltningsrevisjonsrapport «Offentlige anskaffelser i Aukra kommune»</p> <p>Ansv.:Adm./sekr.</p>	<p>Kontrollutvalet behandla i møte 15.3.2018 sak 10/18 Forvaltningsrevisjonsrapport «Offentlige anskaffelser i Aukra kommune». Kontrollutvalet innstilte til kommunestyret som behandla saka i møte 17.4.2018 i k-sak 29/18.</p> <p>Tilrådingane var knytt til følgjande områder:</p> <ul style="list-style-type: none"> -Tiltak for etterleving av regelverket -Anskaffingar etter regelverket -Bruk av rammeavtalar -Organisering av området <p>Kommunestyret bad rådmannen om å syte for at tilrådingane blir følgt og påsjå at arbeidet vert gjennomført.</p> <p>Kommunestyret bad rådmannen om å gje kontrollutvalet ein skriftleg plan for oppfølging av tilrådingane, slik at planen kan behandlast i kontrollutvalet sitt møte 14. juni 2018.</p>	<p>18.02.20: Kontrollutvalet ber om ein statusrapport kva som står igjen av arbeid med anbefalingane.</p>	<p>10.12.18: Utvalet ønskjer ein statusrapport frå arbeidet i første møte i 2019</p> <p>25.02.19: Økonomisjef Erna Varhaugvik gav utvalet ein statusrapport for arbeidet med oppfølging av tilrådingane, jf. OS 03/19. Utvalet ønskjer ei ny orientering i først møte hausten 2019.</p> <p>25.09.19: Økonomisjef Erna Varhaugvik gav utvalet ein statusrapport for arbeidet med oppfølging av tilrådingane, jf. OS 12/19.</p> <p>18.11.19: Kontrollutvalet ber om ein statusrapport til neste møte og kva som står igjen av arbeid med anbefalingane. Utvalet ønskjer ei orientering frå rådmannen i neste møte.</p> <p>08.01.20: Epost frå kommunedirektør. Økonomisjef vil svare ut saka i møtet 18.02.20.</p> <p>18.02.20: Kontrollutvalet vart orientert om status i oppfølging av anbefalingane i møtet frå økonomisjef. Ein kom inn på anbefalingane og kor langt kommunen er komen. Sjå protokoll frå KU-møte 18.02.20, sak 09/20.</p> <p>12.05.20: Kontrollutvalet har orientert kommunestyret i møte 07.05.20 om kontrollutvalet si handsaming i møte 18.02.20. I brev av 23.04.2020 til kommunestyret uttrykker kontrollutvalet bekymring for framdrifta med oppfølging av anbefalingane og ønskjer å underrette kommunestyret om dette. Kontrollutvalet følgjer saka vidare i høve oppfølging av anbefalingane.</p>
<p>18.02.20 Oppfølging av</p>	<p>Forvaltningsrevisjonsrapporten Brukermedvirkning pleie og</p>	<p>Det vart der fatta følgjande vedtak:</p>	<p>15.01.20: Sender kontrollutvalssekretariatet brev til kommunedirektøren der ein ba om attendemelding på oppfølging</p>

Saker som er tatt opp:	Bakgrunn for saka:	Restanse:	Status:
<p>forvaltningsrevisjonsrapporten «Brukermedvirkning i pleie og omsorg»</p>	<p>omsorg Aukra kommune, vart oversendt kontrollutvalet i Aukra datert 6.9.2019.</p> <p>Kontrollutvalet handsama rapporten i møte 25.09.2019, sak 23/19 og sendte si innstilling til vedtak til kommunestyret som handsama rapporten i møte 19.11.19, sak 83/19.</p>	<p>1. Aukra kommunestyre tar forvaltningsrevisjonsrapporten «Brukermedvirkning innen pleie og omsorg» til vitande og sluttar seg til følgjande tilrådingar frå kontrollutvalet:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kommunen skal ha meir fokus på brukarmedverking ut mot tenesteytarane. Dei tilsette skal bli minna om kvar dei skriftlege prosedyrane er lagra og kva som er kommunen sin strategi for korleis brukarmedverking skal gjennomførast under den daglege utføringa av tenesta. • Kommunen skal vurdere om det er meir dei kan gjere for at brukarar og brukarorganisasjonar skal bli gitt enda meir medbestemming, i saker som ser ut til å vere viktig for dei. • Aukra kommune skal etablere eit system for innhenting av pasientar og brukarar sine erfaringar og synspunkt. Det vil vere nyttig for kommunen å gjennomføre brukarundersøking i pleie- og omsorg jamleg, for eksempel annakvart år. • Aukra kommune skal sikre at erfaringar frå brukarar, som er innhenta på systemnivå gjennom brukarundersøkingar, blir brukt til etterarbeid som har som mål å vidareutvikle og forbetre tenesta. <p>2. Kommunestyret ber rådmannen om å syte for at tilrådingane blir følgt og på sjå at</p>	<p>av vedtaket i kommunestyret.</p> <p>07.02.20: Kommunedirektøren svarar på brevet frå kontrollutvalssekretariatet av 15.01.2020. Kommunen skisserer der ei plan for oppfølging og konkrete tiltak.</p> <p>18.02.20: I møtet gjorde einingsleiar institusjonstenester og einingsleiar heimetenester greie for plana og svara på spørsmål frå utvalet. Det kunne sjå ut til at ein la opp til lang tid før tiltak var planlagt sett i verk, men dette vart attendevist. Ein vil sette i verk tiltak allereie i 2020, men at evaluering av effektane først kan målast og vurderast lenger fram i tid. Det vart opplyst at tiltaka vert sett i verk ut frå lokale tilhøve og frå 01.12.2020. Det vart også opplyst at det vert eit statleg tilsyn på Aukraheimen i september 2020.</p> <p>Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunedirektøren til vitande og følgjer opp saka vidare ved å sette den på oppfølgingslista.</p> <p>12.05.20: _Kontrollutvalet syner til Oddbjørg Sporsheim sitt framlegg til forslag i saka Innspel frå pårørandeforeininga og føyer til tema og spørsmål i den saka til oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten. Kommunedirektøren orienterte om at ein er litt forseinka i høve plan for oppfølging grunna Covid-19. Ein er også kjent med at Fylkesmannen har sette varsla tilsyn på vent inntil vidare grunna Covid-19.</p> <p><u>Innspel frå pårørandeforeininga ved Aukra Omsorgssenter</u></p> <p>Utvalet har blitt kontakta av leiar i pårørandeforeininga med ynskje om å få orientere kontrollutvalet om saker som dei har tatt opp /arbeider med i foreininga.</p> <p>18.11.19: Leiar i pårørandeforeininga ved Aukra Omsorgssenter, Oddny Elin Ilestad orienterte utvalet i møte 06.05.19 jf. Sak OS 10/19. Kontrollutvalet vil følgje med på samarbeidet mellom pårørandeforeininga og administrasjonen. Kontrollutvalet stiller i dagens møte spørsmål ved om kommuneadministrasjonen møter på møter i pårørandeforeininga?</p> <p>Er det blitt sendt skriftlege henvendingar frå pårørandeforeininga til kommunen på saker?</p>

Saker som er tatt opp:

Bakgrunn for saka:

Restanse:

Status:

		<p>arbeidet vert gjennomført.</p> <p>3. Kommunestyret ber rådmannen om å gje kontrollutvalet ein skriftleg plan for oppfølging av tilrådingane, slik at planen kan behandlast i kontrollutvalet sitt første møte i 2020.</p> <p>4. Det vert gjennomført ny brukarundersøking i Aukra, første halvår i 2020, institusjonstenesta, butenesta og heimetenesta.</p> <p>5. Det vert gjennomført spørreundersøkelse blant pårørande for å verte kjent med deira tilfredsheit med institusjonstenesta, butenesta og heimetenesta i Aukra.</p>	<p>Har pårørandeforeininga sendt skriftlege klager til kommunen?</p>	
--	--	--	--	--

Aukra kommune
v/kommunedirektør

Dykkar referanse:

Vår referanse:
2020-177/STA

Arkivkode:
1547-030

Stad/dato
Molde, 02.06.2020

KONTROLLUTVALET I AUKRA SI OPPFØLGING AV ORIENTERING GJEVE 12.05.2020 OM INFORMASJONSSIKKERHEIT I AUKRA KOMMUNE

Kontrollutvalet i Aukra fekk i møte 12.05.20 frå kommunedirektøren v/servicesesjef, og som også er kommunen sin representant i og leiar for ROR-IKT si faggruppe for informasjonssikkerheit, ei oppdatering og vist ein presentasjon av status på saka om «Informasjonssikkerheit i Aukra kommune» som står på kontrollutvalet si oppfølgingsliste.

Ut får presentasjonen utvalet spelt inn nokre oppfølgingsspørsmål som ein ønskjer besvart til møtet 16.06.20.

1. Gjennomgåande så sa kommunedirektøren at ein del ikkje er på plass, men det vart ikkje sagt kva grep som det vert arbeidd med for å få dette på plass og implementert i organisasjonen.
-Er det ei tidsplan knytt til dei einskilde områda i presentasjonen for det arbeidet som skal gjerast?
2. Det med implementering i organisasjonen gjeld og for arbeidet med GDPR. Ein les på side 6 i presentasjonen at nøkkelpersonar skal ha utvida kunnskap.
-Men bør ikkje alle som handterer personalopplysningar ha gode kunnskapar om dette?
Rådmannen orienterte utvalet i møte 01.04.19, jf. OS 06/19. Kontrollutvalet ber rådmannen, som ein del av prosjektet, legge fram ein plan for opplæring i GDPR for dei tilsette.
-Kva grep vert det arbeidd med for å få dette på plass og implementert i organisasjonen?

Med helsing

Sveinung Talberg
Rådgjevar

Kopi: Kontrollutvalet sin leiar